
namn og nemne

Tidsskrift for
norsk
namnegransking

UTGJEVE AV NORSK NAMNELAG
REDAKTØRAR:
GUNNSTEIN AKSELBERG OG KRISTOFFER KRUKEN

ÅRGANG 25 – 2008

NORSK NAMNELAG, BERGEN

namn og nemne

Tidsskrift for
norsk
namnegransking

UTGJEVE AV NORSK NAMNELAG
REDAKTØRAR: GUNNSTEIN AKSELBERG OG KRISTOFFER KRUKEN

ÅRGANG 25 – 2008

NORSK NAMNELAG, BERGEN

Manuskript og bøker til melding:
Gunnstein Akselberg, Universitetet i Bergen,
LLE, Postboks 7805, N-5020 Bergen.

Abonnement gjennom Norsk namnelag,
UIB, LLE, Postboks 7805, N-5020 Bergen.

Årsabonnement for 2008 kr. 150,-

Bankkonto 6501.41.08704

Abonnementet gjeld til det blir sagt opp skriftleg.
«Namn og Nemne» vert utgjeve av Norsk namnelag.
Utgjeve i 2008.

Trykt med støtte frå Noregs forskingsråd.

© Den enkelte forfattaren

ISSN 0800-4684

Grafisk produksjon: Sats Montasje Design AS

Innhald

Oddvar Nes: Jørn Sandnes 1926–2007.....	7
Geirr Wiggen: Zoologisk nomenklatur og folketradisjonelle dyrenemningar. Ei påminning om etnozoologi som møtepunkt for natur- og kulturdanning med døme frå limnofaunaen og andre virvellause dyr..	11
Emmanuel Chabata: Personal Names and Naming Practices in Shona: A Reflection of a People's Changing Philosophy in Changing Times	49
Ole-Jørgen Johannessen: Fra Nordahl Griegs vei til Willy Valentinsens vei. Krigshelter og motstandsmenn som navnemotivasjon for norske vei- og gatenavn.....	69
Ola Stemshaug: Bilnamn nordafjells.....	93
Bokmeldingar.....	119
Andrea og Silvio Brendler (red.): Europäische Personennamesysteme. Ein Handbuch von Abasisch bis Zentralladinisch	119
Botolv Helleland (red.): Stedsnavn i Kjose.....	123
Tilsend litteratur	125
Medarbeidarar i årgang 25	127

Forkortingar

AB	= Aslak Bolts Jordebog ... udg. af P. A. Munch. Christiania 1852
ANF	= Arkiv för nordisk filologi
BK	= Björgynjar kálfskinn. Edidit ... P. A. Munch. Christiania MDCCCXLIII
da.	= dansk
DN	= Diplomatarium Norvegicum. I–. Christiania/Kristiania/Oslo 1847–
DS	= Danmarks Stednavne. I–. København 1922–
fi.	= finsk
frank.	= frankisk
gda.	= gammaldansk
geng.	= gammalengelsk
germ.	= germansk
gfr.	= gammalfransk
gfri.	= gammalfrisisk
ghty.	= gammalhøgtysk
gind.	= gammalindisk
gir.	= gammalirsk
glty.	= gammallågtysk
gno.	= gammalnorsk
gnord.	= gammalnordisk
got.	= gotisk
gprov.	= gammalprovençalsk
gr.	= gresk
gsv.	= gammalsvensk
gæl.	= gælisk
ie.	= indoeuropeisk
isl.	= islandsk
KLNM	= Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder. 1–22. Oslo 1956–78
lat.	= latin
lett.	= lettisk
mlty.	= mellomlågtysk
MM	= Maal og Minne
mnl.	= mellomnederlandsk
NE	= O. Rygh: Norske Elvenavne. Kristiania 1904
NG	= O. Rygh et al.: Norske Gaardnavne
nl.	= nederlandsk
NLR	= Norske lensrekneskapsbøker 1548–1567. I–VI. Oslo 1937–39
NN	= Namn og Nemne
no.	= norsk
NoB	= Namn och bygd
NPL	= K. Kruken og O. Stemshaug: Norsk personnamnleksikon. 2. utg. ved K. Kruken. Oslo 1995
NRJ	= Norske Regnskaber og Jordebøger fra det 16 ^{de} Aarhundrede. Udg. ... ved H. J. Huitfeldt-Kaas og O. A. Johnsen. I–V. Christiania/Oslo 1887–1966/83
NS	= O. T. Beito: Norske sæternamn. Oslo 1949
NSL	= J. Sandnes og O. Stemshaug (red.): Norsk stadnamnleksikon. 4. utg. Oslo 1997

OE	= Olav Engelbrektssøns jordebog. ... Udg. ... ved Chr. Brinchmann og Johan Agerholt. Oslo 1926
RB	= Biskop Eysteins Jordebog (Den røde Bog). Fortegnelse over det geistlige Gods i Oslo Bispedømme omkring Aar 1400. ... udg. ved H. J. Huitfeldt. Christiania 1879
SAS	= Studia anthroponymica Scandinavica
seinlat.	= seinlatin
st.	= stamme, stomm
TR	= Trondhjems Reformats 1589. Norske kyrkjelege jordebøker etter reformasjonen. 2.1–104. Utg. ... Anne-Marit Hamre. Oslo 1983
ØK	= Økonomisk kartverk

Uttale

Uttalen er attgjeven i fonemisk transkripsjon, mellom skråstrekar. IPA-symbol er nytta.

Forklaring av nokre symbol:

/l/	= tonem 1 (i nontonemiske målføre: hovudtrykk)
/ll/	= tonem 2
/./	= bitrykk

Jørn Sandnes 1926–2007

Av Oddvar Nes

Jørn Sandnes døyddde i Trondheim 12. april 2007. Føde- og oppvekstkommunen hans var Snåsa i Nord-Trøndelag, der han kom til verda 3. mai 1926. – Det er verdt å vite at heimegrendene til tre andre kjende inntrøndske namnegranskarar, Oluf Rygh (1833–99), Karl Rygh (1839–1915) og Nils Hallan (1926–97) ikkje ligg mange milene sør om Snåsa. (Sandnes har elles skrive fint om desse; om Rygh i 1999 og om Hallan her i *NV* 14 [1997].)

Sandnes studerte ved Universitetet i Oslo, der han tok historisk-filosofisk embetseksamen i 1953, med nordisk hovudfag og språkleg hovudfagsoppgåve: *Elve- og innsjønavnene i Snåsa*. Sidefaga var tysk og historie. Etter nokre år i heimbygda, der han m.a. var rektor for realskulen og dertil forfatta sogeverket *Snåsaboka* 1–2 (1956–60), drog han ut i verda som sendelektor i norsk ved universitetet i Kiel (1960–64). Der rådde den kjende nordisten, germanisten og namnegranskaren Hans Kuhn på det nordiske instituttet. I Kiel vart Sandnes kjend med Hans Krahes «alteuropäische Hydronymie» og Kuhns syn på denne teorien. Avhandlinga til Sandnes, *Elvenavnet Nið* (Trondheim 1963), den fyrste prenta orienteringa for norske lesarar som er om dette emnet, reflekterer dette. Eg las arbeidet med stor (og kritisk) interesse same året, med di min nye kjenning, den vidt orienterte anglisten Arnoldus Hille ved Universitetet i Bergen, gjorde meg merksam på det.

Etter Kiel vart Sandnes i 1965 høgskolelektor i historie ved Noregs lærarhøgskole, seinare universitetslektor ved det nyskipa Universitetet i Trondheim, og etter doktorgraden i 1971, med ei imponerande avhandling, *Ødegård og gjenreisning. Trøndske busetningshistorie til omkring 1600* (384 s., 1401 fotnotar!), vart han i 1975 utnemnd til professor i historie, serleg med omsyn til lokalhistorie. Av dei historiske arbeida til Sandnes utanom doktoravhandlinga, gjorde tidleg *Namdalens historie til omkring 1600* (1965) inntrykk på meg. Hans vidveimde produksjon utanom namnegranskingsomkvervet lét eg vere å nemne her (men: For interesserte viser eg til den ypparlege framstillinga til Ola Stems-haug – nær kollega til Sandnes – i *NoB* 95 [2007]).

Personleg møtte eg Jørn Sandnes fyrste gongen tidleg på 1970-talet, i samband med førebuinga av utarbeiding av eit norsk stadnamnleksikon (der eg elles møtte m.a. dei andre hovudmedarbeidarane, Ola Stemshaug og Kolbjørn Aune fyrste gongen). Sandnes kjende eg utanom Nið-artikkelen som forfattar av «Gårdsnavn på -staðir og -setr» (*MM* 1956), «Noen vassdragsnavn fra Snåsa og Sørli» (*MM* 1960), «Gno. *hqrgr* i gardsnavn» (*MM* 1964), «Stadnavn i Meldal» (*Meldal bygdebok* 1, 1968), «Fjellnamn frå Trøndelag» (*Namn i fjellet*, 1968), «Reitar. En navnegruppe som agrarhistorisk kilde» (*Heimen* 1968), «Óðinsalr i Trøndelag» (*MM* 1969), og «Om navn på kart» (*Heimen* 1971). Møtet med Sandnes (og medarbeidarane) gjorde meg fulltrygg: Her var seriøsitet, flegma, og eg fekk stor respekt for tiltaket og redaksjonen.

Norsk stadnamnleksikon kom ut i 1976. Men før det, i 1975, var det internasjonal namnegranskarkongress i Bern. Der var (utanom dei Sandnes minnest i den forvitnelege artikkelen «Femti års norsk stedsnavnforskning sett fra et subjektivt trøndersk ståsted» [*NN* 23, 2006]) Thor Frette, Botolv Helleland og Alv G. Nordal Muri til stades. Eg lyt vedgå at det mest presente minnet frå den kongressen er eit langdrøgt gatesjakkparti – om natta! – mellom Sandnes og Frette.

Innimellom hadde Sandnes levert gode avhandlingar som syner interessa hans for meir enn analyse av einskilde namn (sjå framanom). I *MM* 1973 gjeld det «Datering av navneklasser ved landskyld-metoden» og i *NoB* 63 (1975) er det «Navneleddet *aun*, av eldre *auðn*. Bidrag til en navnehistorisk studie». Det sistnemnde året kom òg det omtykte kapitlet «Fra gudehov til kirkested. Et kapittel av stedsnavnenes kulturhistorie» (i Botolv Hellelands *Norske stedsnavn/stadnamn*).

Og i åra vidare kom det jamt vektige og viktige artiklar – oftast utgjevne i *Namn och bygd* – som vitnar om det vide interessefeltet til Sandnes. Eg radar dei fleste opp her: «Navn og bygd i et sørøstnorsk grenselandskap. En studie over torp-gårder og øde-legging i Østfold» (*NoB* 65 [1977]), «Stadnamn og samfunn i eldre tid. Noen synspunkter på avgrensning, arbeidsoppgaver og problemstillinger for undersøkelser» (*NoB* 66 [1978]), «Gårdsnavn og bosetning i Jämtland i eldre tid» (*NoB* 70 [1982]), «Elvenavnet *Alma*» (*NoB* 78 [1990]), «*Saurhlið* eller *Saurhlið*. Et sentralt navn i det gamle Nidaros» (*NoB* 79 [1991]), «Norske sogne-navn i middelalderen» (*NN* 8 [1991]), «Gjevsjøen. Et sjønavn i språklig og historisk lys» (*NoB* 80 [1992]), «Elvenavnet *Gaula*» (*Heimen* 1995), «Navneleddet *tun* i norske gårdsnavn, et bidrag til den realhistoriske forståelsen» (i *Ortnamn i språk och samhälle*. Hyllningsskrift till Lars Hellberg [1996]), «*Uppsala*, *Björkøy* og *Rosenborg*. Oppkalling og mønsterstyrt navngiving i Skandinavia» (*NoB* 86 [1998]) og ein oppsummerande artikkel: «*Staðir*-forskning og *staðir*-navn i Norge» (*NoB* 88 [2000]). I fleire trøndeske lokalhistoriske årbøker gav han

øg ut interessante artiklar. – Den sterke interessa åt Sandnes for busetnadsnamn og busetnadssoge kjem godt fram berre ved å sjå på desse titlane. Og innhaldet i artiklane er støtt lærerikt.

Etter arbeidet med *Norsk stadnamnleksikon* kom eg i nær kontakt att med Jørn Sandnes då me begge vart oppnemnde hausten 1979 av Kyrkje- og undervisningsdepartementet til å vere med i eit utval – det sokalla Stadnamnutvalet – som m.a. fekk i oppgåve å kome med framlegg om ei lov om skrivemåten av stadnamn (sjå elles vidare i Sandnes-artikkelen [NN 23:19–21]). Utvalet la fram innstillinga si våren 1983, prenta som *NOU 1983: 6. Stadnamn*. Dei andre namnefaglege medlemene i utvalet (i alt 9 personar) var Botolv Helleland og Eyvind Fjeld Halvorsen. Det vart halde 11 møte, tidast i Oslo, men òg i Bergen, på Hønefoss og i Trondheim, og med eit ‘spesialmøte’ i tillegg; det vart halde over to dagar i Trondheim i mars 1981. Arbeidsgruppa her var Helleland, Nes, Sandnes og Peter Vold (frå NGO). Oppgåva var å semjast om eit utkast til utfyllande føresegner om skrivemåten av stadnamn, altso: Kva slags målføreformer kunne tolererast og handterast innom regelverket for ei lov om skrivemåten av stadnamn (jf. Sandnes i NN 23:20)? Sandnes tilhøyre «mangfoldsgruppa» (hans ord), og det gjorde eg òg. Helleland var meir atterhaldssam. Men langt seinare, då me alle tre vart med i namnekonsulenttenesta som kom i stand etter at Lov av 18. mai 1990 om stadnamn vart rettskraftig frå 1991, vart eg, ved møtet med den mangfaldige røynda, mindre viss på at ‘mangfaldet’ alltid var saliggjerande.

Ved dei årlege samkomene utover i 1990-åra for namnekonsulentane og kartverket vart det rikeleg tid å samtalast med Jørn Sandnes om både fag og anna. Best minnest eg naturleg nok den siste gongen, timesvis i baksetet på bussen frå Alta til Kautokeino i 1999 (siste året Sandnes var namnekonsulent).

Alle skal ‘ut or tida’ som sume seier, men eg hadde unnt Jørn Sandnes eit lengre livslaup. Det han likevel fekk gjort innom vår nisje i humaniora, gjer honom til ein av dei store og minneverdige i norsk stadnamngransking.

Zoologisk nomenklatur og folketradisjonelle dyrenemningar

*Ei påminning om etnozoologi som møtepunkt
for natur- og kulturutdanning med døme frå limnofaunaen
og andre virvellause dyr*

Av Geirr Wiggen

This article is a reappraisal of ethnozoological naming studies, addressing Norwegian scholars in particular. For the benefit of philologists it departs from a sketch of the normative international as well as national zoological nomenclatures, incl. their synchronic variation and diachronic development, before turning to the descriptive ethnozoological (and, even wider, -biological) traditions and their position in scholarly pursuits. General points are exemplified (ethno-)entomologically and (ethno-)herpetologically with an outset from a mid-1970s limnofaunic study of the lake Lønavatnet, Voss (Norway). Its Latin and Norwegian zoological nomenclatures are compared with later developments of their kind before focusing on the traditional namings of the animal groups in question as described in dialectological, lexicographical and ethnological publications/data bases. Finding ethnobiological naming studies more marginal in Norway than in Sweden throughout the 1900s and, at that, registering a further decline of interest in them in Norway towards the end of that century as zoologists strive to establish a national language nomenclature alongside the (Greek-) Latin one, the author forwards an argument in favour of renewed interest in the topic, not least for general as well as teacher educational purposes.

*Til Per Ivar Kvammen,
biolog, naturfagsdidaktikar og samfunnsbyggjar*

Med dette stykket ønskjer eg å setje etnozoologiske nemningsstudiar på dagsordenen for studentar og etablerte forskarar og lærarar i både nordistikk- og naturfaglege studiesamanhengar, ikkje minst med tanke på det fagdidaktiske potensialet eit slik fagsameinande tematisk møtepunkt kan ha. Stykket har to tilgangar, ein som har vore til tematisk inspirasjon, og ein som har vore eit fagleg utgangspunkt for forfattaren.

Inspirasjonen er Per Ivar Kvammen, som fortener fagnad for nærpå førte års ubroten og smittande entusiastisk naturfagsdidaktisk forskings- og utviklingsinnsats i spesiell zoologi, framfor alt ferskvassbiologi, og matematikkdidaktikk. Det har framfor alt kome norsk lærarutdanning og naturvern til gode, men også norsk skule gjennom dei hundre-, ja, tusentals lærarane han har utdanna og etterutdanna, og ved dei læremidla han har forfatta for ungdomsskulen. På det indre Austlandet har han dessutan utfalda eit enda vidare personleg og institusjonelt engasjement på kultur- så vel som naturfaglege område og med det etablert seg som ein allmenn samfunnsbyggjar, som ikkje minst Elverum skuldar han takk for. Med eit oppe og klart blick for mange samanhengar som det spesifikt naturfaglege står i, ikkje minst slikt det knyter seg kulturelt og sosialt forvaltningsansvar til, historisk og i samtida, har han greidd å inspirere tallause enkeltindivid og heile lokalsamfunn med sin kunnskap og si kunnskapsformidling. Slik har han også stimulert ein filolog og språkvitar som meg.

Det faglege utgangspunktet ligg i eit vidare faghistorisk studium av norske hovudfagsavhandlingar i nordisk språk- og litteraturvitskap 1906-2007, som skal munne ut i eit samla, kjeldekontrollert oversyn over alle dei 4230 avhandlingane som har vore leverte og godkjende sia hovudfagsordninga vart etablert i 1905, til ho vart erstatta med ei ny studieordning i 2003 med sommaren 2007 som siste høve til å levere slike avhandlingar (Wiggen u.a.), og som så langt har ført til separate publikasjonar om dei avhandlingane som gjeld dansk språk og litteratur (Wiggen 2005), omsetjing, fag- og fleispråklege emne (Wiggen 2007) og fagdidaktiske refleksar (Wiggen 2008). No er turen komen til onomastiske emne, som er dei mest stabile og mellom dei mest talrike i denne avhandlingshistorikken, og som først og fremst gjeld stadnamn, dernest personnamn. Berre tre gjeld dyrenemningar, alle knytt til ulike slag fuglar (Osaland 1969; Kruken 1983; Schjetne 1984). Det eg legg fram her, knyter seg tematisk til dei tre, men har for det første eit meir prinsipielt hovudpoeng og, for det andre, hentar døme frå mindre dyr enn fuglar, d.e. virvellause dyr (invertebratar/evertebratar), med utgangspunkt i ein tidleg studie som Per Ivar Kvammen har gjort av faunaen i lausbotnen (dynnet/mudderet) i Lønavatnet på Voss (Kvammen 1975), men

dernest med eit noe vidare utblikk til andre småkryp som folketradisjonen ber fram nemningar på.

Ei meir allmenn framstilling av namnegranskingstemaet i dei nordistikkfaglege hovudfagsavhandlingane kjem i ein annan artikkel.

Namn – nemning

Det er fleire prinsipielle poeng i denne samanhengen. Lat oss begynne med å rydde opp i ei terminologisk forvirring: I den systematiske naturvitskaplege nomenklaturlitteraturen blir språkleg og dialektalt varierende dyrenemningar ofte kalla *namn*, såleis òg i den nyaste katalogen over norsk ferskvassfauna (Aagaard og Dolmen 1996: 13): «Norske navn på ferskvannsdyr finnes for alle virveldyr, snegler, mosdyr, igler og en del andre arter.» Men til dømes no. *ffjærmugg* for lat. *chironomidae* er ikkje eit norsk namn for eit latinsk namn, men ei norsk *nemning* for ei tilsvarande latinsk. Nemningane er appellativ (i eldre skulegrammatikkterminologi like forvirrande kalla «felles-/samnamn»), namn er proprium (tilsvarande «eigen-/særnamn»). Jf. Helleland (1987: 24f.), som problematiserer det same. Hadde noen kalla ein bestemt mygg for t.d. *Per Ivar*, hadde det vore tale om eit namn. Når Terhi Ainiala (2006: 61) i ein artikkel om framtidssoppgåver for namnegranskinga nemner «namn på djur, tåg, båtar, produkter och företag» som ein restkategori namn (i namnegransningskategoriseringa heimfesta under «Övriga namn») som kjem i tillegg til stad- og personnamn, og som kan vise seg å koma opp som meir interessante for namnegranskinga frametter, er det altså ikkje språkleg eller dialektalt varierende nemningar for eitt og same fenomen det er tale om, som nordmørsk *påte* for *flått* eller vestlandsk *mygg* for *sviknott*, men individuelle namn som *Viggjar* på ein tråvarhest eller eit personifiserande *Helmer* på ein bil ein er glad i. Det temaet eg tar opp her, gjeld nemningar.

Om nemningsstudiar er noe som i språkvitskapleg samanheng høyrer heime under namnegransking eller dialektologi, kan i vår samanheng vera eitt feitt, enda dei tre fuglenemningsstudiane eg har nemnt ovafor, har vore kategoriserte under namnegransking. Og tidsskriftet for norsk namnegransking heiter *Namn og Nemne*, så det må ventas å inkludere stykke om nemningar og nemningsbruk, enda det har vore fint lite om det til no, berre ei påpeiking av nettopp det forholdet (Helleland 1987: 25) og ein artikkel om fuglenemningar (Antonesen 1990). Lingvistikkhistorisk knyter studiet av nemningar seg elles til forskingsgreina *Wörter und Sachen*, som oppstod ved førre hundreårsskiftet som ei spesialgrein av dialektologien (jf. Heidelberg-tidsskriftet med same namn 1909 –), og som fleire hovudfagsavhandlingar i norsk nordistikk har emne frå, særleg knytt til ulike slag handverk og anna fagvirke og resultat av det (bakste- og andre husflidsnemningar, slede- og båtbyggingstermar o.a.).

Naturvitskapleg nemningsskikk (nomenklatur)

Dei meir enn ein million artane i dyreriket på jorda er ordna taksonomisk i 34 *rekker*. Berre ei av dei, den trettifjerde, gjeld virveldyr, alle dei andre virvellause dyr. Innafor kvar av dei samlar dei seg hierarkisk i undergrupper slik:

Rekke

Underrekke

Overklasse

Klasse

Underklasse

Infraklasse

Divisjon

Underdivisjon

Overorden

Orden

Underorden

Infraorden

Overfamilie

Familie

Underfamilie

Slekt

Underslekt

Art

Underart/varietet/form

Denne taksonomiordenen gjeld internasjonalt. Den zoologiske nomenklaturen er dermed også primært slik at den skal vera skjøneleg og brukande for fagfolk overalt. For det føremålet trengs eit *lingua franca*, som er hovudsakleg latin-, men til ein viss grad også gresk-røtt. I den (gresk-)latinske nomenklaturen får kvar art i regelen ei todelt nemning (binomen), der både artsnemninga og slektsnemninga er oppgitt, slektsnemninga først, så artsnemninga. Dersom namnet på den zoologen som først har skildra ein art (autor), er kjent, er det – iallfall i taksonomiske tabellar, men ikkje alltid i løpande tekst – vanleg å oppgi etternamnet eller, om autor er allment kjend (t.d. Linné), etternamnsinitialen (L.) i parentes etter binomenet, gjerne også årstalet for førstegongsskildringa etter etternamnet/initialen. Desse autornamna blir i Norden skrivne eins etter reglar som er fastsette av Nordisk råd (Nordic Code Centre). Jf. Aagaard og Dolmen (1996: 13). Berre i dei tilfella der ein underart er utvitydig klarlagt, får underarten ei tredje latinsk nemning lagt til artsnemninga (Norsk entomologiske forening 1982: 1, spalte 1 og 2, spalte 1; jf. Aagaard og Dolmen *loc.cit.*). Ei slik tredje

nemning får gjerne markert rangen sin med ei rangsforkorting framfor seg: (*s*)*sp.* for underart, *var.* for varietet og *f.* for form. Eit latinbasert døme på denne internasjonale nomenklaturtypen kan vera tegearten *Ranatra linearis* (Linnaeus, 1790) av familien *Nepidae* (familienemningane ender alltid på lat. *-idae*) i ordenen *Heteroptera* i klassen *Insecta* i rekkja *Arthropoda*.

Sjå Ehnström & Holmer (2007: 13–16) for ei grundigare utgreiing om den naturlege klassifikasjonen som ligg til grunn for vår tids naturvitenskaplege taksonomi, og som dei formaliserte greske eller latinske klassifiseringsnemningane er meint å skulle klargjera. Han byggjer på den evolusjonære historia til og, dermed, slektskapsforholdet mellom organismane, til forskjell frå eldre klassifikasjonar som baserte seg på meir overflatiske likskapar og skilnader (t.d. Linnés botaniske seksualsystem). Sjå same staden om korleis artsavgrensingane i praksis likevel ofte blir gjort på morfologisk grunn, altså etter utsjånaden, og korleis samanføringa av fleire artar i grupper på høgre nivå i det taksonomiske hierarkiet (*taxa*, sg. *taxon*) er meir vilkårleg og avhengig av den einskilde taksonomens omdømme, ettersom omgrepa slekt, familie, orden osv. er mindre klart definerte storleikar, der berre eitt vilkår må vera til stades: reell naturleg slektskap. Utover det kan ulike biologar klassifisere artane i høgre *taxa* noe ulikt etter ulike pragmatiske omsyn. Synet på kva som er underart, varietet og form kan også variere mellom ulike forskarar. Også vår tids internasjonale taksonomi og gresk-latinske nomenklatur har altså rom for variasjon. Ehnström & Holmer (*op.cit.*: 16) gjer elles nærare greie for det språklege opphavet og bøyingsformene til den greske og latinske nomenklaturen.

Attåt den latinske nomenklaturen har mange land utvikla sekundære, nasjonalspråklege nomenklaturar, såleis òg Noreg og dei andre nordiske landa. Etter framlegg frå Norsk pedagogisk landslag sette Norsk zoologisk forening ned ein komité 18. april 1947 som fekk i oppgåve å samle, ordne og revidere norske dyrenemningar, som til da hadde vore ueinsarta i alle slags skule- og lærebøker og i faglitteraturen elles. Målsettinga var normativ: å utforme og gjera framlegg om ein einsarta nemningsbruk. Slike tilrådde nemningar for virveldyr (liste A) kom først ut i 1960, seinare i ny, revidert og ajourført utgåve i 1976 (Norsk zoologisk forening 1960, 1976). For insekt og edderkoppdyr kom ei tilsvarande tilråding ut første gong i 1968 (liste B), seinare i ny, revidert og utvida utgåve i 1982 (Norsk entomologisk forening 1968, 1982). Andreutgåvene følgjer retningslinjer som eit namnereglementsutval i Norsk zoologisk forening la fram i 1975, og som vart vedtatt i 1976. Det reglementet tilrår mellom anna at dei norske nemningane skal vera berre på bokmål (pkt. 5 i reglementet; Norsk entomologisk forening 1982: 1, spalte 2). Liste B er den som er aktuell i samanheng med døma eg tar opp i dette stykket, og det ligg til no ikkje føre ei 3. revidert utgåve av den lista (munnleg opplysning frå Reidar Mehl 7. februar 2008). Den

tegearten som er nytta som døme på latinske nemningar ovafor, heiter etter den norske nomenklaturen eg har skissert her, *stavtege* av familien *vannskorpioner* i ordenen *teger* i klassen *insekter* i rekkja *leddyr*.

Men ikkje alle artar har på kvart tidspunkt ei norsk nemning på denne måten, for fagmiljøa kan etter kvart som dei granskar og lærer meir, finne grunn til å skifte ut gamle nemningar med nye, dels ved at dei kjem fram til at ein art burde knytast til ei anna slekt enn ein meinte før, dels fordi ei ny nemning kan vera meir eintydig enn den gamle. I nøkkelbandet til *Store Norske Leksikon* finn ein såleis tegearten *Notonecta glauca* (Linnaeus, 1758) utan norsk nemning, ein art som er av familien *Notonectidae* (*ryggsvømmere*) i same orden, klasse og rekkje som stavtegen ovafor (Henriksen 1998: 31, spalte 3). Og når *edelkreps* blir nytta i dag om det som før heitte *ferskvannskreps*, er det fordi vi i dag veit om fleire, ja, svært mange krepseartar som lever i ferskvatn, så den gamle nemninga ikkje lenger er eintydig.

Det kjem elles løpande framlegg om norske namn på artsrike dyregrupper, t.d. insekt, som ikkje har hatt noen offisiell norsk nemning før, og noen av dei kjem trulig til å bli aksepterte i fagmiljøa etter kvart. Aagaard og Dolmen (1996: 13) skriv at det av ferskvassdyra fins norske nemningar i 1996 for alle virveldyr, sniglar, mosdyr, igler og ein del andre artar, som sitert ovafor. Dei legg til (*loc. cit.*) at det ikkje fins andre retningslinjer for nemningsbruken enn dei som er nemnde ovafor her, og at ein for andre virvellause dyr enn dei som er behandla i liste B (Norsk entomologisk forening 1982), altså dei aller fleste rekkjene av dei, berre må «følge den praksis som synes best og er mest akseptabel». Best og mest akseptabel for kven? Her er det opplagt rom for mykje vilkårleg, varierende og konkurrerende norsk nemningsbruk også i fagmiljøa, noe Reidar Mehl har gjort eit poeng av overfor meg i ei samtale 7. februar 2008. Alt i 1982 skriv han at den reviderte B-lista «må sannsynligvis, tross ønsket om stabilitet, også revideres og suppleres i fremtiden. Norsk Entomologisk Forening har sagt seg villig til å fortsette arbeidet med innsamling av norske navn og forberede en fremtidig revisjon» (Norsk entomologisk forening 1982: 3, spalte 2). Ein slik tredje revisjon ligg som sagt ikkje føre enno.

Folkeleg nemningstradisjon (etnozoologisk nomenklatur)

Når det i arbeidet i dei fagkomiteane som er nemnde ovafor, har vore tale om å samle inn, ordne og revidere norske dyrenemningar, er det den varierende nemningsbruken mellom fagfolk det har vore tale om, ikkje den folkelege nemningstradisjonen på ulike stader og til ulike tider. Det har vore utgangspunkt for eit normativt arbeid med tanke på ein klarare nemningspraksis i det vitenskaplege klassifiseringsarbeidet frametter.

Men også ein folkeleg nemningstradisjon fins og har funnes. Det er den som

særleg er emne for dei tre hovudfagsavhandlingane i nordisk målvitskap som eg har nemnt ovafor, og som gjeld bestemte fugleartar, og det er den eg gjerne vil halde fram her som meiningsfull å ha auge for, halde oppe kunnskapen om og utnytte fagdidaktisk. Å samle inn og ordne dét nemningsmangfaldet er eit deskriptivt arbeid med eit anna føremål enn det den naturvitskaplege nomenklaturen har, enda ein ikkje kan utelukke at noen av dei folkelege nemningane har potensiale til å vera karakteriserande for dei aktuelle dyra på måtar som gjer dei høvelege også som norske nemningar i den naturvitskaplege nomenklaturen. Hovudføremålet med å samle inn, hugse på og føre vidare den folkelege nemningstradisjonen er likevel å forstå dei aktuelle dyras kulturelle tyding. Dei nemningane reflekterer den plassen dei aktuelle dyra har hatt i livet til dei menneska som har sett og halde oppe lokale nemningar på dei, og dei fortel om røysler med og oppfatningar om kvar dei kjem ifrå, korleis dei lever i høve til andre dyr og til menneske, og om kva rolle dei har som merke og hjelperåder for slikt som er viktig i eit menneskeliv (lykke og ulykke, helse og sjukdom, god og dårleg jakt, fiske og fangst, utsæd og avling og mykje anna). Men både i slike tolkingssamanhengar og utover dei kan dei folkelege nemningane vise skarpt og systematisk syn og godt skjøn for fysiologiske karakteristika ved dei dyra dei gjeld, like ned til ørsmåe detaljar, og ved biotopiske vilkår for dyrelivet i seg sjølv. Reint allment kan vi rekne med at det i folkeleg tradisjon er nemningar for alle dei dyra menneska har sett og røynt i livssamanhengane sine, og at både livssyn/-tolking (ideologi) og rein naturiakttaking har gitt opphav til nemningane.

Slik folkeleg nemningstradisjon har vore og er stadig av marginal interesse i norske zoologiske fagsamanhengar. Det har vore einskildaktørar i visse zoologiske spesialfelt som har interessert seg for han, og i slikt dei har skrive, kan det finnas opplysningar om folkelege dyrenemningar. I det store og heile har det likevel ikkje, så vidt eg veit, vore noen vidare organisert studieinnsats eller framstilling av dei frå zoologisk side. Berre i Norsk ornitologisk forening har det, sist på 1900-talet, vore i arbeid ei etno-ornitologisk nemnd med fire medlemmer – Per K. Bjørklund, Roger Halvorsen, Ottar Magne Osaland (den første av dei tre som har skrive nordstikkfaglege avhandlingar om fuglenemningar; sjå ovafor) og Nils Rogn – og eit kontaktnett til kvart fylke. Frå Norsk ornitologisk forening har eg i januar 2008 likevel fått vita at den komiteen tykkjes å ha vore inaktiv lenge, at han ikkje har levert noe substansielt produkt om emnet sitt, og at fagtidsskriftet til Norsk ornitologisk forening, *Ornis Norvegica*, neppe ville vera interessert i å publisere artiklar om det emnet. Osaland fortel (telefonisk 23. februar 2008) at nemndarbeidet stansa opp ganske snart av økonomiske grunnar, men at nemndmedlemmene og lokale kontaktfolk sit på mykje innsamla kunnskap om folkelege fuglenemningar, og at ikkje lite er

skrive om etno-ornitologiske emne i lokale blad/tidsskrift og bøker. I Norsk entomologisk forening har det aldri funnes noen tilsvarende etno-entomologisk komité (munnleg opplysning frå formannen, Leif Aarvik, 8. februar 2008).

På norsk humanvitskapleg hald har det vore ei viss interesse for etnobiologi. I tillegg til dei tre nordistane som har skrive hovudfagsavhandlingar om fugle-nemningar (så ovafor), har t.d. målføregranskaren Birger Alfred Andersen vore særleg opptatt av folkelege fiskenemningar. Folkelege dyrenemningar finn vi også i ordbøker med tilfang frå dialektane, ikkje minst i Ivar Aasens og Hans Ross' store leksikografiske verk med same namn, *Norsk Ordbog* (1918 [1873] respektive 1971 [1895]). Ikkje minst etnologar har vore merksame på verdien av kunnskap om folkelege tradisjonar om dyr. Såleis har fleire spørjelister frå Norsk etnologisk gransking (NEG) omfatta spørsmål om dyr. Og i mange av dei i alt 158 bøkene (ved utgangen av 2007) i skriftserien frå Norsk folkeminnelag (NFL; sia 1920) er det opplysningar om dyr og dyrerelaterte tilhøve, inkludert lokale nemningar på dei dyra det gjeld. Tilfanget av folkelege dyrenemningar i alle desse kjeldene – den dialektologiske faglitteraturen, Aasens og Ross' ordbøker, NEG-spørjelistene og NFL-bøkene – ligg i dag saman med opplysningar frå ei rekkje andre, store og små kjelder i databasen for det nasjonale, vitskaplege ordboksverket for nynorsk og dei norske målføra, *Norsk Ordbok* (1966–2014).

Internasjonalt er etnobiologi eit meir etablert fagfelt, m.a. med ein internasjonal fagorganisasjon, *Society of Ethnobiology*, som i over 30 år har halde årlege konferansar som jamleg inkluderer språkvitskaplege tilskott, og med fagtids-skrift som *Journal of Ethnobiology* og *Journal of Ethnobiology and Ethnomedicine*. I det sistnemnde tidsskriftet sit m.a. ein svensk etnolog og etnolog, Ingvar Svanberg, i redaksjonsnemnda. Han er knytt til både Uppsala universitet og Södertörns högskola i Stockholm, og den vitskaplege produksjonen hans omfattar ikkje minst folketradisjonar om virvellause dyr av det etno-entomologiske og etno-herpetologiske slaget (d.e. om insekt respektive reptilar og amfibiedyr) som eg skal koma nærare inn på nedafor. Han definerer (Svanberg 2005: 12) etnobiologi som «en forskningsinriktning och vetenskap som undersöker vad jag brukar kalla de biokulturella domäner som uppstår i samspelet mellan människan och andra arter». Fokuset ligg mykje på korleis menneska «uppfattar, nyttjar och förvaltar de omgivande biologiska resurserna. För svenska förhållanden är det i första hand fråga om historiska omständigheter». Dei folkelege dyrenemningane har ein tydeleg plass i dei samanhengane. Det ser ut til at etnologiske studiar har og har hatt eit større rom i svensk nemnings- og namnegransking enn i norsk. Det gjeld ikkje minst etnobotanikk, som i Noreg har hatt ein profilert aktør i botanikkprofessoren Ove Arbo Høeg (1898–1993; jf. Høeg 1974, 1990; Manum 1995: 169), men der også svenske nordistar har vore aktive, t.d. med eit «växtnamnssymposium» ved Umeå universitet i 1988

og fleire avhandlingar, heilt opp til doktorgradsnivå, om slike emne (Fries 1990; Svahn 1991). Historikaren, etnologen og namnegranskaren Nils Hallan (1926–1997) har meint, etter det kollegaen Kristoffer Kruken har høyrte han seia fleire gonger (munnleg opplysning 11. februar og e-brev til meg 21. og 28. februar 2008), at det skuldas den sterke stillinga Carl von Linné har hatt og har i svensk vitskapshistorie.

I Noreg ligg det mykje upløygd mark i etnobiologiske, framfor alt etnozologiske, nemningsstudium. Lat oss som eit døme her ta utgangspunkt i nomenklaturen i Per Ivar Kvammens limnofauna-studie frå 1975.

Utgangspunkt: Nomenklaturen i Kvammens 1975-studie

Kvammens studie gjeld artsmangfaldet i lausbotnen av eit norsk ferskvatn, Lønavatnet på Voss, i første del av 1970-talet. Han har undersøkt dette botnlivet i både strandsona (littoralen) og på djupna (profundalen) og der vatnet strøymer respektive står relativt stille, og han merkar seg næringsstilskott frå menneskeleg aktivitet ved eller nær vatnet (jordbruk og industri) i tillegg til temperatur og oksygentilgang der sedimentprøvene er tatt. Den botnfaunaen han finn og skildrar i detalj, både kvantitativt og kvalitativt, har nok ei sjølvstendig interesse, men er likevel mest interessant som indikator for vasskvaliteten i samtid- og framtid, og dermed som kunnskapsgrunnlag for å vurdere vatnet som biotop i naturforvaltningssamheng. Det siste, overordna perspektivet knyter spesialisert naturkunnskap til ein sosial og politisk kontekst. Og samfunn og kultur er eitt, som arkeologen og etnografen/antropologen Gutorm Gjessing (1906–1979) formulerer det i tittelen på ei av bøkene sine (1977). Både typen av og føremålet med studien knyter naturkunnskapen til kulturmedvit og -refleksjon, så ei inndraging av etnozologiske nemningar og tradisjonar skulle ikkje vera tematisk framandt, iallfall ikkje i skule- og lærarutdanningssamheng, enda ein må rekne med at det siste i hovudsak vil måtte vera eit perspektivutvidande kulturhistorisk tilskott til den samtidsaktuelle naturfaglege analysen og evalueringa. Kvammens studieopplegg er reint naturvitskapleg, lell, og både feltarbeidet, den zoologiske analysen og den avsluttande biotop-evalueringa er slik ein finn det att i mange andre studiar i ettertid, t.d. hos Dolmen (1990, 1991, 1992) og Dolmen og Strand (1991). Alle dei dyra i botnprøvene som ein kan sjå med auget, altså utan mikroskop, blir opptalde og artsbestemte. Det er slike som ein i prinsippet kunne vente at også folk før i tida kunne sjå og ha nemningar på, om dyra var av interesse for dei.

Nedafor set eg opp ei liste over dei dyra Kvammen har funne i sin Lønavatn-studie, og som han nemner i 1975-avhandlinga med internasjonale og spreidde nasjonale fagnemningar. Eg skriv nemningane deira i den rekkjefølgja Kvammen sjølv nemner dei. Der han oppgir norske nemningar, gjer han det

etter først å ha oppgitt dei aktuelle internasjonale nemningane. Eg opplyser om kvar i avhandlinga han oppgir norske nemningar, med sidetalet i parentes rett etter.

Klasse: *Turburella*; no. *flimmermark* (36)

Phylum (= no. *rekkje*): *Nematoda* (med norske pluralendingar: -er/-ene)

Klasse: *Oligochaeta* (med norske pluralendingar: -er/-ene og samansetjingsledd: -art)

Fam.: *Lumbriculidae* (med norske pluralendingar: -er/-ene)

Stylodrilus heringianus (Claparède)

Lumbriculus variegatus (Müller); pl. lumbriculider/-ene

Fam.: *Tubificidae* (med norske pluralendingar: -er/-ene)

Klasse: *Hirudinea*

Helobdella stagnalis (L.); no. *toøyet bruskgigle* (44)

Klasse: *Gastropoda*

Lymnaea peregra (Müller); no. *en art ferskvanns-snegler* (48)

Klasse: *Bivalvia*; no. *muslinger* (49)

Fam.: *Sphaeriidae*

Pisidium casertanum (Poli)

Pisidium conventus Clessin

Pisidium lilljeborgii Clessin

Pisidium hibernicum Westerlund

Orden: *Acarina*; no.: *vannmidd* (61a)

Orden: *Ephemeroptera*; no.: *døgnfluer* (62)

Leptophlebia vespertina (L.)

Orden: *Coleoptera*; no.: *biller* (62)

Orden: *Trichoptera*; no.: *vårfluer* (62)

Orden: *Diptera*

Fam.: *Tipulidae* (i samansetjing: tibulidelarver; 63)

Fam.: *Chironomidae* (i samansetjing: chironomidelarver; 64f.)

U.fam.: *Chironominae*

u.slekt: *Dicrotendipes*

Slekt: *Cryptochironomus*

- u.slekt: *Harnischia*
Cryptochironomus vulneratus (Zett.)
artsgruppe: «*camptolabis*»
- Slekt: *Strictochironomus*
- Slekt: *Endochironomus/Phaenopsectra*
u.slekt: *Chironomus*
artsgruppe: «*plumosus*»
artsgruppe: «*thummi*»
- Slekt: *Polypedilum*
artsgruppe: «*convictum*»
- Slekt: *Microtendipes*
- Slekt: *Paratendipes*
- Slekt: *Tanytarsus*
u.slekt: *Paratanytarsus*
u.slekt: *Calopsectra*
u.slekt: *Cladotanytarsus*
u.slekt: *Micropsectra*
Rheotanytarsus photophilus Goetghebuer
Zavrelia nigriritulus Goetghebuer
- U.fam.: *Tanypodinae*
o.slekt: *Tanypodini*
o.slekt: *Pentaneurini*
- U.fam.: *Orthocladinae*
- U.fam.: *Diamesinae*
artsgruppe: *Protanypus morio* Zetterstedt
- Fam.: *Ceratopogonidae*

I tillegg nemner Kvammen restar av noen andre dyr:

- Cladocera*
- Eubosmina longispina*
- Daphnia longispina* (ephippier)
- Ostracoda*

Noen få dyregrupper som er funne, men som ikkje er analyserte kvantitativt i undersøkinga, blir òg nemnde:

- Spongilla lacustris* (L.); no.: *en art ferskvannssvamp* (31)
- Hydra* sp. (31)

planktoniske og bentiske krepsdyr (bentisk = som lever i/på botnen)
Astacus astacus L.; no. *en art ferskvannskreps* (31)

Utanom bruken av norsk bøyingsmorfologi til latinske nemningar på gruppe-nivå, som høyrer til konvensjonen både før og no, kan det ikkje anna enn slå lesaren av desse gruppe- og artsnemningane kor få norske nemningar som er med, berre elleve av i alt 62. Det må ein forstå i lys av den nemningstradisjonen Kvammen stod i før midten av 1970: På den eine sida hadde det ikkje vore vanleg å bruke norske nemningar i det heile tatt før. Før andre verdskrigen finn vi berre latinske nemningar (så nær som ei svensk gruppenemning i tittelen) tilmed i eit oversyn over norske vårfluger som er trykt i eit blad for amatørar (Forsslund 1936). Likeins nyttar Andreas Strand (1946) berre latinsk nomenklatur i ei 629 sider lang og elles norskspråkleg framstilling av nordnorske biller etter same krigen. Også dei relevante banda av det zoologiske storverket *Danmarks fauna*, som kom i reviderte utgåver nett da Kvammen heldt på med si avhandling (t.d. Hansen 1973a, b), bruker berre latinske nemningar, ingen danske utanom i titlane. På den andre sida skreiv Kvammen avhandlinga si før dei utvida andreutgåvene av den normerte norske nomenklaturen låg føre (sjå ovafor), der ei rekkje nye nemningar vart presenterte (Norsk entomologisk forening 1982: 1).

Det kan elles vera verdt å notere seg at også den latinske nomenklaturen er sterkt endra sia den gongen. I det nemnde storverket om Danmarks fauna hadde nok forfattern, Victor Hansen, justert klassifikasjonen og nomenklaturen noe i forhold til den daverande klassiske, som var skapt rundt 1900, men ikkje så han var fullt på høgd med det ein visste om slektskapsforholdet mellom dyra i samtida, og enda mindre med det ein veit i dag. Av billeartane, til dømes, er om lag ein firedel blitt reklassifisert og har måtta få nye arts- eller slektsnemningar eller begge delar (Hansen 1996: 7f.).

Jamføring med dagens norske/nordiske nomenklatur

I dag er den naturvitskaplege norske nomenklaturen enda meir utvikla. I tillegg til dei to andreutgåvene av listene med norsk nomenklatur har eg konsultert nærpå alle dei norsk- og nordiskspråklege referansane til dei relevante artiklane i *Limnofauna norvegica* (Aagaard og Dolmen 1996), 1998- resp. 1999-utgåva av to felthandbøker om dyreliv i vatn og vassdrag, der forfattarane av den eine skriv at «[d]e fleste dyregruppene i boka har norske navn, noe som bare et fåtall av de enkelte dyreartene har» (Økland og Økland 1998: 7; mi uth.; Raastad og Olsen 1999), likeins ei ganske ny universitetslærebok i biodiversitet (Mysterud 2004), det løpande oppdaterte skulenettet (*Miljolare.no*) og ulike andre kjelder for å få auge på aktuelle norske (og nordiske) nemningar i det zoologiske fagmil-

jøet. Lat oss sjå kva dei kan fortelje om norske nemningar som no kan leggas til dei latinske i Kvammens studie.

Nemningane *orm* og *makk* blir mykje brukt om kvarandre. *Flimmermark*, som Kvammen oppgir som norsk nemning for klassen *Turburella*, blir framleis kalla *flimmermark* (for lat. *Turbellaria*) av Raastad og Olsen (1999: 158) og i Folkehelseinstituttets nettoversyn over norsk og latinsk nomenklatur (2008), men *flimmerorm* av Økland (1961: 136) og Dolmen (1996b: 35f.). *Nematoda*, som Kvammen ikkje oppgir noen norsk nemning for, blir kalla *rundmark* i ei eldre kjelde (Berland 1958: 1), der ein elles finn både *barnemark* og *spolorm* som døme på artar i den gruppa (*op.cit.*: 2), men dels *rundmark* (Raastad og Olsen 1999: 171), dels *rundorm* (Daverdin og Dolmen 1996: 47f.; Prejs og Halvorsen 1996: 50f.; Folkehelseinstituttet 2008) i nyare kjelder. Støen (1982: 70) gjer eit poeng av at rundormar på planter tidlegare vart kalla *ål*, t.d. *bygg-ål*, i norske målføre, men at *nematoder* er blitt vanleg i faglitteraturen, slik Kvammen skriv. Støp-Bowitz (1982a: 76ff.) nemner likevel ei rekkje norske namn på ormar som lever i vatn: *fjæremark*, *sjøløvetann*, *boremark*, *poseorm*, *sandborer*, *spiralorm*, *snirkelorm*, *trompetorm*, *grønn sjønymfe*, *sjømeitemark*, *stråorm*, *skjellsamler*, *gullmus*, *kølleorm*, *pølseorm* (generelt), *knakkpølseorm*, *påfugl-sabella*, *tønnebærer*, *tarenymfe*, *vanlig skjellrygg* og *korallorm*. Dolmen (1991: 16) har også registrert *blokkmark*, som ikkje er nemnd i Norsk entomologisk forening (1982). *Oligochaeta*, som Kvammen heller ikkje har noen norsk nemning for, har no. *børsteormer* hos Økland (1961: 136), men *fåbørstemark* som norsk klassenemning (av rekkja *annelida*, no. *leddormer*) både hos Dolmen (1991: *passim*), Sloreid og Bremnes (1996), Økland og Økland (1998: 79), Raastad og Olsen (1999: 167) og i Folkehelseinstituttets nomenklatur (2008). Eit eldre, mykje brukt dansk læreverk har da. *regnorme* (Wesenberg-Lund 1937: I: 320f.). I allmenn språkbruk er da. *regnorm* det same som no. *meitemakk*, men i den norske fagnomenklaturen oppgir Folkehelseinstituttet (2008), liksom Raastad og Olsen (1999: 171), *meitemark* som norsk familienemning for lat. *Lumbricidae*. Lat. *Lumbriculidae* blir brukt med eller utan dansk/norsk bøyingsmorfologi hos Wesenberg-Lund (t.d. *op.cit.*: 343), Dolmen (1991) og Bremnes og Sloreid (1994: 8f.) liksom hos Kvammen. Det same gjeld familienemninga *Tubificidae*, så òg hos Økland (1961:136) og Bremnes og Sloreid (1994: 10f.), men artsnemningane *Stylodrilus heringianus* (Claparède) og *Lumbriculus variegatus* (Müller) står utan norske nemningar eller norskspråklege bøyingsformer i dei kjeldene eg har konsultert, enda dei to artane er dei vanlegaste og mest utbreidde av *Lumbriculidae* i Norden (Bremnes og Sloreid 1994: 9).

Så langt om makkar og orm i Kvammen-studien. *Hirudinea* har den norske klassenemninga *igler*, og det fins mange norske igleart-nemningar (Økland 1961: 136f.; Støp-Bowitz 1982c; Dolmen 1991, 1996c: 80f.; Agaard og Dolmen

1996: 13; Folkehelseinstituttet 2008). Den eine arten Kvammen nemner spesielt, er ein av dei igleartane som er aller vanlegast i norske vatn: *Helobdella stagnalis* (L.), som han kallar *toøyet bruskgigle* på norsk. Det gjer Økland (1961: 131, 137) og Raasted og Olsen (1999: 163) òg, medan Dolmen (1996c: 80f.) og Økland og Økland (1998: 81) har *toøyet flatigle* som norsk nemning. Wesenberg-Lund (1937: I: 376), derimot, som ikkje oppgir noen dansk nemning for *Helobdella stagnalis* (L.), skriv at den arten er (vel å merke den gongen) identisk med *Clepsine bioculata*, som høyrer til familien *Clepsinidae* = *Glossiphoniidae*, som har den danske så vel som norske gruppenemninga *Bruskgigler* (op.cit.: 372; Raastad og Olsen 1999: 161). Støp-Bowitz (1982c) jamstiller dei to iglenemningane: «flatiglene eller bruskgiglene».

Gastropoda er ikkje særskilt omtala i *Limnofauna norvegica* (Aagaard og Dolmen 1996). Den norske nemninga er *snegler* (Dolmen 1991). Ferskvass-sniglane har norske nemningar i dag (Aagaard og Dolmen 1996: 13), og mange hadde det alt før Kvammen skreiv avhandlinga si (Økland 1961: 126). Om den eine arten Kvammen omtalar særskilt, *Lymnaea peregra* (Müller), seier han berre at det er ein art ferskvass-sniglar. I dag har han den meir spesifikke artsnemninga *vanlig damsnegl* (Økland 1982: 134; Økland og Økland 1998: 106; Raastad og Olsen 1999: 150; Aagaard og Bækken 2002: 37; Saltveit og Bremnes 2004: 39).

Klassen *Bivalvia* oppgir Kvammen den norske nemninga *muslinger* for. Raastad og Olsen (1999: 139) skriv *ferskvannsmuslinger*. Også mange muslingartar hadde fått norske nemningar da Kvammen skreiv avhandlinga si (Økland 1961: 133f.). Dei er ikkje omtala særskilt i *Limnofauna norvegica* (Aagaard og Dolmen 1996). Eg har ikkje funne noen norsk nemning for familien *Sphaeriidae*, men Wesenberg-Lund (1937: II: 681) oppgir *bønnemuslingerne* som dansk. Den internasjonale nomenklaturkommisjonen strauk for øvrig familienemninga *Sphaeriidae* (og slektsnemninga *Sphaerius*) frå klassen *Bivalvia* i 1985 (Hansen 1996: 25, 220). Økland og Økland (1998: 125) oppgir likevel *kulemuslinger* som norsk nemning for *Sphaerium* spp. Dei fire muslingartane Kvammen spesifiserer, *Pisidium casertanum* (Poli), *Pisidium conventus* Clessin, *Pisidium lilljeborgii* Clessin og *Pisidium hibernicum* Westerlund, har eg heller ikkje funne norske nemningar for, heller ikkje danske eller svenske. Men Økland og Økland (1998: 125), Raastad og Olsen (1999: 139) og skulenettet (*miljolare.no*) oppgir no. *ertemusling* for pisidiumgruppa generelt (*pisidium* sp(p)).

Vannmidd skriv Kvammen om under ordenen *Acarina*: «Vannmiddene er ikke bestemt til slekt eller art» (Kvammen 1975: 61a). I 1982 knyter Norsk entomologisk forening (1982: 29) no. *midd* til underklassen *Acari* (Mehl 1996a: 118), og norske nemningar er oppgitt same stad frå familie-nivået og oppover i det taksonomiske hierarkiet. På dei nivåa har middane mange norske nemningar,

enda «[n]orsk middfauna er dårlig undersøkt», i 1982 med berre ca. 810 artar av eit estimert totaltal på bortimot 4000 (Mehl 1982: 174). Norsk entomologisk forening (1982: 29–31) oppgir 79 norske nemningar. Det Kvammen kallar *vannmidd*, knyter Mehl (1996a: 118.; jf. *ibid.* 1979), liksom Økland og Økland (1998: 125) og Raastad og Olsen (1999: 119), til lat. *Hydracarina*, som i Norsk entomologisk forening (1982: 30) er gruppenemning for sju overfamiljar.

Kvammen har *døgnfluer* som norsk nemning for ordenen *Ephemeroptera*. Det har Dolmen (1991) òg, Brittain, Nøst og Arnekleiv (1996) likeins. Ingen av dei har norske nemningar på lågare taksonomiske nivå, heller ikkje Arnekleiv (1994). Men den arten Kvammen omtalar særskilt, *Leptophlebia vespertina* (L.), har fått nemninga *liten spissgjelledøgnflue* av Johansen og Lunde (1993: 20), likeins hos Raastad og Olsen (1999: 52), som elles oppgir norske nemningar på eit tjuetals artar/artsgrupper av døgnflugene (*op.cit.*: 52–59). Norsk entomologisk forening (1982) har ingen norsk nemning på *Leptophlebia vespertina* (L.).

Kvammen oppgir *biller* som norsk nemning på ordenen *Coleoptera*. Det er også den danske nemninga, medan den svenske er *skalbaggar*. Det er den største av alle insektsordnane (Mysterud 2004), men Kvammen finn ikkje grunn i studien sin til å gå vidare inn på ulike billegrupper. Den tidlegare ein-sidig latinske nomenklaturen for nordnorske biller (Strand 1946) har eg nemnt ovafor. Andersen (1982a, b) opplyser om fleire norske nemningar, både for land- og vassbiller, og Dolmen og Strand (1991) har funne *vannkalver* (*Dytiscidae*), «*vanntråkkere*» (*Haliplidae*), *virvlere* (*Gyrinidae*) og *vannkjær* (*Hydrophilidae*) i sin damstudie seksten år etter Kvammens. No. *vanntråkkere* var tydelegvis (jf. hermeteiknet) berre eit nemningsframlegg i 1991, og Dolmen skriv *haliplider* i ein annan rapport året etter, men har interessant nok dei norske nemningsformene *vasskalver* og *vasskjær* der (Dolmen 1992: 34). Ødegaard, Hanssen og Dolmen (1996) oppgir norske nemningar og framlegg til norske nemningar (i hermeteikn) berre på ordens- og familienivå. I den sist oppdaterte katalogen over biller i Danmark (Hansen 1996) har berre eit fåtal (25 av 120) overfamiljar og familiar danske nemningar i parentes etter dei latinske, men berre i innholdslista, ikkje i det heile i sjølve katalogen. Raastad og Olsen (1999: 98–118) oppgir derimot fleire med norske nemningar.

Vårfluer er den norske nemninga for ordenen *Trichoptera*, som Kvammen nemner, og som framleis gjeld. Dei fleste artane er av familien *Limnephilidae*, og dei fleste larvene er botndyr. Forsslund (1936) har berre latinsk nomenklatur, som nemnt ovafor. Nærpå femti år etter har heller ikkje Lillehammer (1982) norske artsnemningar å opplyse om. Solem og Andersen (1996) har stadig ingen norske nemningar under ordensnivå, Raastad og Olsen (1999: 19, 22) derimot to (*stor spiralvårflue* og *skjoldvårflue*). Kvammen undergrupperer ikkje denne dyreordenen, som har 191 kjende artar i Noreg (*op.cit.*: 11).

Ordenen *Diptera*, derimot, er den Kvammen har funne flest ulike dyr frå. Han bruker ikkje den norske ordensnemninga *tovinger* (Willasen 1988: 4; Schnell og Aagaard 1996: 218ff.), og han skriv *tipulidelarver* om larver av familien *Tipulidae* = no. *stankelbein* (Hofsvang 1996; Økland og Økland 1998: 125; Raastad og Olsen 1999: 74; Mysterud 2004). Larvene av familien *Chironomidae* kallar han òg *chiromidelarver*, liksom han skriv *chirodomider* om det utvikla insektet. Den norske nemninga er *fjærmygg*, i dansk nomenklatur *dansemygg* (Økland 1961: 139; Willasen 1988: 4; Schnell og Aagaard 1996: *passim*; Økland og Økland 1998: 125; Raastad og Olsen 1999: 78). Fjærmyggen syg ikkje blod, legg i regelen egg sine i vatn og lever av rotnande planterestar på botnen der (Sømme 1982: 382). Dei 28 underfamiliane, slektene, underslektene og artsgruppene Kvammen spesifiserer av fjærmyggane, har ikkje fått norske nemningar hos Norsk entomologisk forening (1982: 17) heller, men Raastad og Olsen (1999: 79) har éi: artsgruppa *grønn fjærmygg* (*Chironomus plumosus*). Dei reknar med over 500 artar i Noreg (*op.cit.*: 78). No. *dansefluer* høyrer elles til ein heilt annan tovengefamilie, *Empididae*, og er – i motsetnad til fjærmyggane – rovdyr (Sømme 1982: 383; Raastad og Olsen 1999: 73). – Familien *Ceratopogonidae* av den same *tovenge*-ordenen har fått den norske nemninga *sviknott* (Mehl 1996b). Raastad (1982: 398f.) og Raastad og Olsen (1999: 87) oppgir *bitemygg* som ei alternativ nemning, mens Norsk entomologisk forening (1982: 17) skriv *bitemygg* som norsk familienemning og *sviknott* som artsgruppenemning (*Culicoides* spp.), slik Raastad og Olsen (*loc.cit.*) også gjer. Mehl opplyser elles at det særleg er på Vestlandet at sviknotten blir kalla (-)mygg (munnleg opplysning 7. februar 2008). Svikotten er dårleg undersøkt i Noreg enno. Raastad (1982: 398f.) reknar med 30–40 artar av denne tovengefamilien her til lands, i heile verda meir enn 600.

Norske insekttabeller (1982–2005), som er Bibsys-registrert med 21 ulike publikasjonar ved starten av 2008, har ein del norske insektnemningar, men ikkje svært mange. Dei latinske dominerer framleis.

Dei fire dyra Kvammen har funne restar av, har han spesifisert berre med latinske nemningar. Av dei blir *vannlopper* nytta som norsk nemning for underordenen *Cladocera* no (Walseng og Halvorsen 1996a; Raastad og Olsen 1999: 130; *Miljolare.no*). Undergruppa *Eubosmina longispina* av familien *Bosminidae* av same underordenen har eg ikkje funne noen norsk nemning for, men den latinske førstelekken er no erstatta av *Bosmina* (Aliberti *et al.* 2007). Undergruppa *Daphnia longispina* av familien *Daphnidae* av same underordenen, som Kvammen har funne det han kallar *ephippier* av (= da. *Hvileæg* (Petersen 1999); sv. *Viloägg* (*Vinter i sjön*)), har eg funne ei norsk nemning for berre hos Raastad og Olsen (1999: 131), som bruker den same som den danske (jf. Pettersen 1999): *langtornet dafnie*. *Daphnia* = no. *vannlopper* (Økland og Økland 1998: 83; 2004:

231; Mysterud 2004). *Ostracoda* har fått den norske nemninga *muslingkreps* (Langeland 1996; Raastad og Olsen 1999: 138; Mysterud 2004).

Av dei dyra Kvammen har funne i Lønnavatnet, men ikkje analysert kvantitativt, oppgir han sjølv *ferskvannssvamp* som norsk nemning for *Spongilla lacustris* (L.), «den i Europa almindeligst forekommende Art» (Wesenberg-Lund 1937: I: 27), av familien *Spongillidae* i rekkja *Porifera* (no. *svamper*; Økland og Økland 1996a: 29; 1996b). Raastad og Olsen (1999: 183) oppgir *ferskvannssvamper* som norsk nemning for heile rekkja. Ifølgje Christiansen (1982: 31) er det familienemninga *Spongillidae* som har *ferskvannssvamper* som norsk motstykke. *Spongilla lacustris* (L.) er ein av ganske få artar av ferskvass-svampar i Noreg. Økland og Økland (1998: 75) kallar den arten *vanlig ferskvannssvamp*, men Christiansen (*loc.cit.*) oppgir inga norsk nemning på han, heller ikkje Raastad og Olsen (1999: 183). Christiansen (*op.cit.*) grupperer elles svampane i tre hovudgrupper med norske nemningar: *kalksvamper*, *glasssvamper* og *horn- og kiselsvamper*, meir spesifikt også *brødsvamp*, *kålrotsvamp*, *boresvamp*, *krepsesvamp* og *traktsvamp*. – Artsgruppa *Hydra* sp. høyrer til rekkja *Cnidaria* = no. *nesledyr* (Dolmen 1996a) av klassen *småmaneter* (Mysterud 2004). Bergan (1982: 36f.) oppgir ikkje norske nemningar på *Hydra*/hydroidar, heller ikkje Økland og Økland (1998: 75), men Raastad og Olsen (1999: 173f.) har norske førstelekkar (*grønn/stilket/vanlig*) i binomen med *hydroide* som sistelekk. – *Astacus astacus* (L.), som Kvammen kallar *en art ferskvannskreps*, er nettopp den som seinare er blitt artsspesifisert i den norske nomenklaturen som *edelkreps* (Økland og Økland 1998: 86; Raastad og Olsen 1999: 124; sjå omtalen av grunnen til det ovafor). Om dei bentiske og planktoniske krepsdyra Kvammen omtalar kollektivt slik, viser eg til Daverdin (1996), Walseng og Halvorsen (1996b: 103) og Agaard og Bækken (2002: 26f.).

Etter dette kan vi konkludere med at den normerte norske/nordiske nomenklaturen no gir norske/nordiske nemningar til noe over halvparten av dei 62 artane og høgre taxa Kvammen skriv om. I zoologien tykkjes hovudlina i nomenklaturutviklinga med andre ord å ha vore først å forkaste den traderte folkelege nemningstradisjonen fordi han ikkje var meiningsfull utifrå ei naturvitskapleg forståing av dyra og slektskapet mellom dei. I staden kom naturvitskapleg (meir) eintydige og internasjonalt gyldige (gresk-)latinske nemningar i bruk, også i populærvitskaplege samanhengar. Først deretter, framfor alt i siste halvta av 1900-talet, har det kome i gang arbeid mellom zoologar med å mynte ut ein nasjonalspråkleg nomenklatur som skal vera parallell med den internasjonale. For Noregs del står det likevel ennå mykje att med å finne fram til og fastsetje slike norske nemningar.

Til no har folkelege dyrenemningar blitt utnytta heller lite og til dels under tvil og motlegg i den samanhengen, som t.d. *vevkjerringar* som norsk nemning

for ordenen *Opiliones* (Norsk entomologisk forening 1982: 28), etter at kritikk frå feministisk hald mot den nemninga hadde ført til at ordenen vart heitande *langbein* i førsteutgåva av nomenklaturen (Norsk entomologisk forening 1968: 26, 41, 63; munnleg opplysning frå Mehl 21. februar 2008). Dei folkelege nemningane kan altså bli oppfatta som politisk ukorrekte så vel som naturfagleg inadekvate.

Entomologihistorisk har Mehl (*loc.cit.*) visst å nemne berre ein som i større grad har vore opptatt av norsk nemningsbruk, Sig Thor (1856–1937). Han var spesialist på hydrachnidar (dr. philos. 1904) og arbeidde dels som konservator ved Zoologisk museum i Kristiania, dels som lektor i Skien og Drammen. Den reint entomologiske fagforfattarskapen hans er omfattande, og han vann seg internasjonalt ry for den, men han har også skrive lærebøker i zoologi, med etter måten god plass til entomologi, for alle utdanningssteg frå folkeskule til lærarutdanning, og ikkje minst dér har han ein systematisk gjennomført, til dels primær norsk nomenklatur – lenge før fagmiljøet hans elles viste interesse for slikt. Sjå t.d. Thor (1894, 1900, 1906) og elles omtale og full bibliografi hos Natvig (1943: 49–58), som Mehl likevel meiner må lesas kritisk i visse delar fordi Natvig hadde eit horn i sida til Thor: Natvig held fram kritikk av Thor for ikkje å ha vore skarpsynt nok som systematikar, men Mehl meiner tvert om (munleg opplysning 21. februar 2008). Også andre entomologar har nok meir eller mindre kunnskap om lokal nemningstradisjon, men utan å ha gjort mykje utav han, og dei har iallfall ikkje samanfatta han på noe vis som eg kjenner til.

Men kva har tradisjonen å by på av norske nemningar for slike småkryp som det har vore tale om her, og kor mykje interesse har det vore for dei frå ikkje-zoologisk hald?

Norske etnozologiske nemningar på kryp og insekt

Kjeldene til etablert kunnskap om slike etnozologiske nemningar har eg gjort greie for ovafor. Det enklaste i dag er å søkje direkte i den store databasen for *Norsk Ordbok* (NO; 1966–), som har kome ut med sjuande bandet i 2008, og som er meint å skulle liggje føre med alle dei planlagde 12 banda i 2014. Lenge fans basisopplysningane berre som handskrivne setlar ved Universitetet i Oslo. Da Osaland sist på 1960-talet studerte lokale fuglenemningar, ville han gjerne ha konsultert NO, som var allment tilgjengeleg med berre eitt band da, men fann det ikkje overkomeleg (Osaland 1969: 4). I dag er det digre dialektologiske setelarkivet digitalisert, liksom ordbøkene til Aasen, Ross og mange andre relevante kjelder (sjå ovafor), og kven som helst har alt no direkte tilgang til *oppslagsord* i databasane for NO (<<http://no2014.uio.no/tekster/sok/index.html>>). For den som vil sjå etter ulike nemningar for dyr innafor same dyregruppe over arts- og slektsnivå, er det likevel mest interessant å søkje etter dei aktuelle gruppenem-

ningane i *tydingsteksten* for oppslagsorda. Førebels er ikkje den tekstbasen tilgjengeleg for kven som helst. Dei folketradisjonelle dyrenemningane som eg kan leggje fram som døme nedafor, er det derfor ein av hovudredaktørane i NO, Oddrun Grønvik, som har gitt meg tilgang til etter å ha søkt i tydingstekstbasen for NO på dei dyregruppene som Kvammens limnofaunastudie aktualiserer. Lesaren må sjå dei som illustrasjon på og ikkje som uttømmende inventar av den aktuelle nemningsvariasjonen.

Lat oss begynne med å sjå på dei aktuelle dyregruppene i den rekkjefølgja Kvammen har presentert dei i avhandlinga si, og som eg har presentert den zoologiske nomenklaturen deira i ovafor.

Først: *makk/orm*, som blir brukt om kvarandre i folketradisjonen liksom i den norske fagterminologien. Som nemningar for individuelle makkar eller grupper av *makk* oppgir NO t.d. *bandmakk, barnemakk, bendelorm, bulekkje, burå, dragfe, fimremakk, flatmakk, flisme(-orm), frisme(-orm), gaddmakk, garm, gnitre, gulmakk, ikt, lakemakk, kvitagn, kvitmakk, kvitorm, klauvmakk, ledmakk, makkeskrei, matflo*. Tilsvarande for *orm*: *bakkeål, beigorm, bjug, buorm, drake, dyr, eiter troll, fedrag, flismeorm, frismeorm, frånarorm, giftorm, gram, gren(-orm), gulfrøning, jordbærål, kjempeorm, kvelarslange, kvitorm, langtroll, linnorm, makkorm, makk*.

Av *igler* nemner NO derimot berre *mannigle = blodigle*.

Av *sniglar* i ulike stadium finn vi fleire: *geit(e)sleime, geit(e)sleip, gjetar/gjætar, (snigle-)grutl, grønstriple, hagesnigel*. Sniglehuset kan heite dét, men òg *kukelur, kuvung, konkylie* og *konge*.

Av *muslingar* nemner NO arten *haneskjel*, artsgruppa *marihøne* (av slekta *Macoma*), *kjempemusling, kjerringøyra, trollkjerring*, som delar av muslingar dessutan *ferskvassperle, halvskolm, koning, krystallstav, låsband*.

Av *midd/mit* finn vi *bladmit, blodmit, bokmit, fløyelsemit, flått* (art av fam. Ixodidae), *frukttremit, (pære-/solbær-)gall(e)mit* (artar av fam. Eriophyidae), *husmit, jordbærmit, jordmit, kleppfiskmit, klåmit, mjølmit, ostemit, raudmit, rovmit, skabbmit, snålmit, solbærmit, (voksterhus-)spinn(e)mit, svartmit, stokkmit, sauemit, tremit, urmit, øyemit*.

Av *fluger* fins avåt, *bananfluge, bielus, byggfluge, blomsterfluge, dyngje-fluge, eiterfluge, fiskefluge, fly/flye/flyge, flog, flug(e)/flug(u)/flugo, frit(t)fluge, gjødselfluge, grankonglefluge, julefluge, kjøtfluge, korsknekt, langfluge, krus-beinfluge, klubbfluge, klubbmy, laukfluge, marfluge*.

Biller har mange nemningar i folkeleg bruk: *aurbagg, bjorbille, bjørkehane, blankdivel, blautbille, bladbille, blomsterbukkar, blåbukk, blåklokke, blåmann, bombekastar, borebille, borkbille, brødbille, brudehest, coloradobille, dauding-bille, døyslegravar, eikehjort, eldfuge, eplesnutebille, fruktsnutebille, frukt-treborar, frøbille, fure-/furubukk, fure-/furusmergborar, fure-/furusnutebille,*

gjødsehbille, gjørmetroll, granborkbukk, granbukk, grankonglebille, granpraktbille, granrotbille, gullku, gullsmed, gullsmikk, gulltordivel, hagelaupar, hanklokke, hardmannsdyr, hardtroll, hornklokke, kaffidyr, kortveng, laupebille, lysbille, lysmakk, matmott.

Mygg er nytta som tydingsnemning for *avåt, bit, dansemygg, flog, fly(e)/flyge, gall(e)mygg, gnellbukk, granfrø(gall(e))mygg, gulfebermygg, hagehårmygg, ham(m)ar, hank, kjakk, knott, kvitfot, langskrank, marikall, my, mydans, myhank.*

Også *knott* kan kallas *fly(g)e*, men har elles meir arts-/gruppespesifikke nemningar som *fjellsokk*.

Myhanken førekjem med nemningar som *førekrakk, kålmyhank* og *langføtte*.

Stankelbein kan også kallas *myhank(-krake)*.

Loppe heiter stort sett *dét*, men inngår elles i samnemningane *avåt* og *bit*.

Lus har vore eit påtrengjande velkjent dyr og har mange nemningar i folketradisjonen, t.d. *bit, blålus, daudinglus, dyr, feigdar/feigdelus, fengjelus, fjørlus, flatlus, furubarlus, gall(e)lus, gnett, gnitter, granborklus, granskjoldlus, grebbe, grovlus, gråbein, gråkoll, gylte, kroppslus, krålåt, lus, lusskrukkedull, skrukke-troll.*

Insekt med svært vid eller utan nærare spesifisering kan heite t.d. *arbeidar, avåt, bit, bråe, brudehest, blæreføting, daginsekt, dronning, elme-fly, elvekall, erterviklar, fivrel(d)e, fjørmol, fluge, florvengjer, flusvengjer, fly(e)/flyge, forstinsekt, fyllekum(m)ar, gardvord, gnagar, gnet(t), grasgram, gullauga, gullsmed, gulrotsugar, hakk, nemningar på –itt (som i termitt), jesushest, jomfru, kjerring, kjøenskrivar, klegg, klyse, knott, krabb, krek, kum(m)e, kvalp/kvelp, larve, leddy, makk.*

Krepsdyr eller delar av dei har folkelege nemningar som *bjørnekreps, bokstavhummar, byke (d.e. krepseskal), elvekreps, eremittkreps, fiskebjørn, garnstong, gråsugge, kassur, kril, kvalåte, lakselus, leddy, loppe, marihøne, maur.*

Nemningar for *maneter* kan vera *blæreman(n)et(e), brenn(e)man(n)et(e), gople, meduse, klokke, klyse/klysemurull, kobbeglye/-klyse/-spy(e), krossgople.*

Det får halde som illustrasjon av kva ein kan finne i NO-databasane av aktuelle nemningar i allmenn bruk i folketradisjonen og i samtida. Men dei gir berre døme på sjølve nemningane.

Kvar nemning kan ein søkje på som oppslagsord òg, og da får ein tydingsopplysningar som er meir eller mindre veldefinerte for dyret eller dyregruppa nemninga gjeld, frå zoologisk synsstad likevel i regelen mindre eksakte enn ønskjeleg. Noen av nemningane er uspesifiserte, kollektive nemningar som *avåt, bit, kryp, troll, uro, utøy* o.l. Andre er upresise av di dei ulike stader blir brukt om ulike dyr, t.d. *mygg* om dels underordenen *Nematocera*, dels arts-

gruppa *Culicoides* spp., som nemnt ovafor, *mott* m.a. om underklassen *Acari* (no. *midd*), enda han som norsk fagnemning gjeld ein *mak*ktype. *Myhank* blir brukt dels om *mygg*, dels om *stankelbein*, og så vidare. Berre i mindre grad blir dyrenemningane knytt til zoologiske arts- og gruppenemningar i tydingsdelen av desse ordartiklane. I dei tilfella dei gjer det, er eg ikkje den rette til å avgjera om den zoologiske nomenklaturen er rett. Sjå ovafor om endringar i den naturvitskaplege taksonomien, både gjennomgåande i høve til tidlegare tider og i einskildtilfelle der ny biologisk innsikt kan føre til reklassifiseringar av artar til nye slekter. Når det har vore uttrykt tvil om artstilskrivingane alt i Aasens og Ross' ordbøker (Osaland 1969: 3), kan det som tykkjes å vera zoologisk eksakt i NO, også vise seg å vera usikkert. Redaktørane kontrollerer kvart aktuelle tilfelle, men ein kan likevel ikkje lite heilt på at alt er oppdatert (e-brevleg opplysning frå hovudredaktør Lars S. Vikør 18. februar 2008).

No er ikkje det allmennspråklege ordboksverket NO meint å skulle vera fagspesifikt, verken i høve til zoologi eller noe anna fag. Det er nettopp allmennspråkleg, d.e. med slike ordtydingar som brukarane av dei aktuelle orda har hatt enten dei er upresise, mistydde eller ikkje. Når det gjeld dyrenemningane, er det nettopp måten dei er mynta ut og har vore og er nytta på mellom språkbrukarane i dei konkrete samanhengane, som er det interessante. I etnozoologisk samanheng er det også det, enda det der må vera eit poeng å knyte dei folketradisjonelle dyrenemningane og kunnskapen om den historiske bakgrunnen for dei til dei aktuelle zoologiske realitetane med same grad av grannsemd og respekt.

I fagdidaktiske samanhengar i skule og lærarutdanning er det særleg viktig å ha eit visst innsyn i den historiske konteksten for dei folkelege dyrenemningane. Den fortel i regelen meir om korfor dei folkelege nemningane er som dei er. Slik kunnskap finn ein framfor alt – også om insekt og amfibiedyr generelt og om dyreliv i sjøar og vatn spesielt, men enda meir om slike større dyr (virveldyr) som har vore meir synlege i folks liv – i folkeminnevitskaplege (etnologiske) skrifter. Av dei 158 bøkene som har kome ut i skriftserien til Norsk folkeminnelag sia 1920, inneheld 64 opplysningar om insekt, kryp og andre smådyr. Noen av dei gjer ikkje veldig mykje ut av det, andre er svært detaljerte, heilt ned i mudderet på botnen av sjøar og vatn.

Her er det uråd å samanfatte alle dei opplysningane som der fins om truer, førestellingar, haldningar til og handlingar overfor dei skapningane det gjeld. Det ville fylle ei bok. Om virveldyr er tilfanget enda større. Men det kan vera nyttig for den som vil studere dette utvalet av virvellause dyr etnozoologisk, eller som vil gå til desse kjeldene for å få næring til undervisninga si, å få stutt opplysning om kva dyr det gjeld, og kvar omtalen er å finne, om enn aldri så summarisk. Det gir dessutan i seg sjølv eit inntrykk av omfanget av den eksisterande kunnskapen, som eg skal knyte noen merknader til heilt til slutt. Den

faghistoriske utviklinga på området kjem best fram om eg peiker på dei aktuelle skriftene i kronologisk orden.

Realia-kjelder og fleire folketradisjonelle dyrenemningar på insekt og kryp
 Storaker (1921: 83, 88f., 96, 103, 107f., 202) opplyser om *ormar*, *padder* «og annet *Utøi* og *Kryb*»/«*Troll*» (= «alskens *Kryb*»), *lopper*, *lus*, *fluger* og *klegg*. Seinare gir han (Storaker 1923: 75, 81) opplysning om *hummer*, *kreps*, *krabber* og *ffjøremakk*, deretter (Storaker 1924: 8, 11, 19, 20, 67ff., 128) om *alskens Kryb/Troll* igjen, og om *meitemakk*, *froskar*, *froskespy* (egg), *padder* og *marihøna* = *gullmari*, *gullhøne*, *gulltippa*, *gullsmed* og *Jomfru Maria* (sv. *Maria Nyckelpiga*), dessutan om *sleven*, som han identifiserer som *stålorm*, og *hoggormen*, om *palltosk* (= «alm. Sø-Krabbe»), *tordivelen* (da. *torbisten*) og dei mange namna på *tordivellarva*, som blir pløygd opp i våronna: *såmakken*, *såkallen/såkadden*, *koloksen*, *moldoksen*, *åkerkjetta* og *sågylta*, om forbeina på ho som blir kalla *følehorn*, om *åme* som samnamn for alle lodne krypdyr, *regnormen* = *meitemakken*, *veggesmeden*, *øyrestikkaren*, *maur*, *mygg*, *loppa*, *edderkoppen*, *svartsleipa* (= den vanlege svarte snigelen, Aasens *regnsleip*), om *kuvungen* («en Art Sø-Snegle») = sunnmørsk *buhunde*, kvite og svarte *sniglar* som god-respektive styggeværsmerke.

Lunde (1924: 141, 195f.) skriv frå Vest-Agder om *ormar* som slåss («Brulé»), om *hoggormen*, *buormen/slèva*, *loppe* og *lus*, *snigelen* og *tordivelen*, ikkje minst om «Saakjetto» (= larva åt oldenborren; sjå ovafor) og korleis ein kan spå korn-året av kor lodne beina er om våren.

Moe (1925: 113, 127, 128, 135, 281) skriv frå Bøherad om *bureka/buråa*, ei lysegul, samanhekta rekkje av makk, og *sågylta* (= *såkjetta*; sjå ovafor) og beinlengd, ikkje hårsetjing, som grunnlaget for å spå om avlinga, om *lusa*, *gullhøna*, *slæva* og andre *ormar*.

Christiansen (1925: 115f.) skriv om *krypdyr* og *insekt*: *hoggormen*, *slæva* (òg uttydd som *stålormen*), *snoken*, *firfisla*, *tordyvelen*, *marihøna*, *edderkoppen* (= *kongroa*), *augestikkaren*, *snigelen*, *lusa* og *gramen*.

Landstad (1927: 82f.) skriv òg om *krypdyr* (i Telemark): *ormar* og *drakar*, *fjorføtslur* (= *firfislur*), *padder*, om *yrmla*, som er slangemora, og *slæva*, som er blind i sollys.

Nergaard (1927: 39ff., 50, 51ff., 138f.) har òg opplysningar (frå Østerdalen) om *orm*: *vassorm*, *lindorm*, *småorm* og *ormeleik*, *hoggorm*, *buorm*, *bustein* som resultat av hoggormkamp, *kvitorm*, *ela* og *kopparorm*, dessutan om *klossa* (padda) og *regnsleipa* og ymse *insekt*: *veggelus*, *sirissa*, *kveksen*, *humla*, *kingelmora*, *gullkua*, *engspretten*, *frivillen*, *sprengelusa* og *den vanlege lusa*, *skrea* (= *dragfe/draufe/fedrag*, identifisert som *åme* av *Sciara militaris*), *vengemauro* og andre *maur*, *moldoksen*, *gullhøna/gullkua/marihøna*.

Storaker (1928: 226–292 er uvanleg detaljert: Her er omtale av *hoggorm*, *fir-fisle* (*fjorføsle*) = *firbeinet* (*Lacerta vulgaris*), *skogøgle* (*Lacerta vivipara*), *padde*, *ål* og *sleve* (= *stålorm*), om sv. *hjulorm* og *daggorm*, *kvitorm*, *lindorm*, *drakar*, *sjøormar* (tidl. «lyngormar») og andre mytologiske storleikar, om *buormen* («husormen»/«snoken»), *gramen*, som i Telemark er nemninga for vassøgle/vassfirbein (*Lacerta palustris*), men i Mandal er eit fabeldyr (jf. sv. *Grimmen/Grymmen*), om *padde* og *frosk*, *veggesmed* (da. *Væggeuhr/Væggestork*) og *vannkalv* (*Dytisci*) = *brønnstroll*, *nøkk* o.a., *tordyvelen* og larva: *såkallen*, *åkerkjetta* o.a. (da. *Skarnbasse*), *tømmermannen*, *marihøna* (*coccinella* = *gullmari*, *gullhøne*, *gulltippe*, *gullsmed*), *maur*, *kvefs*, *humle*, *fyllekummer/-kumur* (= «en Art Galhveps», *Cynips*) og *sommarfuglar*: *doggâm/doggorm/saulurva*, «en af de største børstede eller lodne Arter af Larver», om *fedrag/dragfê* = *ormedrag*, *spretter* = mygglarver i vatn, *bustyng* = auge- eller øyrestikkerar, *sirissa* = *likorm*, *vortebitar* (ein art grashoppe, som ein trudde kunne bite bort vorter), skumsikadens *trollkjerringspytt/-spy* eller *lappespy* (sv. *trollspott*), tusenbeinet *skån-/skålor*m (ein art av *Lithopius fortificatus*?), *edderkoppen* = *vevkjerring*, *vevkone*, *kångle*, *konglo* o.a. generelt, edderkopparten *langbein*, i Mandal *loi* (= *vevarknekt*, *Phalangium opilio*), middarten *fløyelsmidd* (skarlagensraud) = *raudlus/bustelus*, *pall-lus* (= *skrukketroll*, *Oniscus*), isl. *peturs-stein*, tilhardna innvollar av skrukketrollet, isl. *oskabjørn*, *taglorm* (*Gordius aqvaticus*), *sjøstjerner* og *sniglar*, «Utoi» som *lus* – *flatlus* (*pediculus pubis*), *hovudlus*, *klede-lus*, *veggelus*, *jordlus* og *lopper*, «hel-my»/«daudlus» (på den som skal døy) – og *troll*, «alskens Kryb, især saadant, som intet særegent Navn har», mellom dei sjødyr og blautdyr med nemningar samansett med *-troll/-troll-*: *korstroll/-fisk* = *sjøstjerne*, *toknetroll* = *gjelleorm/rove-/rumpetroll*, *sjøtroll* = maneter, krabbearten *trollkrabbe*, insektet *toknetroll*, som set seg i tokna eller gjellene til sjørisiken. Her står òg om *sjøtre* (*plantedyr*) som det er folkelege truer om, mellom dei *Sigmunds-svøpa*, om *perleband/silderek/torskerek* (eit slimut, manetliknande slag zoophytar), *kraken/kraksen* (noen stader: *krabben*) og *horven* (*sjøhorven* = *ankertroll*), som forfattaren meiner er større artar blekksprut, og som er «behængte med noget, der ligner Tang, noget Mudder-aktig», som sterk straum eller ankarstøyt mot botnen kvervlar opp, og som fiskar liker godt.

Strompdal (1929: 115) skriv frå Helgeland om *lus* (*veggelus* og *daudinglus*), *frosken/groa*, *skarphesten*, *svartsnigelen*, *kobbespya* og *sildepipa* (symjeblåra).

Bergstøl (1930: 30ff.) fortel frå Lindesnes om *orm*, især *kvitormen* (med kvit ring rundt halsen), og *ormehamsar*, *beitemakkar*, *igler*, især *rossigler*, *frosk*, *veggelus*, *skånorm* og *digerlus* (raudt, som kryp inn i dyrenasar), *vabs* (kvefs) og *humle*.

Opedal (1930: 52f.) skriv frå Hardanger om *sjøorm*-mytologien, men òg om

frosk, padde, loppe og lus, flått og *anna utøl, svartsnigelen, auremakken*, som er avkomet åt *kvekkhalsen, åkerkjetta, gullsmeden og vevkona*.

Røstad (1931: 74, 77f.) skriv frå Verdalen om *lus, groe* (frosk), *ølla*, som kryp inn i folk og ynglar, *fluggu, kvaks, ørsnølla*, som kryp inn i øyra på folk, *maur*, både *tuvemaur* og *hestmaur, veggsmeden*, «salamanderen» (ei åme) og *kongroa*.

Mauland (1931: 77f., 81, 129) fortel om *orm, padde, skorpion* og *sniglar* i Rogaland.

Bondevik (1933: 108–119) skriv om *frausken/frosken* og *ruren* (i fjøra, *Balanus balanoider*), *maur, makk – kornmakk* (gul) og *regnmakk* (= *agnmakk*; sv. *sädesmask*) – om *åkerkjetta/moldkjetta/moldoksen/sågylda/plogmakken/kjølmakken* (jf. sv. *bönesoa*; ty. *Maikäfer*), som kan vera både gul, gulraud, grå og kvit og varsle ulikt alt etter fargen, ikkje berre etter beinlengda og hårvoksteren, og om *tordivelen*, som den er larva åt (ty. *Mistkäfer*), om *fluger*, sv. *skorv* (= *skalbaggar*), *mygg, fivrelld, kleks/kvæfs* og *klegg*.

Opedal (1934: 88–94, 170f.) skriv meir frå Hardanger om *ormar*, både *visor-men* (som dei gamle trudde gjorde folk vise) og *sleva*, likeins om *frosk, sniglar* og *kross troll*, men mest om *insekt: fivrelldet, flyet*, som «var leidd te stinga», *blindingen* (= *kleggen*, ikkje *sleva*, som òg somme plassar kan heite *blinding*), andre *kleggar, tordivelen, timbermannen*, som har gråvore skal og lange horn, *åmer, åkerkjetta, gullsmeden, humle* og *kvefs/vøps, vevkona, langfötto, maur – migemaur, svartemaur, flugemaur, skogmaur* og *hestamaur – lopper og lus – posehus*, d.e. slike som heldt til i «luseposar» i huda på folk, *feigdarlus/helmaur*, som var lange og kvitvorne og fans hos sjuke folk, og *tusselyser – makk*, både *jordmakk* og «*dauingar*», som det let i som tikkinga i lommeklokker, og *marigler* i tjørn, som ein får om ein vassar.

Frå Valdres skriv Hermundstad (1936: 15f., 29f., 71, 143, 156) om *orm, lopper, lus, kvefs* og *humler*, om *agnmakkar*, m.a. «*kelskinn-makk*», som levde lenger enn *raudmakken* på kroken, og *grunntrøll*, noen dyr på botnen av ferskvatna som åt opp makken eller «tok sprelen tå honom».

Hult (1937: 110ff., 124–129) skriv frå Østfold om *Jomfru Maria = marihøne* og (*Maria*) *gullhøne*, og om *lus* og *humle*, dessutan om *padda, stålormen, buormen* (= *husløgga*, eit lykkedyr som det måtte stellas pent med) og *hoggormen*, om *merkeskreia*, den lange rada av samanlenka mark (*fedrag/ormedrag*), *almen/ælmen*, ei grøn og fingerlang larve som vart rekna som ulykkesdyr fordi ein trudde ein kunne få *ælmeblæst* av ho, og som viste seg på stigar og vegar, og *drakar*, som ein meinte var hoggorm som har fått i seg menneskeblod tre gonger. I ei rekkje merknader til østfoldminna skil Hult mellom *almen/ælmen*, som er ei stor larve, og *åma*, som er lita, og ho nemner dessutan *halebakkbusen* (< *hardbakke-*), eit slags *skautroll* som ein kunne skremme ungene med, *kvit-*

ormen, fotilla = firfisla og *ormefotilla* = salamanderen, *såmarken* = tordivellarva og *sloa* (ormearten *Anguis fragilis*).

Strompdal (1938: 93) nemner *lopper, tordivelen* og *maneta* = *koppspya* på Helgeland.

Frå Gauldal skriv Aune (1939: 34ff.) om *frosken*, den svarte *regnsleipa* og *kongroa*, som tydde glede om ho var grå eller brun, men sorg om ho var svart, *veggsmeden, loppa, åtet* (fellesnemning for mygg, klegg, fluger o.l.), *ørsnella*, som ein trudde kraup inn i øyra på folk og gjorde dei tunghørde, *kleggen*, som vart til *blinding* seinsommars, *gullsmeden* og *dragfe*.

Hermundstad (1940: 82ff., 124f., 127f., 137) ber fram Valdres-minne om *buormen* og *kvitormen* (eit lykkedyr), *ela* = *fjørføtsla, humla, kingelen, snylen* (snigelen), *agnmakken* og *mauren*, om *saueflått* (ei stor *veggelus*) og *sauefrisme* (ein makk/ei larve «som krek på jordi»), *mygg, fluge* og *klegg, moldoksen* og *budrag*.

Aurom (1942: 100f.) skil i folkeminne frå Sør-Odal mellom *skreia*, «ein heil drøss med små mark, som krek bortetter som eit tett band», kvar mark ikkje lengre enn som ein nagl og med svart hovud og noe lysare kropp, og *dradokka*, som er som ein meitemakk og «rommes i ein fyrask».

Opedal (1943: 50, 111) skriv på ny frå Hardanger om *kleggen* og om *makkar: agnmakkar*, især den tjukke og feite *brunmakken*, men òg *vettet*, ein makk som fans i silhår, som var laga av kuhalehår, og som ein nytta til å sile mjølka gjennom under mjølkestellet.

Hermundstad (1944: 31f., 34, 164, 172, 200) fortel meir frå Valdres, om *frosk, orm, lus, kvefs(ereir), visorm, vassorm* og *sirisle*, eit lite krek som liknar *engspretta*.

Nordbø (1945: 127, 129ff., 136) skriv frå Bøherad om *sniglar, makk, orm, mygg, vevkjerringa, (flyge-)maur, augestikkaren, lopper, gullhøna* og *tørbonken*, som heng i trea i klasar og liknar tordivelen, men er gul.

Fjellstad (1945: 58, 72f., 84f., 93f.) fortel frå Elverum om *kveksen, tømmermannen, kingelmora/edderkoppen, grashoppa, myggen, fluga, den svarte sniglen, hoggormen, ela* (firfisla), *frosk, mark, mør* (maur) og *utøy* generelt.

Engebretsen og Johansen (1947: 84) nemner berre *fluge* og *klegg* i segner frå Østfold.

Langset (1948: 133) skriv om *langfotkonglå* på Nordmøre = *myhankjin*, som blir utlagt som ein langbeint mygg, dessutan *marihaninn*, forklart som ei stor marihøne eller ein sommarfugl som er brunvoren.

Frå Gudbrandsdalen skriv Grimstad (1948: 10) om *humla*.

Bjørndal (1949: 103, 114f., 121f., 139) skriv frå Møre meir allment om *maur, sniglar, vevkjerringa* og *snok*.

Hermundstad (1950: 54, 101, 151, 157f., 175) skriv (meir) om *lus, makk, kvefs,*

lopper, hullhøne, den store *kingelen* = *vevarkjerringa, frosken, svartsnivilen* og *trollhatt(spy)* i Valdres-tradisjonen.

Opedal (1951: 37, 271) skriv meir om *lus* og *agnmakk* i Hardanger.

Hermundstad (1952: 111, 128, 166, 173f.) fortel enda meir frå Valdres om *maur* og *moldoksar*, den raude *agnmakken, mehanken* (som fiskevarsel) og *hødnisnivillen*.

Grimstad (1953: 12f., 15, 35) nemner *kongrova, gullsmeden/gullhøna, engjespretta, maur, veggelus, frosk* og *budrag* = *skreia* i nye minne frå Gudbrandsdalen.

Eriksen (1953: 13, 69) nemner berre *lus* og *me-maur* i minne frå Beiarn.

Fjellstad (1954: 24f.) skriv berre om *maur* i sine Eidskog-minne.

Hermundstad (1955: 34f., 55) har meir å seia om *humle, gullhøne, maur* og *budrag* i Valdres.

Borchgrevink (1956: 40, 62, 98, 106, 150f.) skriv frå Nordfjord om *orm, svartsnigele, padde, makk, långføtinga* og eit raudt *trøll* i åkeren som har svart hovud.

Mo (1957: 77, 79, 109, 117) mins (*vegge-*)*lus, kveks(-ebol)* og *meitemakk* i Salten.

Eriksen (1958: 111, 125) gjer det same om *kveks* og *kveksenkallj* (kvepsebol) og *utøy* generelt i Beiarn.

Bergstøl (1959) skriv om *lus* og *sniglar* kring Lindesnes.

Nordbø (1960: 145f., 163f.) skriv meir om *makk, orm, tusse* og *sirisse* i Bøherad.

Hermundstad (1961: 178, 185f.) fortel meir om *moldoksen, maurtuver* og *budrag* i Valdres.

Haukdal (1961: 116, 137f.) har minne om *maur(-tuver)* og *dragfe* = *dragsæ* i Gauldalen.

Myrvang (1964: 138, 140) skriv frå Andøya om *gullhøna* og *tipa* (lusa).

Blix (1965: 89) har tradisjonsstoff om *lus* i Lofoten.

Blehr (1966: 36, 40, 50, 64) skriv frå Sørkedalen om *vefs, maur* og *gullsmed*, som han forklarar som ei *løpebille*.

Samuelsen (1966: 61f., 65, 119, 126, 135, 174) mins frå Modum tradisjonar om lykkedyret *saumakk*, «i åme som var større enn ein kålmark, itte sleip å ta på, men heller tørr», om *veggelusa, ørm, vefserer* (sic) og *brems*.

Fjellstad (1966: 78f., 126ff., 129, 166, 169) mins detaljert om *skrea*, og om *øla* (*firfista/fotilla*), *hoggorm, tussebit, kvefs* og *veggelus* i Eidskog.

Hermundstad (1967: 13, 73, 120, 143, 147) har meir Valdres-tradisjon om *humle, maur* og raud og lys *agnmakk* i samband med fiske.

Bergh (1968: 102, 115, 124) skriv om *veggelus* og *makkfluga* i Porsanger.

Lunde (1969: 29, 54, 125ff.) skriv frå Søgne om *orm, især hoggorm, humle,*

sniglar, sleva, gramen (som er blank og gul i leten, mykje lik ei padde, men grannare og verre enn orm), *tordivelen, vevkjerring, lus og kongro*.

Sødal (1969: 33, 42f., 47, 49, 52f., 59f., 65, 68, 70, 77, 114, 250f., 264) skriv frå Hemne mykje om *uty (lus og loppe)*, (*flyge- og my-*)*maur, kvaks, orm, kongro, fluge, geitslepa* (svartsnigelen), *frosk, feskmakk og klauvmakk*, som ikkje er noen makk, men talgtrådar som liknar makk i klauvene på sjuke dyr.

Brox (1970: 108, 111, 119ff., 137f.) har minne frå Ytre Senja om *makkefloga, vevkjerringvev, kokkelur* (sniglehus), *krabbe, kvesma* (kvefs) og *frosk*.

Mo (1972: 88f., 126) skriv frå Salten om *uty* generelt, *spinnkjerringa, marihøna, frosken* og *groa* (padda).

Frå Gudbrandsdalen utgir Espeland (1974: 9, 49, 58ff., 72) ei svartebok med tradisjonsstoff om *kvefs* og *orm*.

Vang (1974: 16f., 58f.) skriv berre om *buferd* i Valdres.

Fjellstad (1975: 46) fortel berre om *orm*.

Haukdal (1978: 46, 102, 140, 147, 150f.) fortel om *lus, lopper, kvaks* og *orm* i Gauldalen.

Mjåtvedt og Mjåtvedt (1981: 65f., 84) gir Solund-minne om *igler*, især *blodigla, vøvkjeringa* og *svartesnigelen*.

Hermundstad (1985: 179–186) skriv mykje om mange insekt i tradisjon frå Valdres: *gullhøna, kingelen, fluga, kvefsen, humla, augestyngen*, som òg blir kalla *skosnelde, mott, mygg, maur*, især den grove, store *hestemauren, sirisle, tordivelen, moldoksen, timbermannen, lopper* og *lus (veggjelus, eiterungelus)*.

Ytterdal (1991: 117) utgir minne om *bier* på Agder-kysten.

Djupedal (1992: 208, 227) har stoff om *orm* og *sniglar* på Selje.

Etter 1992 er det utkome tjueein nye band frå Norsk folkeminnelag, men ingen av dei har stoff om eller nemningar på slike dyr som eg har som døme her.

Denne bolken må vi kunne samanfatte slik at det er eit stort tilfang av etnoentomologiske og etnoherpetologiske nemningar og enda meir av realopplysningar om dei aktuelle dyra og korleis dei har vore oppfatta av menneska som har minne om dei, i den lange og folkeminnevitenskapleg sentrale og seriøse skriftserien frå Norsk folkeminnelag. Vi legg merke til at noen dyr og nemningar går att oftare enn andre, men at variasjonen ikkje er liten. Den etnologiske interessa for desse dyra og dyrenemningane tykkjes elles å ha minka di nærare vi kjem vår eiga tid. Dei nyare bøkene som har noe om slike dyr, har det sjeldnare og i mindre omfang enn dei eldre, og dei siste femten åra har slik interesse for dei minste og enklaste dyra ikkje vist seg i det heile tatt. Men det er sjølvsagt andre kjelder å leite i, ikkje minst eldre folkemedisinske bøker, svartebøker o.l. og ulike etnologiske fagtidsskrift, lokale kulturtidsskrift, lokalhistoriske årbøker og spredde monografiar.

Samanfatning

Vitskapleggjeringa av dei biologiske vitskapane har ført til at folkelege karakteriseringar av ulike naturovringar, slik dei m.a. har nedfelt seg i tradisjonelle nemningar med lokalt eller vidare bruksrom, er blitt mykje forkasta i naturvitskapleg samanheng. Samstundes som strevet etter naturvitskapleg eksakte karakteriseringar har vist seg i fastsetjing (om enn med løpande revisjonar og ein viss bruksvariasjon) av ein internasjonalt gyldig, (gresk-)latinsk nomenklatur, har det vakse fram eit parallelt arbeid med å utvikle tilsvarende nasjonalspråklege nomenklaturar. På norsk gjeld det berre bokmål, og det arbeidet er langt ifrå kome til endes. Mykje gjenstår, særleg på arts- og slektsnivåa, men det er kome lenger og lenger med åra. Heller ikkje i den samanhengen tykkjes det likevel å ha vore noen vidare interesse for den folkelege nemningsarven på biologisk hald, stundom tvert om, iallfall i Noreg. Det kan det òg vera lett å skjønne, ikkje-naturvitskapleg baserte som mange av dei nemningane er, enda det neppe kunne skade med eit meir systematisk blick til dei tradisjonelle nemningane i den samanhengen, som til no har vore tilfelle berre i ein viss monn. For ikkje alle tradisjonsnemningane er skapte i lys av tru og overtru. Også dei gamle kunne vera interesserte i dyra som reine naturovringar og karakterisere dei på det grunnlaget. Men skal ein no sjå etter kva den folkelege nemningstradisjonen har å by på, må noen halde kunnskapen om han oppe og gjera han kjend.

Det kan synas paradoksalt at også den mest sentrale av alle humanvitskapane i den samanhengen, etnologien, tykkjes å ha tapt interessa si for etnozoologiske emne, iallfall i høve til før, samstundes som zoologane sjølve har tatt til å arbeide fram ein norsk nomenklatur. Kanskje har etnologane meint at den rikaste tradisjonsarven på det området alt er nedteikna? Men er ikkje folks kreativitet når det gjeld å setje namn og nemne på slikt i omverda som interesserer dei, like levande og verd å følgje med i? Den folkelege nemningskreativiteten i samtida og den nære fortida har dessutan utfalda seg og utfaldar seg utifrå andre mentalitetar, livssynstilhøve og kunnskapsføresetnader enn den eldre. – Men kanskje ligg ei viktig forklaring på den svakare etnozoologiske interessa i nyare tid i den meir allmenne faghistoriske utviklinga sia 1970-talet av alle dei humanvitskaplege faga som har hatt ansvar for å skape og halde oppe kunnskapsgrunnlaget for nasjonal identitet, slik tilfellet har vore generelt i t.d. nordstikken i Noreg? Norsk dialektologi har frå 1970-talet tatt ei synkron sosiodialektologisk vending bort frå den tidlegare heilt diakrone systemorienteringa. Synkrona sosioonomastiske emne har også kome tydeleg inn i namnegranskinga. Forskarblikket har i mangt vendt seg bort frå det lokale og særnorske/-nordiske til det globale og internasjonale liksom frå det historiske til det samtidige. – Kanskje har likevel eit enda djupare utviklingsdrag dei siste generasjonane hatt vel så mykje å seia, d.e. det at stadig fleire menneske i vår del av verda har flytta frå primærnærin-

gar og bygdeliv til tertiærnæringar og byliv, samstundes som primærnæringane er blitt meir industrialiserte og massemedia har opna opp for større og mindre innslag av urbane livsstilar i kvar grend?

Nettopp fordi det no viser seg at etnozoologiske emne ser ut til å forsvinne frå etnologien, same kva grunnen kan vera, og fordi det fagområdet som elles steller med norske og nordiske namn og nemne, heller ikkje har vore meir enn marginalt opptatt av dyrenemningstradisjonen, meiner eg det er på sin plass med ei påminning som den eg ber fram her, om at etnozoologiske studiar trengs i Noreg, ikkje minst nemningsstudiar. Her er emne for retteleg mange avhandlingar med både analysar og syntesar. Og for dei som kunne tenkje seg å arbeide etnozoologisk med dei minst skapningane i folketradisjonen, har eg lagt fram noen tydelege peikarar her.

I det fagdidaktiske arbeidet i skule og lærerutdanning for å etablere mest mogleg samanhengsforståing hos elevar og studentar, ikkje berre innafor bestemte saksområde, men på tvers av og mellom dei, ja, tilmed over den elles så markerte kløfta mellom natur- og humanvitskapar, er det særleg godt grunn-gitt å knyte slik kulturhistorisk kunnskap som etnozoologien handlar om, til det reint naturfaglege arbeidet. Når Per Ivar Kvammen og andre som han tar med seg lærarstudentane, og dei i sin tur etter kvart tar med seg elevane sine, til pyttar og vatn for å sjå etter livet i sedimentprøver frå lausbotnar og strandkantar, liksom elles når dei skal studere andre dyr og alt som veks i og formar naturen, ligg det dessutan eit stort potensiale for motivasjonsdanning i å knyte etnobiologisk kunnskap til den naturvitskaplege. Det er stoff heimane og lokalmiljøa kan aktiveras direkte med. Naturstudium blir samstundes menneskestudium.

Allmenndanning er ikkje eit eksklusivt ansvar og emne for humanfaga, men inkluderer god og grundig naturkunnskap og -forståing (jf. Sjøberg 1998). Like lite er allmenndanninga heil om naturfaga i skule og lærerutdanning ikkje vil gå i lag med dei kulturhistoriske og -politiske samhengane naturen og naturforvaltninga har stått og står i. I den allmenne danninga av unge menneske høyrer begge delar med. Og til dét viktige arbeidet kan namne- og nemningsgranskning gi eit tilskott ved å halde oppe og vidareutvikle kunnskapen om folketradisjonelle dyre- og plantenemningar og den historiske konteksten som har skapt dei. For namn og nemne er omgrep, d.e. *grep om røynda* slik menneska til kvar tid ser og har sett ho.

Tilvisingar

- Ainiala, Terhi. 2006. Namnforskningens generella aspekter och framtidens utmaningar. *Namn og Nemne* 23, 59–66.
- Aliberti, Maria A., Darren J. Bauer, Shane R. Bradt, Brady Carlson, Sonya C. Carlson, W. Travis Godkin, Sara Greene, Dr. James F. Haney, Amy Kaplan, Shawn Melillo, Juliette L. Smith (Nowak), Brian Ortman, Judith E. Quist, Shayle Reed, Tiffany Rowin, Dr. Richard S. Stemberger. 2007. *An Image-Based Key To The Zooplankton Of The Northeast (USA). Version 2.0*. Durham: Center for Freshwater Biology, Department of Zoology, University of New Hampshire. Internettadresse: <cfb.unh.edu/cfbkey/html/index.html>
- Andersen, Johan. 1982a. Billene. I Frislid, Ragnar og Arne Semb-Johanssen (red.): *Norges dyr. Fjerde bind: Virvelløse dyr*, 311–315. Oslo: Cappelen.
- Andersen, Johan. 1982b. Vannbillene. I Frislid, Ragnar og Arne Semb-Johanssen (red.): *Norges dyr. Fjerde bind: Virvelløse dyr*, 319–322. Oslo: Cappelen.
- Antonesen, Vidar. 1990. Forholdet mellom offisiell norsk nomenklatur for fugl og zoologisk systematikk. Ei vurdering med grunnlag i eit autoritativt forslag til endring av engelske fugle-namn. *Namn og Nemne* 7, 7–34.
- Arnekleiv, Jo Vegar. 1994. *Bestemmelsesnøkkel til norske døgnfluellarver (Ephemeroptera larvae)*. Trondheim: Universitetet i Trondheim, Vitenskapsmuseet.
- Aune, Hermann. 1939. *Skikk og tru. Folkeminne frå Gauldal*. Norsk folkeminnelags skrifter nr. 42. Oslo: Norsk folkeminnelag.
- Aurom, Magne. 1942. *Liv og lagnad. Folkeminne frå Sør-Odal*. Norsk folkeminnelags skrifter nr. 48. Oslo: Norsk folkeminnelag.
- Bergan, Kirsten. 1982. Polyppdyrene. I Frislid, Ragnar og Arne Semb-Johanssen (red.): *Norges dyr. Fjerde bind: Virvelløse dyr*, 32–53. Oslo: Cappelen.
- Bergh, Richard. 1968. *Tro og trolldom. Folkeminner fra Porsanger*. Norsk folkeminnelags skrifter 101. Oslo: Universitetsforlaget.
- Bergstøl, Tore. 1930. *Atterljom. Folkeminne fraa smaadalane kring Lindesnes*. Norsk folkeminnelags skrifter nr. 22. Oslo: Norsk folkeminnelag.
- Bergstøl, Tore. 1959. *Atterljom. Folkeminne frå smådalane kring Lindesnes*. III. Norsk folkeminnelags skrifter nr. 82. Oslo: Norsk folkeminnelag.
- Berland, B. 1958. Litt om parasittiske nematoder (rundmark) i fisk. *Fauna* 11: 1, 1–11.
- Bjørndal, Martin. 1949. *Segn og tru. Folkeminne frå Møre*. Norsk folkeminnelags skrifter nr. 64. Oslo: Norsk folkeminnelag.
- Blehr, Otto. 1966. *Folketro fra Sørkedalen*. Norsk folkeminnelags skrifter 96. Oslo: Universitetsforlaget.
- Blix, Dagmar. 1965. *Draugen skreik. Tradisjon frå Lofoten*. Norsk folkeminnelags skrifter 93. Oslo: Universitetsforlaget.
- Bondevik, Kjell. 1933. *Jordbruket i norsk folketru. Ei jamførande gransking. I. Åringsmerke*. Norsk folkeminnelags skrifter nr. 29. Oslo: Norsk folkeminnelag.
- Borchgrevink, Louise Storm. 1956. *Frå ei anna tid. Folkeminne frå Nordfjord*. Norsk folkeminnelags skrifter nr. 78. Oslo: Norsk folkeminnelag.
- Bremnes, Trond og Svein-Erik Sloreid. 1994. *Fåbørstemark i ferskvann. Utbredelse i Sør-Norge*. NINA Utredning 56. Trondheim: Norsk institutt for naturforskning.
- Brittain, John, Terje Nøst og Jo Vegar Arnekleiv. 1996. Ephemeroptera. Døgnfluer. I Aagaard, K. og D. Dolmen (red.): *Limnofauna norvegica. Katalog over norsk ferskvannsf fauna*, 130–135. Trondheim: Tapir Forlag.
- Brox, Arthur. 1970. *Folkeminne frå Ytre Senja*. Norsk folkeminnelags skrifter 105. Oslo: Universitetsforlaget.
- Christiansen, Marit E. 1982. Svampene. I Frislid, Ragnar og Arne Semb-Johanssen (red.): *Norges dyr. Fjerde bind: Virvelløse dyr*, 28–31. Oslo: Cappelen.

- Christiansen, Reidar Th. 1925. *Norske folkeminne. En veiledning for samlere og interesserte.* Norsk folkeminnelags skrifter XII. Oslo: Norsk folkeminnelag.
- Daverdin, Rita Hartvigsen. 1996. Copepoda parasittica. Parasittiske hoppekreps. I Aagaard, K. og D. Dolmen (red.): *Limnofauna norvegica. Katalog over norsk ferskvannsauna*, 108–109. Trondheim: Tapir Forlag.
- Daverdin, Rita Hartvigsen og Dag Dolmen. 1996. Nematoda I. Parasittiske rundormer. I Aagaard, K. og D. Dolmen (red.): *Limnofauna norvegica. Katalog over norsk ferskvannsauna*, 47–49. Trondheim: Tapir Forlag.
- Djupedal, Reidar og Ingrid Djupedal (red.). 1992. *Dar finst korkje vind elder væte. Munnlege folketradisjonar frå Selje etter Emil J. Djupedal.* Norsk folkeminnelags skrifter Nr. 120. Oslo: Norsk folkeminnelag og Aschehoug.
- Dolmen, Dag. 1990. *Ferskvannsbilologiske og hydrografiske undersøkelser av Verneplan IV-vassdrag i Trøndelag 1989.* Rapport. Zoologisk serie 1990–6. Trondheim: Universitetet i Trondheim, Vitenskapsmuseet.
- Dolmen, Dag. 1991. *Ferskvannsbilologiske og hydrografiske undersøkelser av 20 vassdrag i Møre og Romsdal 1988, Verneplan IV.* Rapport. Zoologisk serie 1989–3. Trondheim: Universitetet i Trondheim, Vitenskapsmuseet.
- Dolmen, Dag. 1992. *Dammer i kulturlandskapet – makroinvertebrater, fisk og amfibier i 31 dammer i Østfold.* NINA Forskningsrapport 20. Trondheim: Norsk institutt for naturforskning.
- Dolmen, Dag. 1996a. Cnidaria. Nesledyr. I Aagaard, K. og D. Dolmen (red.): *Limnofauna norvegica. Katalog over norsk ferskvannsauna*, 33–34. Trondheim: Tapir Forlag.
- Dolmen, Dag. 1996b. Turbellaria. Flimmerormer. I Aagaard, K. og D. Dolmen (red.): *Limnofauna norvegica. Katalog over norsk ferskvannsauna*, 35–36. Trondheim: Tapir Forlag.
- Dolmen, Dag. 1996c. Hirudinea. Igler. I Aagaard, K. og D. Dolmen (red.): *Limnofauna norvegica. Katalog over norsk ferskvannsauna*, 80–82. Trondheim: Tapir Forlag.
- Dolmen, Dag og Leif Åge Strand. 1991. *Evjer og dammer langs Glomma (Hedmark) og Gaula (Sør-Trøndelag). En zoologisk undersøkelse over status og verneverdi, med hovedvekt på Tjønnområdet, Tynset.* Rapport. Zoologisk serie 1991–3. Trondheim: Universitetet i Trondheim, Vitenskapsmuseet.
- Ehnström, Bengt & Martin Holmer. 2007. *Nationalnyckeln till Sveriges flora och fauna. Skalbaggar: Långhorningar. Coleoptera: Cerambycidae.* Uppsala: ArtDatabanken, Sveriges lantbruksuniversitet.
- Engbretsen, K. Weed og Erling Johansen. 1947. *Sagn fra Østfold.* Norsk folkeminnelags skrifter nr. 59. Oslo: Norsk folkeminnelag.
- Eriksen, E. Vegusdal. 1953. *Atterklang fra gammeltida. Folkeminne fra Beiarn I.* Norsk folkeminnelags skrifter nr. 72. Oslo: Norsk folkeminnelag.
- Eriksen, E. Vegusdal. 1958. *Farne tider. Folkeminne fra Beiarn II.* Norsk folkeminnelags skrifter nr. 81. Oslo: Norsk folkeminnelag.
- Espeland, Velle (utg.). 1974. *Svaribok frå Gudbrandsdalen.* Norsk folkeminnelags skrifter Nr. 110. Oslo, Bergen, Tromsø: Universitetsforlaget.
- Fjellstad, Lars M. 1945. *Gammelt frå Elvrom.* Norsk folkeminnelags skrifter nr. 57. Oslo: Norsk folkeminnelag.
- Fjellstad, Lars M. 1954. *Haugfolk og trollskaap. Folkeminne frå Eidskog.* II. Norsk folkeminnelags skrifter nr. 74. Oslo: Norsk folkeminnelag.
- Fjellstad, Lars M. 1966. *I grendom. Folkeminne frå Eidskog.* III. Norsk folkeminnelags skrifter 98. Oslo: Universitetsforlaget.
- Fjellstad, Lars M. 1975. *Varden lyser på MalMBERGET.* Norsk folkeminnelags skrifter Nr. 113. Oslo, Bergen, Tromsø: Universitetsforlaget.
- Folkehelseinstituttet. 2008. [Insektsnemningar.] www.fhi.no/dav/52449C69AB.pdf

- Forsslund, Karl-Herman. 1936. Fortegnelse over Norges vårfluer (nettslåndor, *Trichoptera*). (Verzeichnis der Trichopteren Norwegens). I *Stangfiskeren 1936. Oslo sportfiskeres årbok*, 50–52. Oslo: Hovedkommissjon hos Johan Grundt Tanum.
- Fries, Sigurd (utg.). 1990. *Om växtnamn. Tio föredrag vid växtnamnssymposiet i Umeå den 6–7 december 1988*. Nordsvenska. Skrifter utgivna av Institutionen för nordiska språk vid Umeå universitet 6. Umeå: Institutionen för nordiska språk, Umeå universitet.
- Gjessing, Gutorm. 1977. *Kultur og samfunn er ett*. Oslo: Gyldendal.
- Grimstad, Edvard. 1948. *Etter gamalt. Folkeminne frå Gudbrandsdalen*. II. Norsk folkeminnelags skrifter nr. 62. Oslo: Norsk folkeminnelag.
- Grimstad, Edvard. 1953. *Etter gamalt. Folkeminne frå Gudbrandsdalen*. III. Norsk folkeminnelags skrifter nr. 71. Oslo: Norsk folkeminnelag.
Vi drøftar heller ikkje typenamn som *Bobla* for folkevogna, som òg kan vera samnamn (appellativ), eller det ikkje ordboksførde *hitlerkjelke* m. (ty. *Hitler-Schlitten*) med same tyding, kjent frå fleire stader nordafjells.¹ Det same gjeld gruppenemningar som *amerikanar* eller *dollarglis* om 'stor, amerikansk personbil', og som primært har ein appellativisk bruk i vanleg norsk talemål. Drøftinga vil såleis òg bli avgrensa til individuelle særnamn på personbilar eller ombygde personbilar (pick-up-ar), men til jamføring kan vi stundom ta med særnamn på laste- og varebilar, bussar og traktorar.

Materialet omfattar berre nordafjelske namn, og nordafjells er i denne samanhengen frå og med Romsdalen nordover til og med Midt-Troms. For Romsdalen byggjer vi i eit visst monn på fleire skriftlege utgreiingar (sjå litteraturlista), som i dei fleste tilfelle er kontrollerte munnleg via telefonsamtalar og brev. For resten av området vart det vinteren og våren 2007 sendt ut ei kort spørjeliste om emnet. Vinteren 2008 gjorde eg så ein kontroll og etterrakster, særleg for det nordnorske området. Dessutan har eg i samtalar med eldre personar jamt spurt etter slike namn. Det er berre menn blant heimelsfolka mine. Vi har fått skriftlege svar frå 71 personar, og i tillegg er eit par dusin utspurde munnleg (somme av dei siste berre med tanke på ekskurset). Frå Ofoten har vi ikkje fått opplysningar.

Til saman er det da komme inn om lag 160 folkelege særnamn på personbilar eller ombygde personbilar og pick-up-ar frå det nordafjelske området. Dessutan har vi fått med mange namn på varebilar, lastebilar og bussar, også somme namn på dei eldste traktorane, men som vi altså ikkje drøftar her. Det har òg slunge eit og anna motorsykkelsærnamnet.

Norsk etnologisk gransking ved Norsk folkemuseum sende i 2002 ut spørjeliste nummer 193, *Bil og bilkjøring*. Frå området vårt kom det inn 7 svar frå Møre og Romsdal, 5 frå Sør-Trøndelag, 1 frå Nord-Trøndelag, 7 frå Nordland og 2 frå Troms.² Med grunnlag i heile landsmaterialet er det skrive ei hovudoppgåve i folkloristikk (Husemoen 2005).

Eitt av spørsmåla omhandlar kort «bilnamn», men utan at det blir presisert kva slags. Spørjelista gjekk til både kvinner og menn, og det kan sjå ut til at menn hugsar betre folkelege særnamn på bilar enn kvinner, som kan vera meir opptekne av t.d. kva slags farge det var på bilen (jf. fru Gryttens *Gråpus*). Dei få aktuelle svara har vore til lita hjelp i vår samanheng, også for di at dei bilsærnamna som unntaksvis blir nemnde, gjernast står oppført med snaue namnet.

*

Det ligg ikkje føre så mykje litteratur om dette emnet. I skriftlege samanhengar blir folkelege særnamn på bilar vanlegvis berre nemnde i forbifarten, som eit ekstra krydder i bilbøker og biltidsskrift, også bilhistorier. Somme mindre artiklar kan ein òg finne i lokalhistoriske publikasjonar. Analyse av bilnamn på nordisk område er det visst berre Reinert Kvillerud (1994) som for alvor har prøva seg på. Han drøftar slike namn på svensk grunn. Materialet hans er mangslunge i den forstand at det omfattar t.d. både individ- og typenamn, både munnlege og skriftlege namn.

Namnetypen ser ut til å vera kjend i heile Norden bortsett frå Færøyane; derifrå har eg ikkje fått noko døme. På Island ser det derimot ut til å vera flust med slike namn, i alle fall etter opplysningane i *Saga bilsins á Íslandi* 1904–2004 (Sigurður H. Hreiðarsson 2004). Også utafør Nordens grenser er slike namnelagingar kjende, men eg har ikkje her lagt noko vinn på å dra dei med i utgreiinga.

Teoretisk-metodisk tilnærming

Å studere folkelege namn på bilar er å studere namn på ting. Det tyder at namna er konstruerte, med opphav i ein enkeltperson eller ei gruppe av personar. Dei er i det store og heile laga ut frå ein medveten namngjevingstanke og langt mindre sjølvgrodde ut frå ein appellativisk bruk enn t.d. naturgjevne stadnamn som *Flesa* og *Langfjella*. Slik kan dei minne om tilnamn på personar. – Historisk sett har slike særnamn hatt ein stø plass i Norden, og mest kjende er nok alle båtnamna. Frå vårt nordafjelske område kjenner vi elles t.d. frå Sverresoga namnet på «trønderkongen» Sverres merke, *Sigrfluga*, og luren hans, *Andvaka*. Knappe to hundre år tidlegare klang kyrkjeklokka *Gløð* i «Clemenskirke i Kaupangri [Nidaros]». Men elles er det sjølvsagt rett å seie med Cieślíkowa (1995:25) at «für die überwiegende Anzahl der Objekte der Wirklichkeit gibt es keine Eigennamen».

Materialet vårt er klart proprialt og vanlegvis i bestemt form, også med dativ i dativområda (t.d. *oppi Støv Bretta*). Ein kan såleis ikkje setje den ubestemte artikkelen framfor namnet, heller ikkje når det er snakk om eit namnelån som

t.d. *Den røde pimpernell* (Steinkjer), altså **en rød pimpernell*, eller ei tilmåting som i russebilnamnet *Rolf Rolls* (Levanger). Det er snakk om berre eitt eksemplar av sorten til kvar tid og på kvar stad.

Kvillerud (1994) tek òg med type- og modellnamn i drøftinga si. Det er etter mitt skjønn lite tilrådeleg, i alle fall når ein blandar type-, modell- og individnamn i framstillinga, slik Kvillerud gjer. Typenamna er nemleg oftast varemerkenamn eller har gått ut frå meir propriale varemerkenamn, stundom med bakgrunn i slektsnamn (*Ford*), og kan bli nærast depropriatiserte varemerkenamn (jf. Andersson 2004:7). Slik snakkar vi om *ein Skoda* eller *ein Ford* med føresettt artikkel, så vel som *Skodaen* og *Forden* med ettersett artikkel, og vi kan bruke namnet i plural, t.d. *to Fordar* og *begge Fordan(e)*, altså med ein annan grammatisk status enn dei særnamna vi skal drøfte her, og som er gjevne på individuell basis. Biltypenamna har i røynda ein dobbelfunksjon, dei kan vera både proprium, som firmanamn, og appellativ, som biltypenamn.

Desse firma- og typenamna (*Volkswagen*, *Moskvitsj*) har dessutan eit anna utgangspunkt for sjølve namngjevinga. Dei skal i mange tilfelle vera høvelege til å marknadsføre biltypen på ein positiv måte, altså vera gode merkevarenamn. Ein vanleg trend er å kombinere merkenamna med modellnamn og laga toledda modellnamn, t.d. *Opel Kadett*, *Opel Rekord* og *Opel Kaptein* eller nyare *Skoda Octavia* og *Honda Civic*. I motsetning til typenamna (*Skoda*) har modellnamna (*Octavia*) berre appellativisk bruk i talemålssamanheng. Både modellnamna og kombinasjonane i seg sjølve er «utspekulerte» på eit anna grunnlag enn individuelle bilsærnamn som t.d. det tydelegvis populære bussnamnet *Ormen Lange* (hos oss buss i Batnfjorden) eller *Misjonstralla* (Tingvoll).³

Den siste som har drøfta tilhøvet proprium–appellativ på breitt grunnlag, er Langendonck (2007). Han går forholdsvis grundig inn på merke-/typenamn, med dømet *Ford*, men kjem ikkje nærare inn på tilhøvet til modellnamn (som t.d. *T-Ford*). Han meiner å komma fram til at merkenamna er «a multidenotative proprio-appellative lemma displaying proper name uses as well as appellative uses» (Langendonck 2007:236). Langendoncks tankar er altså ikkje ukjende, men materialet hans er tydelegvis berre skriftspråkleg, og han kjem ikkje inn på talemålsbruken med folkelege bilsærnamn. Slik sett blir utgreiingane hans mindre interessante i vår samanheng.

*

Det viktigaste i drøftinga vår er å sjå på namngjevingsårsakene, som òg Kvillerud gjev ein brei plass. Dette var på mange måtar sjølve utgangspunktet for namneinnsamlinga vår, og vi har difor eksplisitt spurt etter kva som har lege til grunn for namnet, både ved den skriftlege og munnlege utspørjinga.

I ein forstudie til denne utgreiinga (Stemshaug 2008) kom det òg fram opplysningar som kunne tyde på at dei folkelege bilnamna ikkje var like tettsådde alle stader. Dette spørsmålet kan eg ikkje sjå har vore reist tidlegare, men det er jo interessant og kan kanskje kaste lys over namngjevinga av ting generelt (jf. s. 107). Nær knytt til denne problemstillinga er òg spørsmålet om slike namn har betre grobotn i somme miljø enn i andre. Det ville ikkje vera urimeleg å tenkje seg ein slik skilnad, for det er snakk om «ekstranamn», ofte med ein humoristisk eller unntaksvis òg noko pejorativ karakter. Svært nær kjem her spørsmålet om brukarkrins.

Det ser heller ikkje ut til at spørsmålet om alderen på denne namnegruppa har vore særleg interessant, i alle fall ikkje ut frå det som ligg føre skriftleg om emnet. Men kom dei folkelege bilnamna til frå byrjinga, da bilen kom til landet vårt? Har dei vore i jamn bruk framover til våre dagar?

I framstillinga vår er namna gjevne att i vanleg skrift, med lydskrift berre heilt unntaksvis der det kunne reisast tvil om seiemåten. I grunnlagsmaterialet er det heller ikkje nytta lydskrift i dei fleste tilfella. Dette skulle ikkje by på noko problem når det først og fremst er dei semantiske forholda vi drøftar.

Namna og namngjevingsårsakene

Nedafor skal vi prøve å gruppere dei ulike namna etter namngjevingsårsak. Stundom kan ein klar dokumentasjon på det svikte eller vera mangelfull, og da vil det gå fram av samanhengen eller så gjer vi merksam på det. Vi vil òg prøve å seie noko om kor vanleg eller uvanleg namngjevingsårsaka ser ut til å ha vore. Somme namn har dessutan ein dobbelt bakgrunn, dei er det Lind (1920:304) kallar «dubbelbinamn» blant personnamna. Dei kan vera dvandva- eller bahu-vrihilagingar, og kan såleis minne om persontilnamn (Stemshaug 1984:48 f.).

Døma nedafor er inga komplett registrering av det innsamla materialet, dei er berre meint å illustrere variasjon og breidd i namngjevingsårsakene. For dei nordmørske folkelege bilnamna kan ein likevel finne ei fyldigare eksempelliste i Stemshaug 2008.

Namn etter eigar eller brukar (også familie)

Her er det kanskje færre namn enn ein kunne vente. Vi har likevel mange døme på *Karlsvogna* frå Romsdal, Nordmøre og Sør- og Nord-Trøndelag, etter ein eigar eller brukar som heitte Karl. Men det er vel helst ei form for feilinformasjon når *Karlsvogna* frå Aspøya på Nordmøre, ein mørkegrøn A-Ford 1929-modell, blir sagt å skulle likne på stjernebiletet med same namn! – Etter profesjonen har ein fått *Klokkarvogna* (Smøla). *Klokkarbussen* i Straumsnes var ingen buss, men personbilen til klokkar Peder Hals.

På Steinkjer gav etternamnet til drosjeeigar Bade opphav til namnet *Bade-*

karet på bilen hans *Raggen* (Bjugn) var ein ombygd Dodge som vart køyrd av Andreas Oksvoll rundt 1930. Eigaren vart ofte i daglegtale kalla Andreas Raggdalen.

Fleire døme på *Barnevogna* (Indre Nordmøre) viser til teneste i barnerike familiar. Men i Romsdalen kan ein visstnok ha fått dette namnet rett og slett for di bilen var liten (Holsbøvåg 2004:86).

Kjerringrokken var ein lyseblå Anglia 1959-modell som lærarinna Sigrid Ulvund køyrde rundt med på 1960-talet. Etter meininga til heimelsmannen skal det her vera det uvanlege med ein kvinneleg eigar og bilfører som har gjeve opphav til namnet, og det er vel rimeleg nok. Det er altså tenkt på spinne-reiskapen. Truleg var ikkje dette «ein gammal rokk», som ein kan seie om bilar. Samnamnet *kjerringrokk* m. kan dessutan ha mange tydingar (jf. NO), som kan ha spela inn når namngjevarane var på assosiasjonsbanen – slik t.d. om ei spesiell leike som surra rundt (Stemshaug 2004:102 f.). Eit kvinneleg «protest-band» med namnet *Kjerringrokk* som spela og gav ut plater med visesong først i 1970-åra, må vi likevel tru er for seint ute.

Namn etter stad

I denne kategorien er det ikkje mange døme, men somme bilar kan likevel få namn etter ein stad ut frå andre grunnar enn berre tilhøyrgigheit, altså ein annan namngjevingsgrunn enn typen Bergsbilen/-bilane som vi har drøfta føreåt. Da er det snakk om individuelle særtekk, som ved *Møkkjakjellargliset* (Åsskard i Surnadal) – her stod bilen parkert i ein tom møkkakjellar.

Namn ut frå bilmerke eller registreringskilt

Namn med ein slik bakgrunn er det eigentleg ikkje så reint få av. Rett etter andre verdskrigen fekk ein Ford namnet *Henry* i Sparbu. — Utgangsmotivet for *Villgrisen* (Ålvundfjorden) var ein bil av merket «Willys» (opphavleg ein amerikansk jeep), men det spela nok òg ei rolle at eigaren hadde ein tendens til å trø litt hardt på gassen. Her har vi elles eit døme på det humorforskarane kallar inkompetens, det at eit begrep frå ei heilt anna (og «upassande») sfære blir nytta om tingen, og som Bjarne Rogan (1994:87 ff.) omtalar med mange døme frå lystbåtflåten. Det er fleire døme på dette i materialet vårt.

I Aukra hadde distriktslegen ein Rambler som blant folk flest var omtala som *Ramlaren*, til *ramle* v.

Fenomenet har vi fleire stader (Røros og Todalen i Surnadal). Det er ombygde tyske sjukebilar frå krigens dagar. Visstnok etter det tyske bilmerket Pfenomen. På Andøya vart ein slik bil sagt å heite *Fantomet*. Derifrå er òg nemnt *Renul-ten*, til det franske bilmerket Renault.

I Målselv var det på 1930-talet ein bil med registreringsnummeret X-101

(X-en viste til Troms fylke). «Eigaren var ikkje den som sa nei takk om han blei bydd ein dram, ikkje ein gong om han var ute med bilen sin. Og då kunne jo hundre-og-eitt vere ute! Bilen blei kalt for det – *Hundre-og-eitt*,» fortel heimsmannen. – Dette kan vera døme på ei svært kreativ namnelaging. Truleg har vel òg namnet på kortspelet *Hundreogeitt*, som Hundreogein heiter nordafjells, spela inn. Det er jo eit sjansespel!

Frå Vestnes blir det opplyst om eit noko snauare registernamn, nemleg 2990, som namn på ein T-Ford frå mellomkrigsåra, (Ellingseter 2003:49).⁴ – På Steinkjer var det ein bil som vart omtala som «*fæmhoinneråfæm*» etter skiltet *V-505* (V for Nord-Trøndelag). Slik var det òg i Malvik i etterkrigstida ein motorsykel og ein eigar som begge vart nemnde som *U 90* etter skiltet på sykkelen. Da eigaren kjøpte ny sykkel med nytt registreringsnummer, følgde utnamnet med!

Namn etter utsjånad (for farge sjå nedafor)

Hysekassa (Målselv) er ein av dei mange «avsaga» personbilane, med påsett varekasse bak, som har fått namn. Her var det ei innflyttarkvinne frå Sørøya i



Denne grøne pick-up-en, ein 2006-modell, er den siste i rekkja av mange namnebrør i Todalen på Indre Nordmøre, men han er ikkje grå lenger. Foto: Jon Olav Ørsal, Todalen.

Finnmark som syntest dette namnet høvde. Til desse namna på ombygde personbilar kan vi føye fleire *Støvbrettet* på Indre Nordmøre, frå etterkrigstida og utover (jf. foto).

Skrukka (uttala /skro`k:å/ fem.b.f.sg.) i Straumsnes (Tingvoll) var ein Chevrolet 1928-modell, kalesjebil, som etter lang tids bruk og mange eigarar bar tydelege merke etter hard medfart og hadde vorte skrukket.

Frå Beitstad fortel heimelsmannen vår at «ein ungdom i nabolaget kjøpte først på 70-talet ein bil, ein modell av Ford Anglia, der bakruta er stilt på skrå med nedre kanten innover i bilen. Den fekk namnet *Skjermhuva*». Og ei skjermhuve er i dei fleste trønderbygder ikkje nokon tilfeldig sixpence, men ei blankskjerma, ofte mørkeblå huve der tyoverdelen framme gjerne kunne stå litt opp og fram, slik òg mange grågrøne sjåførhuver såg ut. I nabolaget til Steinkjersandan bør ein nok òg peike på at offisershuver hadde liknande fasong – for ikkje å nemne Frelsesarmeens huver med skikkeleg toppframspring over skjermen.

Namn etter farge

Dette er ein svært vanleg måte å laga folkelege bilnamn på. Stundom blir substantiverte adjektiv nytta direkte, som t.d. *Svarten* (Målselv). Eigaren var ein hestekar som skulle vera vel kjend med namneforma.

Elles har fleire bilar fått namnet *Svartmarja* etter fargen. På Høylandet fekk ein svart 1938-modell Mercedes dette namnet etter at eigaren køyrde på ei jente som heitte Maria. På Andøya har det vore to svarte bilar som har vorte kalla *Kari*, jf. *Skjora* nedafor. Det er vel mykje rimeleg å tru at det er noanamnet for kråka som her har vore mønstergjevande. Dette noanamnet er velkjent norda-fjells, særleg langs kysten.

På Stokmarknes i Hadsel var det ein sølvgrå drosje som vart kalla *Sølvpilen*, og same namn hadde òg ei likvogn med same fargen på Hadseløya.

Dei blåfarga bilane har det tydelegvis vore populært å kalle *Blåmann* (Aure, Todalen i Surnadal kom., Malvik), i mellomkrigstida og utover, og i Bjugn har ein enda til hatt to Blåmenn. Frå Romsdalen kjenner vi Blåmann som namn på eit par lastebilar (Holsbøvåg 2004:84). Også etter at Blåmann til billaget i Måndalen vart overhala og gul-lakkert i 1949 vart han omtala med det gamle namnet.

Det er to heilt klare førebilete for denne namnebruken. For det første er det geitebukken Blåmann frå Aasmund Olavsson Vinjes diktarverd, og for det andre er det bukken i teikneserien Nils og Blåmann i vekebladet *Illustrert* (frå slutten av 1920-åra), og som igjen har henta namnet frå Vinjes song om Blåmann. I dag kan vi finne over 10 000 oppslag på det populære Blåmann-namnet på internettet. (Jf. òg *Raudmerra* nedafor.)

I Foldereid gjekk det på 1930-talet ein T-Ford. Han var «lakkert dallblå, og av det vart den kalla *Smørdallen*», fortel heimelsmannen.

På Namdalseid var det ei boble som vart kalla *Skjora /šu:ˈra/*, for di tida hadde fare hardt mot bilen og slite bort den opphavlege svartfargen somme stader slik at grunninga kom fram. I ei svart-kvit drakt likna bilen på fuglen. På Nordmøre kjenner vi heile fire grøne bilar som har vorte kalla *Grønskjora*. Dette er nordmørsordet for 'gulsporv' (*Emberiza citrinella*). Om *Grønskjora* i Straumsnes seier heimelsmannen vår at «fargen ligg i namnet», og med det meiner han vel at bilen var grøn – utan at vi blir vidare klok på den folkelege taksonomien. Somme av «grønskjorene» er truleg dømte på mønsternamngjeving.

Også *Spikillen* (Todalen på Indre Nordmøre), ein gulgrå bil frå først på 1950-talet, skal ha fått namn etter ein fugl. I Todalen har dei den lokale nemninga */spiˈk:il/* m. for 'kjøttmeis (*Parus major*)'.

I Bindalen på Helgeland var det ved slutten av 1950-åra ei raud folkevogn som vart kalla *Den røde rubin*, tidsriktig plassert etter Agnar Mykles vidgjetne roman frå 1956. Litt sensualitet kan ein vel òg tolke inn i *Leppetiften*, som var ein «knall raud Chevrolet med vengar» (Aukra), vel det som vart kalla dol-larglis på 50-talet.

Farga har òg gjeve opphav til særnamn på andre motordrivne køyreyt, både lastebilar og traktorar. Såleis var *Raudmerra* namn på ein traktor på Jenstad i Sunndalen, sikkert namngjeven etter Sverre Bys prislønte barnebok *Raudmerra* frå 1948, og seinare *Raudmerra er di* frå 1957. Jf. den populære og sterkt medieeksponerte traktoren *Gråtass* det siste tiåret.

Ein kunne lett tru at namn etter farge er underrepresentert i materialet vårt sia kvinner, kanskje særleg yngre kvinner, ser ut til å vera meir opptekne av farga på bilane enn menn (jf. Husemoen 2005:86, 88), og informantane våre er menn. Men slik treng det ikkje vera, for i NEG-svara opplyser kvinner sjeldnare om bilsærnamn enn menn og gjer vel difor mindre bruk av dei.

Namn etter eigenskapar eller lyte

Det er nokså mange namn som kjem inn under denne kategorien.

Om *Gikta* (Tromsø) blir det fortalt at han skulle ha fått namn for di det «knirket noe aldeles grusomt i fjærene».

Frå Vefsn blir det fortalt at *Tyggegummilira* (Mosjøen), ei folkevognboble, «hadde så lita motorkraft at ho kjørte seg fast i (ein kasta) tyggegummi og vart standande å slire (spinne)».

I Vestnes var det rundt 1930 ein Willys Overland kalesjebil som vart kalla *Plasse-Torå*, vel for di han bråka (Ellingseter 2003:54). Eit tilsvarande namn var *Nebbe-Torå* i Måndalen. Sisteledet kjem òg her av di det, som heimels-

mannen fortel, «var vel ikkje så mykje kontroll med eksosanlegga den tida». Dette er langt på veg namnar med *Vuku-Tola* /vuːk:utoʃa /i Verdalen (Toldnes 1995:5), altså med sisteleddet nyno. *tore* f., bokm. *torden*. Førsteledda refererer i alle tilfella til stadene bilane hørde heime.

Kakerlakken (Bjugn) var ein førkrigs Ford som hadde eit liknande opphav ut frå lyden han laga – folk på kysten var vane med å skilje båtar frå kvarandre etter motordunket, så dei hadde vel skarpe øyro for lyden av bilmotorar òg. Elles er *Kakerlakk* kjend som morolaging til bilmerket Cadillac utafør området vårt (Kvillerud 1994: 235).

Noko eineståande verkar namnet *Standaren* (Smøla) å vera. Denne bilen hadde den leie eigenskapen at han kunne stoppe tvert på vegen når han fann det for godt. Men her er det òg mogleg at den ikkje ordboksførde, seksuelle tydinga av *standar* m. 'erigert penis' på Nordmøre kan ha verka inn. – Elles kan ein lett få mistanke om at seksuelle-erotiske namn er vortne haldne tilbake i det innsende materialet.⁵

Namn knytte til ymse arbeidsoppgåver

Slike namn er nok først og fremst knytte til vare- og lastebilar, men kan stundom bli fest til personbilar òg. Såleis hadde ein i 1950-åra i Rissa *Misjonsvogna*, ein førkrigs Essex-modell. Eigaren var aktiv i kristenmiljøet, og heimelsmannen fortel at «når lekpredikantane kom og hadde sine aksjonsveker, vart bilen fylt med åndsfrendar som fekk skyss til møtestaden. Det gjekk ikkje lang tid før bilen gjekk under namnet 'Misjonsvogna'. – Same funksjon hadde òg den sju-seters store *Misjonstralla* (Tingvoll) sist i mellomkrigsåra.

I Mosjøen disponerte Frelsesarmeen i 1950-åra ein gammal Nash frå rundt 1930. Han fekk namnet *Guds vilje*, for «mange syntes det var eit under at denne bilen i det heile tatt gjekk», fortel informanten.

Namn etter ei einskild hending

Frå Flakstad i Lofoten blir det frå slutten av 1930-åra fortalt om bilnamnet *Høyhesten* at da postopnaren Nils Flakstad kom kjørande i den opne kabrioleten sin framom kjøkenglaslet til ekteparet Alf og Matilde, utbraut kona: «Der sitter Nils på sin høye hest», – Alf repliserte: «Ka du sei, sett han Nils på en høyhest?» Slik ble navnet til.» (Johansen 2007:99)

I Ogndalen (Steinkjer) var det ein handelsmann Stigum som køyrde bilen sin, ein Chevrolet 1934-modell, utfor kaia og måtte bergast opp – både han og bilen. Etter dette vart bilen heitande *Moses*.

Frå Averøya blir det fortalt at kjøpmannen Peder Bjørshol, Bruhagen, i slutten av 1940-åra hadde ein bil med namnet *Havørn*. Opphavet til namnet skulle vera sjøflyet Havørn som tidlegare hadde forulykka på Vestlandet. Dette er alt hei-

melsmannen veit om namnebakgrunnen, og det illustrerer nok at snautt alt om namneopphavet er tradert til våre dagar blant bygdefolket.⁶

Oppkalling

I eit par av døma ovafor ser vi at det òg ligg eit element av oppkalling. Det kjem enda sterkare fram i andre namnelagingar, særleg samansette namn, ikkje minst dvandvakomposisjonane. Her tek vi berre med dei enkle («einspora») lagingane.

I grensebygda Meråker var det på 1950-talet to Austin Seven-ar som begge hadde kvinnenamn. For den eine, *Rebekka*, kjenner vi ikkje namngjevingsbakgrunnen. Det gjer vi heller ikkje for det same namnet på ein Fiat frå 1930-åra i Beitstad. Den andre Austin Seven-en i Meråker vart kalla *Elvira*. Denne bilen hadde ifølgje heimelsmannen vorte «døpt Elvira med utgangspunkt i et populært radioprogram som gikk på 1950-tallet. Programmet hette betegnende nok 'Vi seiler ut i verden med Elvira'. Namnet var ikkje spesielt populært som vanleg personnamn desse åra, men det er kjent som merrnamn frå det same tidsrommet.⁷ Bestemor til teikneseriefiguren Donald Duck heitte eigentleg Elvira (Coot) og vart introdusert som Bestemor Duck i vårt land i 1949. For namnelaging i grensebygda Meråker kan det vera interessant at det svenske namnet har vore Farmor (Elvira Augusta) Duck.

Frå Indre Nordmøre (visstnok Surnadal) blir det fortalt at ein mann i 1965 kjøpte ein Renault Dauphine 1958-modell frå ein bilhandlar i Molde. Same året var skiheltane Stein og Marius Eriksen i Surnadalen på laksefiske, og bilen vart høgtidleg døypt *Stein Marius* av dei to brørne.

Umbriago var ein ombygd 1934 modell T-Ford som gjekk i Flakstad i Loføten etter andre verdskrigen. Eigaren hadde alltid god tid, vart det sagt. «Kjem eg ikkje i dag, så kjem eg i mårra,» herma ein etter han, fortel heimelsmannen vår. Dette førte da til at bilen vart kalla Umbriago etter namnet på eit esel som viseartistane Kurt Foss og Reidar Bø song om på den tida.

Blanda opphav

Dette er på mange måtar ei slags restgruppe, namn med namngjevingsbakgrunn som lite høver med dei namna som er lista opp framafor og som kan fortone seg uklare, truleg først og fremst på grunn av kjeldesituasjonen.

Hit kan vi føre *Sprøyta*, ein Vauxhall frå tida rundt 1960. Dette var opphavleg bilen til ein lege på Kvenna (Surnadal), og namnet kan vel ha samband med yrkesutøvinga hans, men vi kjenner vel òg på at vi gjerne skulle ha hatt fyldigare opplysningar om namnebakgrunnen. Det same gjeld *Trille* (Svolvær), men her er det venteleg snakk om samnamnet *trille* f. 'større, firhjula hestevogn for persontransport'. Dette var eit sjeldan køyrety nordafjells, og berre bruka av standsmessig folk, så trilla vart halden for å vera ei stasvogn.

Ved *Fosterfordrivelsen* (Gjemnes) ser vi nok klarare kva opphavet til namnet kan vera. Denne bilen som skaka og humpa noko forferdeleg på dei dårlege etterkrigs grusvegane, høyrde heime nær garden Fostervoll.

Namnet *Larris* /la'ri:is/(Brekken/Røros) frå mellomkrigstida har vi ingen nærare opplysningar om. Vi har det òg som namn på ein buss nytta av eit popband i Kristiansund i 1980-åra (Tidens Krav 3/2-07). Leif Halses teikneseriefigur Larris frå Vangsgutane kan vel ha vore i tankane til namngjevarane. Han var ei urokråke. Men kanskje har òg eng. *lorry* 'lastebil' spela inn. (På Hadseløya i Vesterålen var det i 1940-åra ein lastebil som vart kalla *han Lauris*.)

I Beiarn åtte ein lærar ein A-Ford frå 1930-åra. Han tok seg nær av namnet – og «at det til tider stod ei bøtte vatn og ein høyvondul framfor bilen», i følgje heimelsmannen.

Andregiret /a'ŋ:ergire/ var bilen til ein neslanding (Ålvundfjorden, Sunndal) som køyrde «så kjøle seint, han seig bortover vegane i 70–80-åra». Også eigaren vart kalla *Andregiret*. – Slik seigpining av trafikken er elles noko som er observert vidt omkring. Frå Island blir det t.d. frå 1950-åra fortalt at ein bil vart «kallaður *Likvagninn*, af því að hann ók svá hægt ...». ⁸

Særtrekk ved namngjevinga

Ut frå materialet vårt kan alle slags bilar få særnamn. Det stemmer såleis ikkje særleg godt med det nordafjelske materialet når Bjarne Rogan i ein kommentar om tilhøva rundt 1990 seier at «i Norge är det nästan enbart gamla, små och svaga bilar som får namn, speiellt Citroën 2CV» (Johannesson & al. s. 244). Synspunktet til Rogan er knapt basert på forskning. Men resultatata frå granskinga vår kan ikkje fullt ut avkrefte tankane hans i og med at grunnlagsmaterialet vårt i det heile er eldre (sjå nedafor).

Det nordafjelske materialet viser klart at alle slags biltypar og både små og store bilar kan få folkelege særnamn, slik vi kan sjå av bilmerke- og modellopplysningane framafor. Dette er ei nokså sikker slutning fram til 1970-åra, men i dag er det såpass få namn av denne typen at vi må vera varsame med å dra for bastante slutningar (sjå s. 105–106).

No har det likevel vore ei vanleg meining, også hos oss, at dei skrøpelege austuropeiske bilane, som Skoda, Trabant og Moskvitsj har vorte drive gjeon med i tiåra etter krigen. Dei «became the butt of endless jokes both within and outside the soviet satellites», meiner Len Holden (1998:29). Men denne holdninga finn ein altså ikkje utan vidare reflektert i særnamns materialet vårt. Det kan i alle fall vera to grunnar til denne «mangelen». For det første var det generelt utover i etterkrigstida svært mange dårlege bilar i landet vårt, tenk berre på dei tyske opelane som vart kalla blekk-kassar, så dei austuropeiske skilde seg

ikkje så mykje ut. For det andre minka det sterkt med slike bilar ut i 1960-åra da det vart slutt med stor- og vårsildfisket, og importen av austuropeiske bilar gjekk ned som eit resultat av at varebyteavtalane med sild/fisk mot personbilar etter kvart fall bort. – Dei same varebyteavtalane med austuropeiske land er òg kjende frå Island, men heller ikkje der ser det ut til at dei mange austuropeiske bilane har fått nokon ekstravote av utnamn (Sigurður H. Hreiðarsson 2004).

Eit spesielt trekk ved vårt nordafjelske materiale er at så mange namn er gjevne til «avsaga eller avkappa» personbilar med påsett liten lastekasse bak, altså typen pick-up (sjå bilde av Støvbrettet framafor). Dei ser ut til å ha vore temmeleg vanlege i den nære etterkrigstida og utover i 1950-åra. Heimelsmannen vår frå Andøya i Nordland kommenterer dette slik:

Dette med å kappe personbil og sette kasse bakpå var veldig alminnelig her på småbrukene fordi jorda kunne ligge opptil en kilometer fra gården. Min far transporterte alt fra møkker ut og høy inn for ikke å glemme tang fra fjæra (gjødsel) 2 kilometer borte og torv som brensel 1 kilometer [borte].⁹

Også på Island ser denne biltypen, ein såkalla *hálfkassabíll*, ut til å ha vore vanleg i 1930-åra og seinare.¹⁰

Det er truleg at våre folkelege bilnamn i dei aller fleste tilfelle er gjevne raskt, som når fru Grytten «straks» døypte den nye Volvoen Gråpus. Det same er tilfelle ved det som i ei ettertid kan fortone seg som ein kollektiv namnedåp. Liknande ser ut til å gjelde ved bruktbilkjøp. Såleis vart bilen *Karlsvogna* på Smøla kjøpt av ein tater Karl, som straks fekk festa namnet sitt til han.

Av bilnamna våre er ca. 45 % samansette. Hit reknar eg da òg syntagmetypen *Den gule fare* som vi har fleire stader i 1930-åra, sjølv om det her er snakk om ein ferdigkomponert seiemåte. Noko for seg sjølv står snaue registreringsnummer som *2990* eller *Fem hundre og fem*. – Det er altså ikkje så mykje som kan seiast om tilhøvet mellom usamansette og samansette namn, men det er likevel ein tydeleg tendens til at der det er mange slike særnamn, så er òg ein stor del av dei samansette.

Av etterledd er det berre eitt som er særleg frekvent, nemleg *-vogna*, som *Karls-*, *Barne-*, *Klokkar-*, *Øl-* og *Misjons-*. Dette har vi òg i namn på lastebilar, slik *Gjøglarvogna* frå Bjugn på 50-talet.¹¹ Så finn vi òg nokre døme med *-tora* i Romsdalen og på Innherad. Det siste dømet er vel det næraste vi kjem til kreative leddlagingar, slik som vi t.d. kjenner frå personnamn i Nord-Noreg (Alhaug 1985:80 ff.). Vi manglar anagram i materialet vårt.

Det er mange døme på denotasjonsendringar i materialet. Vi kan såleis ha

syntagmar som *Den gule fare* eller *Den røde rubin*, men òg nokre einskildord eller samansetningar, t.d. *Blåmann* og *Kjerringrokken*, og dessutan fleire personnamn og persontilnamn. Slike denotasjonsendringar minner mykje om dei vi kan finne i utnamn på personar nordafjells (Stemshaug 1978:126 ff. og 1984).

Det kan verke underleg at vi ikkje så ofte har døme på at namngjevarane har teke utgangspunkt i bilmerke- eller modellnamn, heller ikkje akronym, slik som Kvillerud (1994) viser med mange døme frå sitt materiale, t.d. *Vinglia* og *Pugarten*. Også på Island er det flust med slike døme (Sigurður 2004). Skilnaden må vel komma av at det blant våre namngjevarar knapt fanst særleg profesjonelle bilfolk, som bilmekanikarar eller bilseljarar. Namngjevarane våre er tydelegvis som namngjevarar ei homogen gruppe, dei såg nok først og fremst bilen og bilkøyraren heller enn bilmerket og modellnamnet. Og før 1960-åra var nok dei fleste av dei heller ikkje bileigarar. Men vi har altså døme som *Henry* og *Villgrisen*.

Lagingsmåten er òg kjend frå andre framkomstmiddel. Ja, enda til ein skarve trøsykkel kunne få eit slikt utnamn i den seine mellomkrigstida på Snåsa, nemleg *Sveitthunden* /svet:ˈhu ŋ:/, etter sykkelmerket St. Svitun.¹² (*Veltepetter* som vi har både i dansk og norsk, må vi derimot rekne som appellativ, sjå t.d. Poulsen 2007:68).

Det finst eit par tilfelle med det vi kunne kalle «arvenamn», og der det mest spesielle og interessante er *Støvbrettet*. Dette har vore namn på ei samanhengande rekkje med varevogner (ombygde personbilar) og pick-up-ar i Todalen (Indre Nordmøre), frå den nære etterkrigstid og fram til i dag. Derimot manglar personbilane i materialet vårt døme på «søsternamn», dvs. namn innafor same motivkrinsen og med sams bileigar. Dette er velkjent frå skipsnamngjeving (jf. Johannessen 2000:210 ff.), og vi har fleire døme på det for lastebilar og andre «arbeidsbilar» i Romsdalen og på Nordmøre. Såleis har Kristiansund Elektrisitetsverk (no NEAS) tradisjonelt hatt jentenamn på bilane sine: *Fia*, *Monica*, *Emma*, *Janka*, *Dora* og *Leda* [sic] (Stemshaug 2008). Namna skulle ende på -a vart det sagt.

Eit halvt unntak frå denne mangelen på slektskapsnamn blant personbilane er det likevel når «Telegrafene» i Mosjøen i slutten av mellomkrigsåra hadde ein liten fireseters Fiat som vart kalla *Kalven*. Den andre bilen til «Telegrafene» var ein stor lastebil som ein nemnde *Kua*.

Bjarne Rogan meiner at «i ett land där stora och dyra bilar är normen, är det viktigt att markera självironi när man namnger sin gamla, trivsamma bil, en intellektuell grimas när alt kommer omkring» (Jóhannesson & al. 1994:244 f.). Det blir visst sikta til tilhøva i Noreg rundt 1990. Og Rogan meiner at for bilar generelt tør «de gemensamma dragen vara [...] ironi, små dimensioner

som litenhet, låga prestanda m.m. Den diminutiva aspekten är följaktligen starkt accentuerad» (loc.cit.). Med bakgrunn i inkongruensteori meiner han at «... små, svake biler kan ha navn som *Hercules* o.l.» (op.cit. s. 88). Når Rogan målber slike tankar, kan det sjå ut som om han har overført forholda i den moderne lystbåtflåten til den norske bilparken (jf. Rogan 1992:89 ff.). Men det kan ein ikkje utan vidare gjera. Dei moderne fritidsbåtane er nemleg i det store og heile namngjevne av eigar eller familie på individuelt grunnlag, medan dei folkelege bilnamna i all hovudsak er eit produkt av kollektivet.

Dette kjem heilt klart fram i det nordafjelske området som heilskap, slik som vi kan sjå det ut frå materialet vårt. No finst det også blant dei nordafjelske bilnamna heilt klare pejorative døme, som *Tyggegummislira* i Vefsn, men dette er meir som unntak å rekne. Andre ser ut til å vera rosande eller håpefulle, som *Trille* – heller det enn ironisk. Men at fenomenet inkongruens har vore eit viktig incitament, er nok sikkert, slik det går fram av ein del tilfelle ovanfor.

Ein annan skilnad frå lystbåtnamna, slik dei førekjem i materialet til Rogan (1992:68 f.), er dei svært skrinne forekomstane av kvinnenamn. Det same gjeld seksuelle eller erotiske namn i materialet vårt. *Standaren* på Smøla kan vel først hit, men ikkje *Kjerringrokken* i Ålvundfjorden. Vi kunne kanskje ha venta å finne mange bilsærnamn med ein slik vri, for dei er rikeleg representerte i persontilnamn nordafjells. Og alt i mellomkrigsåra hadde bilen seksuelle konnotasjonar og vart gjerne oppfatta som eit fallossymbol i USA, slik det kjem tydeleg fram i amerikanske popsongar heilt frå mellomkrigsåra og opp til vår tid. Men her er det truleg òg ein skilnad i amerikansk og europeisk kultur, slik Duncan Heining er inne på i ein kommentar til ein britisk popsong: «This song is an unusual one in being a British car song. Released in 1959 when car ownership was not widespread and did not extend to working class youth, it is forced to rely on the American image of the Cadillac to give it authenticity ...» (Heining 1998:98).

Sia materialet vårt stort sett er frå før 1970, er vel kanskje skorten på seksuelle-erotiske namn naturleg. Innsamlingsmåten vår garanterer heller ikkje for at vi har fått noko nær fullstendig oversyn her (jf. ovafor s. 90, med note). Sosiale og kulturelle konvensjonar kan ha spela inn og halde opplysningar tilbake. Det var den tid vanlegvis berre ein personbil i kvar huslyd, han var eit familieprosjekt. Konebilen, papparæseren og rånebilen er i vårt land eit noko seinare fenomen. Og sjølv om bilen i mellomkrigsåra og etterkrigstida også var eit mannsprosjekt, så eigna ikkje dei lite velforma og oftast skrøpelege og nedslitne bilane seg særleg godt som seksualsymbol – det lyt da helst vera etterkrigstidas forholdsvis svært få dollarglis ein kan sjå for seg i den funksjonen.

Hovudmengda av namnedøma i det nordafjelske materialet er enten nøytrale, som ved t.d. dei fleste fargeinspirerte namna og namn etter eigar eller

brukar, eller dei er nokså uskyldig humoristiske. Det gjeld òg dei namna der inkongruens er ein tydeleg faktor (sjå s. 101). Såleis synest det vera den folkelege humoren og namngjevingsgleda som er mest karakteristisk. Det er det Axel Lindqvist (1952:9 ff.) kallar «namnets tjusning» som så heilt tydeleg fell i augo. Slik er det i alle fall ved hovudmengda av namna i materialet vårt. Det er ut frå ein humoristisk og kreativ synsvinkel ein skal sjå namn som *Gikta*, *Hysekassa*, *Misjonstralla* eller *Sprøyta*. Såleis er det ikkje særleg samsvar med det Kvillerud (op.cit. s. 237) seier om at «det er främst de bilar som väcker positiva eller negativa känslor som ges i n d i v i d u e l l a vardagsnamn».

Utbreiinga av dei folkelege bilnamna og brukarkrinsen deira

Bjarne Rogan seier om tilhøva rundt 1990 i vårt land at «98-99 % av de norska bilarna er namnlösa» (Johannesson & al. 1994:244). No har vi inga haldbar forskning som seier oss at denne gjettinga kan vera rett. Men at det var heller få slike namn rundt 1990, og truleg enda færre i dag, er vel ikkje å ta for sterkt i. Å kvantifisere dei folkelege bilsærnamna i landet vårt synest likevel å vera vågal sport, og årsaka til det er først og fremst brukarkrinsen som desse namna kan ha. Det same gjeld elles nokre fellesnemningar som bilar kunne ha, t.d. *kvarting* som mange vernepliktige menn kjenner frå militæret i tiåra etter krigen, om ein liten Dodge lastebil (Veka 2007:62).

Det som er sær s tydeleg ved folkelege bilnamn, er at dei har ein svært variabel brukarkrins – somme kan vera kjende i ei heil bygd, og kanskje vidare, slik som *Den røde pimpermell*, bilen til fargar Berg på Steinkjer, alias Martin Kvønnavika. Det namnet var kjent for mange i heile det nordlege Innherad i mellomkrigstida. Andre bilnamn er berre kjende i den næraste familien. Frode Grytten fortel i den samanhengen at onklane hans skaffa seg like eins Volvo-ar som faren i 1960-åra, men med ulik farge. «Det var mine mange søskenborn på Gjøvik som meinte ein på ferietur måtte skilje bilane frå kvarandre. Det blei gjort ut frå farge, og vår blei altså Gråpus, dei andre fekk namna Grønsåpa og Svarteper.»¹³

Husemoen (2005:97) meiner ut frå svara på spørjelista frå NEG at «det kan virke som om navn på bil i mange henseender stammer fra barns initiativ.» Dette kunne ein i så fall jamføre med namngjeving av kalv og kje, og det har vel sikkert skjedd med somme bilar òg i nokre tilfelle. Men her er det likevel spørsmålsutforminga i NEG-lista som kan ha innbydd til svar frå ein trong, familiær brukarkrins. Det nordafjelske materialet viser derimot tydeleg at det i all hovudsak er vaksne som er namngjevarar og at brukarkrinsen gjernast er vidare enn den reine familien.

Frå Trondheim har eg ikkje fått tak i eit einaste folkeleg bilnamn, og det er visstnok den einaste tettstaden nordafjells som manglar slike døme. Det

næraste eg har komme til slike namn her er /bø̀g:ebila/, den gamle trondheimsnemninga for Svartmarja (det ikkje tydingsbelagte *bøggen* m.b.f.sg. er trondheimsslang for 'politiet').¹⁴ Årsaka kan liggje noko i kjeldesituasjonen. Vi har ikkje munnlege kjeldeopplysningar lenger tilbake enn slutten av 1920-åra. Da var det alt mange personbilar som rusla og gjekk i den relativt store byen, og di fleire bilar, di mindre folkelege særnamn på dei. På den tid var nok Bilbeistet til Olav Aukrust eit bygdefenomen. I dei tette arbeidarsamfunna på Lademoen, Ila og Bakklandet hadde ein likevel ikkje råd til å kjøpe bil før siste verdskrig, og på Singsaker og Berg hørde knapt slike folkelege tilnamn med i den soignerte språkbruken der.

Tilhøva i Trondheim blir særleg interessante når vi samanliknar med Kristiansund, der slike bilnamn ikkje er ukjende. I Kristiansunds tette bysamfunn var det svært få bilar, og der ute på øyane var ein utan fast samband med riksvegnettet heilt fram til det såkalla KRIFAST-sambandet kom i 1992. Slik kunne dei få bilane bli meir individuelle, ein kunne kjenne dei att i bybiletet, og på det viset gje grobotn for særnamn på dei.

Også i bygdesamfunna har denne namnebruken vore ulik. I somme bygdesamfunn ser bruken ut til å ha vore liten, kanskje manglar han heilt, men det er òg mykje mogleg at dette kan skuldast sjølvje innsamlinga. Heilt spesielle har tilhøva vore i den nokså avstengde, vesle bygda Todalen på Indre Nordmøre (sjå Stemshaug 2008). Frå lærartida mi der rundt 1960 hugsar eg dei mange og særmerkte bilnamna som svært fascinerande og som uttrykk for ein spesiell kultur, med gode vokstervilkår i det overlag tette og inkluderande bygdesamfunnet. I tillegg til dei mange bilnamna var det òg flust med persontilnamn, og begge desse namnetypane var godt kjende for alle i bygda, så namnekrinsen var vid. Bak denne namnekreativiteten ligg det etter mitt skjønn først og fremst eit sosialiseringssmotiv, ein djupare, kanskje umedviten tanke om at «han er (og skal vera) ein blant oss».

Alderen på namna

Grunnlagsmaterialet vårt er eit talemålsmateriale som er innsamla dei to siste åra. Det vil seie at dei fleste av dei eldste namna våre går tilbake til 1930-åra, nokre få likevel til siste halvta av 1920-åra. Men det er all grunn til å tru at folkelege særnamn på bilar ikkje er noko 20-talsfenomen. Ved kysten og i fjordbygdene var folk vane med å kalle motorbåtane med namn, så det kunne vel synast naturleg å setje namn på andre motoriserte farkostar òg. Eit artig døme på det har vi frå Hitra der ein «avsaga» personbil med platt bak fekk påmåla namnet *Kilden* på karosseriet framme over frontglaset, «akkurat som på ein båt» uttrykte heimelsmannen seg. Det er difor all grunn til å tru at dei bilnamna vi handsamar her, er tilnærma like gamle som bilen i dei aktuelle områda.

Vi har nok òg nokre få døme frå vårt område som fortel at slik har det truleg vore. Såleis kjenner vi namnet *Kommunekua* om ein Podeus personbil som Bodin kommune skaffa seg i 1921 (Svanberg 1962:15). Vi har òg eit einstaka talemålsdøme i materialet vårt, *Den røde pimpnell*, som kanskje kan gå tilbake til tida før første verdskrig (sjå s. 102). Også utafør området vårt finn vi ein sjeldan gong opplysning om slike namn, t.d. *Ragnhild* om ein personbil frå før første verdskrig i Oslo. Derifrå blir det òg fortalt at «da den bekjente Mercedes'en til Sam. Eyde ble innkjøpt til drosjekjøring, fikk den oppnavnet «båten» (Gretland 1951:160). Den siste opplysninga fortel ikkje berre om namnekronologi, men òg om namngjevinga og assosiasjonane til namngjevarane.

Når vi har slike opplysningar om bilsærnamn frå før slutten av 1920-åra, så er det gjernast for di vi kan treffe på dei i skriftlege framstillingar. Levetida for det einskilde bilnamnet var nok for folk flest i det store og heile jamt med brukstida for bilen. Unntaksvis kunne nok namnet seinare bli hugsa innafør familien, jf. Gryttens *Gråpus*, eller av spesielt bilinteresserte. Når *Den røde pimpnell* til fargar Berg på Steinkjer blir hugsa av mange på Innherad enno i dag,¹⁵ så er det både for di brukstida til bilen var lang, men òg for di det samstundes var morofiguren Martin Kvænnavikas bil. Som heilskap må vi likevel kunne seie at desse namna relativt fort sokk nokså djupt ned i det passive ordforrådet til folk.

Det er vanskeleg å seie noko om dei folkelege bilnamna minka i tal i den nære etterkrigstida. Truleg gjorde dei ikkje det, for folk flest hadde ikkje høve til å ha eigen personbil, og han var dessutan rasjonert. Og få bilar tilsa nok at om ikkje bilen var eit interessant bisn lenger, så var han i alle fall ikkje allemannseige.

Det skulle bli endringar på dette etter at bilrasjoneringa vart fullstendig oppheva for alle personbilar frå 1. januar 1960. Tidlegare hadde det pga. handelssamkvemet med Aust-Europa, det var nærast snakk om eit varebytesystem, vore noko lempelegare reglar for austeuropeiske bilar. No vart det etter kvart vanleg å ha bil. Ja, det blir mange av dei etter som åra går, også i utkantdistrikta. Bilen blir ein forbruksting og det er ingen spesiell stas med å vera bileigar lenger. Folk blir ikkje så opptekne verken av sine egne eller andre sine bilar. Slik kan vi da òg nokså trygt ut frå materialet vårt slå fast at den store nedgangen i særnamn på personbilar nordafjells kjem ut i 1960-åra. — Det kan sjå ut til at særnamn på lastebilar og bussar har halde seg noko betre enn på personbilar, i alle fall er ikkje nedgangen så bratt i 1960-åra for desse biltypane som for personbilane.¹⁶

I dag er dei folkelege særnamna på personbilane mesta heilt borte. Når *Støv-brettet* framleis held seg på vegane i Todalen, så er det rein nostalgi.

Etter å ha arbeidd seg igjennom eit slikt namnemateriale, så er det ikkje til å unngå at ein må komma til å reflektere over kva slags ting eller «andre namn» (ikkje dyrenamn) som eigenleg blir namngjevne. Katharina Leibring (2002:7) fortel om barns spontannamngjeving av leiketøy at det som er felles for særnamna i hennar materiale «är att de alla är avbilder av djur eller menniskor». Desse barna har altså følgt «vuxenvärldens regler beträffande vem eller vad som oftast brukar namnges, nämligen levande individer» (op. cit. s. 15).

I ei gransking av norsk leiketøy stør resultatata opp under det Leibring seier, men i tillegg så kan òg andre leiker få særnamn (Stemshaug 2004). Slik vart ein stor kjelke i det gamle Bergen kalla *Langebrødre* på 1700-talet – og ein kjelke i Johan Bojers *Den siste viking* (1921) ber namnet *Lunelden*. Her kan vi utafør vårt område jamføre med det vakre kjelkenamnet *Rosebud*, frå filmen *Citizen Kane* (1941). – Ein snurrebass av metall vart i den nære etterkrigstida kalla *Jakop* på Sør-Austlandet.

Vi merkar oss elles at ei stor kastenot, altså ei landnot som ein drog til lands frå den eine eller begge endane, kunne få særnamnet *Tispa* i Hjørundfjorden (Håndlykken 1999:117).¹⁷ Og den såkalla sykkelheisen som surrar og går oppover ein bratt bakke på Bakklandet i Trondheim, vart fort døypt til *Trampe* da han vart bygd midt i 1990-åra.

Men så kjenner vi frå historia at særnamn kunne bli gjevne til våpen, først og fremst sverd, t.d. Gisle Surssons *Grásíða*. Denne tradisjonen har levd heilt opp til vår tid, med namn på børser, ja, enda til kanonnamn som «*Tykke Berta*».¹⁸ Jamvel kyrkjeklokker kunne ha egne namn, som *Gløð* i Klemenskyrkja i Nidaros først på 1000-talet, og heilt opp til våre dagar som den vel hundre år gamle *Johanna* i Østre Halsen kyrkje i Vestfold (Dag og Tid 8/2-08).¹⁹ Funksjonen til *Gløð* er vel ikkje i og for seg så ulik den luren *Andvaka* til kong Sverre hadde på slutten av 1100-talet.

Også lovbøker kunne ha sine egne namn i norrøn tid, som dei trøndske *Grágás* og *Gullfieðr*, den første profan, den andre geistleg. Deriomot er salmeboka *Kingo* i folkemålet, etter salmisten Thomas Hansen Kingo (1634–1703), heilt på sida i dette selskapet. (I den nyaste tida er naturlegvis namn etter forfattar velkjent – t.d. typen *Iversen*, dvs. Ragnvald Iversen: *Norrøn grammatikk*, altså typiske døme på metonymi.)

Finst det da nokon samnemnar her? Kanskje er det det. Viss vi ser på det som er felles for zoologisk liv, så er det, i alle fall for litt høgareståande skapningar, rørsle og lyd. Dette er det som sameinar objekta for båt- og bilnamn, person- og dyrenamn, så vel som kjelke- og klokkenamn eller framsagd og nedskreven tale i lov- og sogehandskrift. Dette kan òg forklare at sverda i norrøn tid så ofte har namn, medan spyda vanlegvis ikkje har det. Slik har t.d. Gisle sagas sverd *Grásíða* namn, men når brotstykkja av det blir omsmidd til spyd, så fell namnet

bort, eller det blir i alle fall ikkje nemnt i noko av dei to sogehandskriftera. Og om eit anna nordmørssverd blir det fortalt i same saga at det «gall við hátt» og «gall Gunnlogi», dvs. Gunnloge 'gjalla, klinga', altså laga våpengny, der motparten (Gisle) nytta eit namnlaust spyd.²⁰ Eit h o g g s p y d kan derimot i den same saga få namnet *Hræfrakki* 'den lik-dugande'.

No har vi ei gruppe namn som synest å skulle gå rakt mot det som her er antyda, nemleg husnamn. Dei er rett nok ikkje særleg vanlege i Noreg, men finst i rikt monn i tettbygd område lenger sør og aust for landet vårt (Rogan 1994:84 f., Blomqvist 1997:37 ff., Dalberg 2005:101 ff., Wahlberg 2006). Men slike namn er, som òg firmanamn, den siste tida i særleg grad skapte av eigarane og ikkje i eller av eit folkeleg fellesskap, som primært er vårt emne i samband med bilsærnamn.²¹ Det gjeld t.d. det huset i Trondheim der denne artikkelen no er skriven ned. Det vart namngjeve *Endeli* av husbyggjaren, språkvitskapsmannen Ragnvald Iversen, i 1928 – og blir aldri bruka av nokon i ei gatenummer-tid, sjølv om namnet aldri så mykje står på eit skilt ved inngangsdøra. Det var vel slik med husnamna våre som med Ivar Lo-Johanssons «egnahemmarnas namn», at «namnen speglade idyllen» (Lo-Johansson 1990:34).

Truleg bør vi òg halde forsamlingshusnamn som *Salem* og *Trudvang* og dei aller fleste (turist)hyttenamna utafor i denne samanhengen. Men nettopp husnamna, også med tanke på adressefunksjonen, viser kor vidsveimt namngjeving av ting kan vera. Vårt vesle innsmett her skal difor berre sjåast på som eit innkast for meir grundige drøftingar av spørsmålet.

Ekskurs: Nemninga drosje m.

Ordet *drosje* m. er eit slavisk ord i nordisk. Vanlegvis blir det sagt å komma frå russisk eller polsk over tysk *Droschke* 'firhjula kjøretøy til persontransport (leiegekjøring)'. Denne tydinga har ein òg i svensk *droska* «hyrvagn» (SAOB, forfatta 1925) og dansk *Droske/Drosche* (ODS, forfatta 1921). Same tydinga finn ein i ordbøker over norsk språk. Frå først av var det i vårt land snakk om hestetrosjar, og Knud Knudsen (1883) gav dette oppslaget om ordet i det store fornorskingsverket sitt: «*Droske, -sche, lej(g)e- el. hålde-vogn* (som håldes på gater el. torv)», og slik har ordet vore kjent i offisiell norsk. I dag har ordet fått sterk konkurranse frå lånordet *taxi* m., og dei norske drosjebilane køyrer i dag gjernast med TAXI-skilt på taket.

Men i talespråket nordafjells har det levd ei anna tyding av *drosje* og særleg sms. *drosjebil*, nemleg 'personbil (generelt)' og som leksika ikkje kjenner til – bortsett frå det vi no dei siste par åra har fått ført inn i *Norsk Ordboks* setelarkiv (og som er tilgjengeleg på nettet). Det er representativt for ei side av kvardagspråket som lett blir oversett ved ordinnsamling og ekserpering, enkle, kvardagslege ord utan noka kuriøs form eller særmerkt innhald.

Denne tydinga er òg kjend frå moderne islandsk. Árni Böðvarsson (1988) gjev opp at *drossía* (*drossja*) fem. har den avlagde tydinga «lukstur vagn», medan tydinga «lítill fólksbíll (alt að sjö manna)» framleis er levande. Sigurður Hreiðar Hreiðarsson brukar nemninga noko med denne tydinga, slik t.d. når «fólksbílar með stálhúsi voru kallaðir drossiur» (Sigurður H. Hreiðarsson 2004:200). Slik fortel Sigurður at «Overland [var] fánlegur sem yfirbyggður fólksbíll, drossía eins þannig bílar voru kallaðir hér þegar þeir loks fóru að koma þannig frá verksmiðju, að minnsta kosti frá árinu 1913» (Sigurður H. Hreiðarsson op.cit. s. 358).

Blöndal (1920–24) har derimot frå ei tidleg biltid på Island ordet *drossja*, *droska* med spørsmålsteikn framom.

I vårt nordafjelske område er tydinga 'personbil' for *drosje/drosjebil* vel kjend. Fleire heimelsmenn i den sørlege delen av området vårt uttrykte det slik at «drosjebil vart bruka som motsetning til lastebil». Frå Ogndalen (Steinkjer) fortel ein heimelsmann som kjøpte seg ny personbil, at «ei kone sa til meg ein gong rundt 1960: Jøss, hi du kjøft dæ ny dråsj». Vi kjenner denne bruken frå og med Romsdalen til og med Lofoten, men med noko ujamne belegg i materialet vårt. I Romsdalen har vi opplysningar om denne seiemåten frå alle kommunar bortsett frå Sandøy og Midsund i vest. På Nordmøre ser bruken ut til å vera noko sparsamare, med belegg frå Tingvoll og Aure. Det same gjeld Sør-Trøndelag, med belegg frå Soknedal, Singsås, Ålen, Selbu, Bratsberg i Strinda, Hitra og Bjugn, og like eins Nord-Trøndelag, med belegg frå Ogndalen. Frå Nordland har vi sikre opplysningar om ein slik bruk frå Vefsn, Beiarn i Salten og Flakstad i Lofoten. Nord for Lofoten har vi meir usikre opplysningar om tilsvarende bruk frå Bleik i Vesterålen og Senja. Utafor det nordafjelske området har vi undersøkt om vi kunne spore ein eventuell bruk i kommunane i Nord-Østerdalen, men har fått negative opplysningar frå alle dei gamle herada.

Det er all grunn til å tru at tydinga 'personbil' for *drosje/drosjebil* er eller har vore meir utbreidd innafor det nordafjelske området enn belegga våre kan tyde på. For det første har vi ikkje heimelsfolk frå alle kommunane innafor området, og for det andre er dette ein bruk som no stort sett må seiast å vera i ferd med å bli avlagt – eg har ikkje støytt på nokon under 60 år som har ein slik ordbruk i det aktive ordforrådet sitt.

Årsaka til at denne tydinga har vore temmeleg allmenn nordafjells, må vel vera den same som eg kjenner frå mi eiga heimbygd Aure: Dei første personbilane som kom utover bygdene, var i bruk som drosjebilar (taxiar), ein hadde to sortar bilar, lastebilar og drosjebilar. Slik kunne òg dei første private personbilane generelt få denne nemninga.

Etter kvart som bilbruken auka og det vart mange både vanlege personbilar og drosjebilar (taxiar), trong ein å skilje mellom dei to typane. Her er det òg

rimeleg å tru at da systemet med drosjeløyve vart innført, så ville det etter kvart føre til ein endra nemningsbruk eller setje fart i ein endringsprosess som var i gang. Slik tok lokalsamfunna smått om senn opp nemningsbruken i stor-samfunnet. Eg vil tru at denne endringa i bruksmåten skaut fart først i 1960-åra da biltalet tok til å auke.

*

Det samla nordafjelske materialet med særnamn og samnamn på bilar, med tydingsvariasjonar og bortfall, innbyr til å stille spørsmål om kva slags kategori(ar) som først forsvinn og kva slags rolle dei har og har hatt, slik Peter Ernst meir generelt har gjort (2005), altså med eit noko anna perspektiv enn dagens populære undersøkingar om domenetap. Men dette ville sprengje ramma for denne studien, så eit slikt arbeid får bli ei framtidig granskingsoppgåve å gje seg i kast med.

Takk til dei mange heimelsmennene som har ofra tid og krefter på å få fram i dagen opplysningar om denne lite påakta arven frå ei nær fortid.

Litteratur:

- Alhaug, Gulbrand 1985. Noen trekk ved fornamna i Nord-Noreg. I: *Studia anthroponymica Scandinavica*. Årg. 3. Uppsala. S. 73–102.
- Andersson, Thorsten 2004. Varumärkens grammatiska status. I: *Namn. Hyllningsskrift till EVA BRYLLA den 1 mars 2004*. Namn och samhälle 15. Redigerad av Svante Strandberg, Mats Wahlberg & Björn Heinrici. Uppsala 2004. S. 7–14.
- Árni Böðvarsson 1988. *Íslensk orðabók*. Önnur útgáfa. Reykjavík.
- Blomqvist, Marianne 1997. Husnamn i Helsingfors. I: *Byens navne. Stednavne i urbaniserede områder*. Rapport fra Nornas 24. symposium i København 25.–27. 4. 1996. Redigeret af Vibeke Dalberg, Bent Jørgensen. NORNA-rapporter 64. Uppsala. S. 37–48.
- Blöndal, Sigfús 1920–22. *Islandsk-dansk Ordbog*. Bd. I. Reykjavík.
- Ciešlikowa, Aleksandra 1995. Unterschiede zwischen den Kategorien der Eigennamen. I: *Studia onomastica et indogermanica*. Festschrift für Fritz Lochner von Hüttenbach zum 65. Geburtstag. Hrsg. von Michaela und Christian Zinko. Graz, Leykam. S. 25–34.
- Dalberg, Vibeke 2005. Mulig mønsterpåvirkning i nogle danske stednavnetyper. I: *Namnens dynamik. Utvecklingstendenser och drivkrafter inom nordisk namnskick*. Handlingar från den trettonde nordiska namnforskarkongressen i Tällberg 15–18 augusti 2003. Redigerade av Staffan Nyström. NORNA-rapporter 80. Uppsala. S. 101–09.
- DN = *Diplomatarium Norvegicum*. Christiania/Kristiania/Oslo. Bd. I-XXII. 1847–1992.
- Ellingsen, Gunnar 2006. Hjørundfjord i 1906. I: *Frå Hjørundfjord*. Årsskrift nr. 28. Hjørundfjord sogelag. Volda. S. 7–30.
- Ellingseter, Per Bjørn 2003. Dei første bilane i Vestnes. I: *Vestnes sogelag. Årsskrift 2003*. 8. årg. Vestnes. S. 44–69.

- Ernst, Peter 2005. Wörter und Namen im mentalen Lexikon: Namenkunde und kognitive Linguistik. I: *Namenforschung morgen. Ideen, Perspektiven, Visionen*. Herausgegeben von Andrea Brendler und Silvio Brendler. Hamburg. S. 37–44.
- Gretland, Peer 1951. *Bilens historie: bilimens utvikling i Norge og en kronologisk oversikt over bilens historie*. Oslo.
- Heining, Duncan 1998. Cars and Girls. – The Car, Masculinity and Pop Music. I: *The Motor Car and Popular Culture in the 20th Century*. Ed. David Thoms, Len Holden, Tim Claydon. Aldershot. Brookfield. Singapore. Sydney. S. 96–119.
- Holden, Len 1998. More than a Marque. The car as Symbol: Aspects of Culture and Ideology. I: *The Motor Car and Popular Culture in the 20th Century*. Ed. David Thoms, Len Holden, Tim Claydon. Aldershot. Brookfield. Singapore. Sydney. S. 28–40.
- Holsbøvåg, Kåre Magne 2004. Bilar med personlege namn. I: *Romsdal sogelag. Årsskrift 2004*. Molde. S. 83–88.
- Husemoen, Silje 2005. *Kvinner og bil – en kulturanalytisk studie*. Hovudoppgåve i folkløstikk. Universitetet i Oslo.
- Håndlykken, Bernt M. 1999. Maten som alltid var der, frisk og levande! I: *Frå Hjørundfjord*. Årsskrift nr. 21. Hjørundfjord sogelag 1999. Volda. S. 114–20.
- Jenstad, Tor Erik 2002. Panser. I: *Ord om ord*. Årsskrift for leksikografi. Årg. 8. Oslo. S. 66–70.
- Johannessen, Ole-Jørgen 2000. Noen synspunkter og problemstillinger i skipsnavnforskningen. I: *Namn gjennom 2000 år – namn i år 2000*. Den 9. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 11.–12. nov. 2000. Red. Kristin Bakken og Åse Wetås. Oslo. S. 203–20.
- Jóhannesson, Kristinn, Hugo Karlsson og Bo Ralph (red.) 1994. *Övriga namn*. Handlingar från NORNA:s nittonde symposium i Göteborg 4–6 december 1991. Uppsala.
- Johansen, Ole 2007. Veier og biler i Flakstad. I: *Lofotboka -07*. Årbok for Lofoten. 29. årg. Værøy. S. 97–104.
- Knudsen, Knud 1884. *Unorsk og norsk eller fremmedords avløsning*. Kristiania.
- Kvillerud, Reinert 1994. Vardagliga namn på bilar. En studie om namngivning. I: *Övriga namn*. Handlingar från NORNA:s nittonde symposium i Göteborg 4–6 december 1991. Redigerade av Kristinn Jóhannesson, Hugo Karlsson, Bo Ralph. Uppsala. S. 229–41.
- Langendonck, Willy Van 2007. *Theory and Typology of Proper Names*. Trends in Linguistics. Studies and Monographs 168. Berlin. New York.
- Leibring, Katharina 2002. Bultron, Papegojan och Samiriarn. I: *Leksaksnamn och järnvägsnamn*. Två uppsatser. Namn och samhälle. 14. Uppsala. S. 5–17.
- Lind, E. H. 1920. Nordiska personnamn. Strödda iakttagelser och förklaringsförsök. I: *Arkiv för nordisk filologi*. XXXVI. Lund. S. 301–26.
- Lindqvist, Axel 1952. *Ordets makt och namnets tjuvning*. Göteborg Högskola. Forskningar och föreläsningar. Lund.
- Lo-Johansson, Ivar 1990. *Analfabeten. En berättelse från min ungdom*. Stockholm. (Førsteutg. 1951)
- NO = *Norsk ordbok*. *Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet*. Bd. 1-7. Oslo 1966–2008.
- Poulsen, Marinus 2007. Te Mar'ken i Holsbrow'. I: *Ord & Sag*. 27. Århus. S. 62–72.
- Rogan, Bjarne 1992. Oskar og Gaa Paa, Vantrivsel og Sviger mors Drøm. Norske lystbåtnavn i går og i dag. I: *Norsk sjøfartsmuseum. Årsberetning 91* (1991). Oslo. S. 59–102.
- Rogan, Bjarne 1994. Navn eller nummer. Motiver for navngiving av ting. I: *Övriga namn*. Handlingar från NORNA:s nittonde symposium i Göteborg 4–6 december 1991. Redigerade av Kristinn Jóhannesson, Hugo Karlsson, Bo Ralph. NORNA-rapporter 56. Uppsala. S. 81–96.

- Sigurður Hreiðar Hreiðarsson, 2004. *Saga bilsins á Íslandi*. Reykjavík.
- Stemshaug, Marit og Ola 2004. *Dette leika vi med*. Oslo.
- Stemshaug, Ola 1978. *Språkleg tradisjon. Ei handbok for innsamling av språkleg tradisjonsstoff*. Oslo.
- Stemshaug, Ola 1984. *Tilnamn i norske gruvesamfunn – Kongsberg og Røros*. Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab. Skrifter. No. 1–1984. Trondheim.
- Stemshaug, Ola 2008. Bilnamn på Nordmøre. I: *Årbok for Nordmøre 2008*. [Under prenting]
- Svanberg, Erling 1962. *Saltens bilruter 1937–1962*. Bodø.
- Toldnes, Bård 1995. *Norske automobilister. En bok om norske bilpionerers hverdag*. Levanger.
- Veka, Olav 2007. Norsk ordbok midtvegs. I: *Nytt om namn*. Meldingsblad for Norsk namnelag. Nr. 45. Oslo.
- Wahlberg, Mats 2006. Torp- och lägenhetsnamn i Våla härad i Uppland under 300 år. I: *Namn och runor*. Uppsalastudier i onomastikk och runologi till Lennart Elmevik på 70-årsdagen 2 februari 2006. Namn och samhälle 17. Redigerade av Lena Peterson, Svante Strandberg och Henrik Williams. Uppsala. S. 215–29.

Notar

- 1) Den norske nemninga er vel eit omsetjingslån frå tysk, truleg frå tysk soldatsjargong under siste verdskrig.
- 2) Dei forholdsviis få svara må nok forklarast med at spørjelista har mange spørsmål. Det er i alt 55 hovudspørsmål i lista, mange med fleire underspørsmål, og det blir såleis ein arbeidskrevjande operasjon å komma seg igjennom alt på det som for informanten kanskje kan fortone seg som forsvarleg vis.
- 3) Bussnamnet *Ormen Lange* er tydelegvis likevel ikkje meir utpekulert enn at det naturleg har bydd seg fram som ein slags mote- eller mønsternamn. Dette heitte såleis òg ein buss som i slutten av 1930-åra gjekk mellom Oslo og Hønefoss. (Jf. òg oljefeltsnamnet Ormen Lange utafor Møre og Romsdal.)
- 4) Slike «minimale» namn synest det å vera nokre av. Såleis bar ein amfibiebil i USA «kjælenavnet *Model 770*», ein av 60-åras Amphicar (Adresseavisen 7/9-2007).
- 5) Men *Kukhaet* 'penishovudet' frå Aukra har vi fått opplysningar om. Det var «ein lastebil som var samansett av delar frå tre ulike merke like etter krigen. Spesiell og brei i fronten,» fortel heimelsmannen.
- 6) Ved nærare granskning av dei historiske tilhøva viser det seg at sjøflyet Havørn flaug inn i og vart smadra mot fjellveggen på Lihesten i Hyllestad i Ytre Sogn 16. juni 1936. Det var Noregs første store flyulykke.
- 7) Etter eigne observasjonar frå kløvkompania i det norske forsvaret på 1950-talet.
- 8) Þórhallur Vilmundarson, Reykjavík, i brev av 19. mars 2007.
- 9) Klaus Karlsen, Bleik, i brev av 2. april 2008.
- 10) Ut frå svar på Spurningaskrá nr. 72 frá Þjóðháttadeild Þjóðminjasafns Íslands (nov. 1989).
- 11) *Gjøglarvogna* var eigentleg ein Chevrolet 1926-28-modell som var i bruk på Nes i Bjugn enda til på 1950-talet. Utan å forklare namngjevingsbakgrunnen koplar heimelsmannen namnet til ein programpost Gjøglarvogna i NRK på 50-talet.
- 12) Opplysning frå no avdøde Jørn Sandnes.
- 13) I e-post frå Frode Grytten 3.03.07 til artikkelforfattaren. Jf. elles Alf Prøysens vise *Æille har et syskenbån på Gjøvik* (1969)
- 14) Ordet *bil* er i Trondheims folkemål femininum. – Førsteleddet /bø'g:e/ m. må vera same ord som *bugge* m. 'mektig mann' (sjå NO under *bugge*, tyd. 2).

- 15) Det blir fortalt at bilen gjekk med under bombinga av Steinkjer i 1940.
- 16) Andre køyregreier ser òg ut til å kunne ha eit visst grep om namngjevingstradisjonen. Såleis vart ei østerrikskprodusert T-banevogn i Oslo døypt *Wien* i 2007, med den østerrikske presidenten og kong Harald til stades (Dagsrevyen NRK 18/4–2007).
- 17) Som ein kuriositet kan vi nemne at notlaget som fiska med *Tispå* vart kalla *Tispelaget* (Håndlykken 1999:119). Også ein spelbåt fekk namnet *Tispå*.
- 18) Når dette namnet dukkar opp i andre namnekategoriar, t.d. som merrnamn i Hjørundfjorden (Ellingsen 2006:23), så er det visseleg oppkallingsnamn.
- 19) Sjå òg brosjyren *Østre Halsen kirke* s. 5. Larvik [2008].
- 20) *Íslenzk Fornrit. Vestfirðinga sögur*. Bd. VI s. 10 f. Reykjavík 1958.
- 21) I eldre tider ser det ut til å kunne ha vore noko annleis. Såleis kjenner vi eit vertshus *Helvetet* i Trondheim, visstnok frå 1700-talet, og i 1342 blir det nemnt ein bygard *Vathnausunni* (dativ) i Nidaros (DN II s. 208).

Bokmeldingar

Brendler, Andrea og Silvio Brendler (red.): *Europäische Personennamensysteme. Ein Handbuch von Abasisch bis Zentralladinisch*. Hamburg: Baar, 2007. ISBN 978-3-935536-65-3.

Boka *Europäische Personennamensysteme* omhandler personnavnsystem fra alle levende språk i Europa. Redaksjonen består av Silvio Brendler, som har doktorgrad i onomastikk, og Andrea Brendler, som har mastergrad. Begge arbeider i privat næringsliv, driver forlaget Baar, som er utgiver av den omtalte boka, og forsker i onomastikk. I boka opererer de med 77 språk (s. 22). Hvert språk er representert med hver sin artikkel. For hvert av språka er det gjort et representativt utvalg av personnavnsystem (s. 23). Med *personnavnsystem* er ment «ein strukturierter und funktionaler Komplex von Personennamen», som også blir forklart med «die strukturierte Komplexität der die Namen betreffenden Phänomene und Funktionen abzielt» (s. 21). Dette er ei lite presis forklaring, men det ser ut til å være ment mange typer system av navnekategorier og bruksmåter av navn.

Blant språka som er tatt med i boka, er det mange små minoritetsspråk. To av dem er representert i boktittelen. *Abasisk* (*Abasisch*) er et kaukasiske minoritetsspråk i republikken Karatsjajevo-Tsjerkessia, som er del av Russland. *Sentralladinisk* (*Zentralladinisch*), også kalt *dolomittladinisk* (*dolomitenladinisch*), er et italiensk-romansk minoritetsspråk som fins i området Dolomittene i de italienske Alpene.

Hva som er *europaisk*, blir i boka forklart som «von Europa betreffend; zu Europa gehörig; Europa umfassend» (s. 21), som vil si 'hva som angår Europa, hører til Europa, omfatter Europa'. Redaktørene presenterer flere mulige måter å avgrense Europa på. I boka har de valgt ei vid oppfatning av hva Europa er, og inkludert store deler av Kaukasus, med bl.a. Dagestan, Tsjetsjenia, Nord-Ossetia, Georgia, Aserbajdsjan og Armenia (s. 22).

Språk som ikke er med i boka, er *jiddisk*, som blir brukt av jøder i Europa, og *romanes*, som er språket til romfolket (sigøynerne). Dessuten er ikke innlånt muslimsk navnekultur i Bosnia omtalt. Det kunne vært omtalt sammen med presentasjonen av *serbisk*, også kalt *serbo-kroatisk*, som har en egen artikkel i boka, og som er et viktig språk med tilhørende navnekultur i Bosnia. Den muslimske navnetradisjonen i Bosnia skiller seg fra bruken av muslimske navn i andre land, mest gjennom skrivemåter. Et eksempel er den bosniske (serbo-kroatiske) forma *Redžep* som tilsvarer den albanske *Rexhep*. Uttalen av *dž* og *xh* er i hovedsak den samme som /dʒ/ (dsj). En variant av det nevnte navnet er kjent som bl.a. *Rajab* i andre land (Utne 2007a og 2007b).

For alle artiklene i boka er det, ifølge innledninga, i hovedtrekk et felles system for beskrivelse som skal gå igjen for alle språka, uten at det er klart presisert (s. 24). For de fleste språka fins historiske oversikter over fornavn og etternavn, og dessuten kallenavn og eventuelle andre uoffisielle navnesystem. Det fins også oversikter over dagens navnebruk.

Der det er aktuelt, er også patronymsystemene med. For alle landa blir det gitt en beskrivelse av hvordan hele navnesekvensen for en person er satt sammen, bl.a. med for- og etternavn, og hvordan etternavn overføres til barn og ektefeller. Dette blir som oftest skissert historisk. For dagens navnesystem blir omtalen av navnesekvensen i noen tilfeller knytta til lover eller andre offisielle bestemmelser. For hvert språk er det emnesorterte oversikter over litteratur som omtaler for- og etternavnssystem, og leksika for disse navnetypene. Det er dessuten oversikter over mer generelle omtaler av navnesystem i de respektive landa. Hver artikkel blir avslutta med ei alfabetisk referanseliste, oftest med mange artikler og bøker på det aktuelle språket. Denne strukturen hjelper i stor grad til å kunne jamføre navneskikker fra språk til språk.

Boka har ikke innholdsliste, men språka er ordna alfabetisk. Behovet for innholdsoversikt har redaksjonen løst slik: «Zur schnellen Orientierung folge man den lebenden Kolumnentiteln.» Det vil si at en finner fram ved å følge med på ledetitlene øverst på sidene når en blar. En annen måte å få overblikk over hvilke språk som blir omtalt, er å bruke den systematiske oversikten over språk organisert etter overordna og underordna grupper som fins på s. 22–23. Denne systematiske oversikten er ført opp ganske kompakt som løpende tekst. En innholdsfortegnelse og ei tydeligere grafisk utforming av språkoversiktene ville hjulpet godt for å finne fram i boka.

Boka er på 763 sider. Artikkellengdene er mellom 1 og 19 sider. Artikkelen om navnesystem i serbisk er lengst. Sidene har to spalter. I noen av artiklene er det minst én undertittel per spalte, og i noen artikler er titlene også ordna i nivåer med indekstall, noe som letter oversikten. I de fleste artiklene er formatet mer kompakt, og i flere artikler fins mange spalter uten verken undertitler eller avsnittskillere. Grunnen til det kompakte formatet er nok hensynet til å få mest mulig stoff inn i boka, som det har blitt mulig å publisere i ett bind med mjuke permer.

Artiklene er skrevet av forskjellige forfattere med kompetanse i personnavnvitenskap for de ulike språka. Noen forfattere har skrevet flere artikler, og noen artikler står det flere forfattere bak. Et fåtall av artiklene har redaktørene supplert, slik at alle artiklene i det minste har med framstillinger om for- og etternavn, og det mest relevante av litteraturreferanser. Artiklene er skrevet på tysk. Mange er oversettelser fra andre språk.

Omtalen av fornavn og etternavn omfatter for mange av språka grundige historiske omtaler. Den tar gjerne utgangspunkt i de eldste navna. Fornavna er i hovedsak eldre enn etternavna og bygger i stor grad på ord med betydninger knytta til bl.a. kamp, mot og skjønnhet, slik vi også kjenner det fra de eldste kjente nordiske navna. Etternavna i mange språk har opphav i tilnavn bygd på personlige egenskaper, utseende, yrke, titler, bosted eller sted en person har opphav fra. Dessuten er etternavn bygd på patronym vanlig, med eller uten endinger. Når en ser mange språk omtalt side om side, er de store likhetene og ulikhetene iøynefallende.

Omtalene av fornavn viser for de fleste språka at navn har blitt lånt inn fra mange språk og kulturer. Blant annet kan vi se at kristne navn og navn brukt i muslimsk kultur, har hatt stor innflytelse. Dessuten har vest-europeisk og nord-amerikansk navneskikk spredd seg til de meste av Europa, men minst i de østligste av de tidligere sovjetrepublikkene i Europa. Presentasjonene viser også hvordan maktforhold har ført med seg navneskikker, som f.eks. russiske navn i naboland til Russland både på 1800- og 1900-tallet, og tyrkiske og arabiske navn på Balkan. Mange av de tidligere sørlige sovjetrepublikkene har språk i den tyrkiske språkfamilien, og mange av dem har navnetradisjoner knytta til *tyrkisk*, *persisk* og *arabisk*, slik eksempler nedenfor viser.

I sovjettida ble ikke bare fornavn, men også system for bruk av patronym og etternavn

spredd til hele det ikke-russiske området som da var med i Sovjetunionen. Det innebar bl.a. innføring av patronym i språk der det ikke var tradisjon. I det meste av Sovjetunionen ble det innført russiske endinger både for patronym og etternavn. For deler av det ikke-russiske området i tidligere Sovjetunionen, særlig i sør, innebar dette også innføring av faste etternavn der dette ikke hadde vært i bruk. Etter sovjettida blir dels patronymene tatt vekk og dels ført videre i ikke-russiske former. Etternavn blir i mange av de ikke-russiske områda ført tilbake til tidligere former. I områder uten etternavnstradisjon fra før russifiseringa blir etternavna i noen tilfeller nå endra til andre ikke-russiske former.

Navneendringene til og fra russisk kan vises med et par eksempler fra boka. Ei tradisjonell *abasisk* (jf. omtale ovenfor) etternavnsform var f.eks. *Азѣмба*. Den ble russifisert under russisk innflytelse på 1800-tallet til *Adzinov*, og blir nå ofte endra tilbake til den tradisjonelle forma. I Aserbajdsjan var det ikke etternavnsbruk før sovjettida, og russiske etternavnsformer ble innført. Eksempler er *Əliyev* (tilsvarer *Ali + ev*) og *Məmmədov* (tilsvarer *Muhammed + ov*). Der har navna nå dels fått beholde russiske former og dels blitt endra til tyrkiske og persiske former, som passer til språkbruken i landet, f.eks. *Əlizadə* med persisk ending, og *Əliqizi* og *Məmmədli* med to forskjellige tyrkiske endinger. Tegnet *ə* blir uttalt /æ/, og oftest skrevet om til *a* i latinske alfabet som ikke bruker tegnet.

Den oppdaterte informasjonen om navnebruken i de tidligere sovjetrepublikkene er nyttig. Slik informasjon er ellers vanskelig tilgjengelig på vest-europeiske språk. Den utviklinga som er omtalt ovenfor, kan også ses i navnesøknader fra innvandrere i Norge som kommer fra disse landa.

Fra norsk synsvinkel er eksporten av nordiske navn til *skotsk-gælisk* fra 800-tallet interessant (s. 654–655). Det er med 28 skotsk-gæliske navneformer, bl.a.: *Amhlaigh* av *Óli* som er oppgitt som diminutiv av *Óláfr*, *Asgaill* av *Áske(ti)ll*, *Codrum* av *Goðormr* eller *Guddormr*, *Corcadail* av *Borketill* og *Olghar* av *Óláfr*.

Dagens navnesystem blir, som nevnt, omtalt for alle språka. I flere tilfeller er det ikke presisert om det er uformell bruk eller offisielle regler som er omtalt. Noen eksempler kan nevnes. For Spania blir de offisielle reglene omtalt på en rimelig presis måte i forhold til den plassen ei slik framstilling gir mulighet for. For fransk blir også offisielle regler omtalt, men med hovedvekt på unntak, og slik at det ikke er klart hva som er normalregler. For Tyskland og andre tyske språkområder mangler slik omtale. Det samme gjelder for engelsk.

For mange av språka som er omtalt, blir det normalt brukt andre alfabet enn det latinske, bl.a. *kyrillisk* og *gresk*. Kyrillisk er i hovedsak gjengitt i transkripsjon, uten at det blir presisert hvilket system for transkripsjon som blir brukt. Mest sannsynlig er det mye brukte tyske system, men det er kan hende også system brukt for transkripsjon til forfatternes egne språk. Når navn fra mange av de tidligere sovjetrepublikkene blir gjengitt med latinsk alfabet, går det i boka ikke klart om det er en transkripsjonsmåte eller om det er alfabet som blir brukt på de aktuelle språka. *Abasisk* blir normalt skrevet med kyrillisk skrift, slik at eksempla på abasiske navn i boka, og som er vist ovenfor, er gjengitt med transkripsjon. *Aserbajdsjansk* blir skrevet med latinsk alfabet slik det er gjengitt ovenfor.

Greske navn blir i boka gjengitt med greske bokstaver og i tilsvarende tyske former, f.eks. gresk *Ἀγγελική* og tysk *Angelika*, som ikke er transkripsjon. For mange navn blir uttalen gjengitt med IPA-lydskrift. Dessuten blir artikkelen om greske navn innledda med en oversikt over uttale for greske tegn. Den er svært kompakt og upresis for hvordan uttalevarianter for tegna skal brukes. Siden uttaleoversikten er uklar, vil den heller ikke være til tilstrekkelig hjelp for transkripsjon. En kan eventuelt bruke andre hjelpemidler.

Samisk er blant de omtalte språka. Artikkelen om samisk har som mål å dekke hele det

samiske området i Norden og Russland. Den dekker dette i hovedsak både for fornavn og etternavn med mange interessante historiske forklaringer og eksempler. Vi får også innblikk i mye av navnevariasjonen i det samiske området. Den *sørsamiske* navnebruken er lite omtalt og er begrensa til noen få fornavn der ulike former fra hele det samiske området blir vist. Undersøkelser om sørsamiske personnavn har ikke kommet med i framstillinga (Løøv 2000 og 2002).

I artikkelen om samisk er det med en omfattende og informativ undersøkelse om hvilke navn som forekommer i kilder fra Kautokeino på 1700- og 1800-tallet, uten at det fins referanser til hvem som har gjort undersøkelsen. Mest sannsynlig er det artikkelforfatteren som har gjort det for denne framstillinga.

Artikkelen om navnesystem i samisk dekker de siste tiåra sparsomt. For mange andre språk i boka er det med oversikter over hva som er de vanligste navn for fødte de siste åra eller generasjonene. For samisk fins en slik undersøkelse for Kautokeino som jeg savner i framstillinga her (Hætta 2003). I den tematiske oversikten for samisk blir det bl.a. ført opp noen familienavnlister. Der mangler referanser til fem aktuelle nyere slektsbøker utgitt i Norge, og som har med navneforklaringer: Blix 1967, 1971 og 1989; Steen 1992 og Strømstad 2006. I litteraturlista for hele artikkelen er Strømstad 2006 ført opp, uten at det er vist til den i artikkelen. Verken i temalista eller i litteraturlista står ei nyere fornavnsliste publisert i Norge (Kåven m.fl. 1995). Ei upublisert navneliste fra Sámi Instituhtta (1990-åra) fins også, men er ikke med.

Hver artikkel i boka har store utvalg av litteraturreferanser, rett nok ofte på språk som få bl.a. i Norge mestrer. Trass i det er dette mer nyttig enn om de ikke hadde vært med.

Alt i alt er dette ei svært informativ bok. Det er en imponerende innsats bak utgivelsen, både fra forfatterne og fra dem som har organisert og redigert boka. Hver artikkel er tettpakka med informasjon. Den er nyttig til mange slags bruk. Her fins mye for dem som trenger informasjon om navneskikker brukt på bestemte språk eller i bestemte land, og for dem som vil studere likheter og uliketer f.eks. for fornavn, etternavn eller kallenavn fra språk til språk. Oversiktene og referansene er nyttig bakgrunnsmateriale for navneforskning. Informasjonen om navneskikker er godt brukbar for offentlige organ som skal vurdere navnesøknader fra innvandrere til Norge. Særlig nyttig til behandling av navnesøknader er oversikter over patronymskikker og kjønnsbestemte etternavnsformer. Artiklene i boka kan dessuten være interessant lesing for en skal på tur i Europa, eller når en har kommet hjem og vil oppklare navnebruk en har lurt på.

Litteraturliste

- Blix, Erik Schytte. 1967. *Nesseby- og Polmakslekter*. Samiske samlinger. Bind IX. Oslo: Norsk folkemuseum.
- Blix, Erik Schytte. 1971. *Sør-Varangerslekter*. Samiske samlinger. Bind X. Oslo: Norsk folkemuseum.
- Blix, Erik Schytte. 1989. *Karasjokslekter med tillegg*. Revidert og tilrettelagt av Georg og Ingrid Næss. Samiske samlinger. Bind XV. Oslo: Norsk folkemuseum.
- Hætta, Odd Mathis. 2003. *Samiske personnavn i Kautokeino gjennom 30 år (1970–1999)*. HiF-Rapport 2003:10. Alta: Høgskolen i Finnmark.
- Kåven, Brita m.fl. 1995. Sámi ovdanamat. Samiske personnavn. I: *Sámi – dáru sátnegirji. Samisk – norsk ordbok*, s. 630–633. Kárášjohka / Karasjok: Davvi Girji.

- Løøv, Anders. 2000. Sørsamiske etternamn. I: Olav Veka: *Norsk etternamnleksikon. Norske slektsnamn – utbreiing, tyding og opphav*, s. 21–22. 1. opplag. [2. opplag utg. 2001.] Oslo: Det Norske Samlaget.
- Løøv, Anders. 2002. Sørsamiske personnavn fra førkristen tid til nåtid. I: Svavar Sigmundsson (red.): *Kristendommens indflydelse på nordisk navngivning*, s. 59–66. Rapport fra NORNA's 28. symposium i Skálholt 25.–28. maj 2000. NORNA-rapporter 74. Uppsala: NORNA-förlaget.
- Sámi Instituhtta (u.å., før 1999). *I. Fornavn/ovdanamat*. [Fotokopi distribuert til folkeregistera i 1990-åra.]
- Steen, Adolf. 1992. *Kautokeinoslekter*. 2. utgave. Revidert og utvidet av Ola Aarseth. Samiske samlinger. Bind XIV. Oslo: Norsk folkemuseum.
- Strømstad, Alf og Kristian Fors. 2006. *Slekter i Indre Finnmark. De eldste generasjoner*. Hvalstad: Eget forlag.
- Utne, Ivar. 2007a. *Albanske navneformer og regler i den norske navneloven*. Nettadresse: <http://www.hf.uib.no/i/Nordisk/navn/freg/lister/Albansk.htm> [versjon 31.5.2007]
- Utne, Ivar. 2007b. *Navn fra Serbia, Kroatia og Bosnia-Herzegovina og regler i den norske navneloven*. Nettadresse: <http://www.hf.uib.no/i/Nordisk/navn/freg/lister/SerbiaKroatiaBosnia.htm> [versjon 31.5.2007]

Ivar Utne

* * *

Helleland, Botolv (red.) 2008: *Stedsnavn i Kjose*. [Gjeven ut i samarbeid med Stedsnavnkomitéen i Kjose under medverknad av Astrid Johnsen og Gudveig Henryette Aaby]. Oslo: Novus. 309 sider. ISBN 978-82-7099-482-3.

Boka *Stedsnavn i Kjose* er produkt av eit samarbeid mellom Stedsnavnkomitéen i Kjose (Larvik, Vestfold) og avdelinga Navnegransking ved Institutt for lingvistiske og nordiske studier, Universitetet i Oslo. Arbeidet byggjer på 1750 namn frå inn- og utmark som vart samla inn i åra 1985–87. Namna vart førde på lister og avmerkte på Økonomisk kartverk i regi av namnekomitéen. Frå 1990 vart Botolv Helleland kopla inn. Han gjorde lydbandopptak med lokale informantar av heile namnesamlinga. Materialet vart så innskrive på data og transkribert til lydskrift av Gudveig Henryette Aaby, medan Margit Harsson la materialet til rette for vidare elektronisk handsaming. Materialet er seinare bearbeidd og supplert av Aaby og Helleland, slik at det samla namnematerialet i boka er på om lag 2000 namn. Helleland er ansvarleg redaktør for bokprosjektet.

Boka har to hovuddelar. Den fyrste inneheld ein stutt presentasjon av bygda Kjose av Olav Kroken (9–12), ein knapp omtale om stadnamn og naturressursar ved Gunnar Christie Wasberg (13–16), ei kort framstilling av talemålet i Kjose av Johan Schulze (17–24), og fyltigare utgreiingar om bustadnamn i Kjose (25–53) og dei viktigaste namnelekkane med tilhøyrande namn (55–78) ved Helleland. Dette kapitlet er eit oversyn over grunnorda i namna og personnamn som er nytta som utmerkingslekk. Andre hovuddelen, som utgjer den største delen av boka, er eit stadnamnleksikon for Kjose som er skrive ut av Aaby og bearbeidd og supplert av Helleland (89–253).

Boka er skriven innom ein krevjande litterær sjanger som skal nå både allmenta og fagfolk. Balansegangen mellom dei ulike målgruppene har lukkast godt for redaktøren Helleland.

Boka er velredigert og velutstyrt med litterære referansar, avstyttingar og kart med namnereferansar. Karta med kartreferansar er svært oversiktlege og brukarvenlege. Diverre manglar boka namneregister og grunnordregister. Slike register ville ha auka bruksverdien mykje.

I namnefagleg samanheng er kapitla om bustadnamn og grunnord og leksikonkapitlet mykje

interessante. Leksikondelen utgjer saman med bustadnamndelen hovuddelen av boka, og er også den fagleg mest sentrale. I leksikonkapitlet er stadnamna ordna alfabetisk etter oppslagsform. Oppslaga har i tillegg til normert skrivemåte, informasjon om uttale, eldre skriftformer med årstal og kjeldetilvising, og forklaring av dei einskilde namnelekkane. Leksikondelen må sjåast i samanheng med kapitlet om bustadnamn (25–53). I kapitlet om bustadnamn får fleire av namna ein grundig presentasjon, men vi finn dei også att i leksikondelen på deira respektive alfabetisk kronologiske stad med ein stutt presentasjon. Kvifor bustadnamna er skilde ut i eit eige kapittel, kan kanskje synast noko uklårt for den allmenne lesaren, men hovudgrunnen er at denne delen går inn i det langsiktige og landsomfattande prosjektet *Norske bustadnamn*, der Tom Schmidt og Margit Harsson til no har levert framifrå og fagleg tunge bidrag gjennom utgåvene av Kåre Hoel sitt bustadnamnmateriale frå Østfold. Helleland byggjer vidare på den tradisjonen og innom dei faglege rammene som Hoel, Schmidt og Harsson har staka opp, noko han gjer samvitsfullt og systematisk.

Dei fleste namna både i bustadnamndelen og leksikondelen får ein heller stutt presentasjon, hovudsakleg av di mange av desse er unge namn og/eller lett gjennomskodelege – med omsyn til tolking. I begge kapitla får derimot nokre eldre namn, namn som ikkje er lett gjennomskodelege, og namn med ein særleg kulturhistorisk bakgrunn, ein grundigare og meir utdjupande presentasjon. I bustadnamnkapitlet gjeld det bygdenamnet *Kjose* (27–29) og nokre av gardsnamna som *Malerød* (3031), *Tyskhus* (34–35), *Berug* (*Bærogg*) (43–44) og *Søndre Omsland* (45–47). I leksikondelen gjeld det særleg namna *Bokelegda* (103), *Farris* (120–121), *Skjegge* (209–210) og *Trælevanet* (240–41). Særleg interessante er utgreiingane om namna *Kjose*, *Bærug* og *Skjegge*. Her vert tolkingane i *Norske Gaardnavne* og *Norske Elvenavne* etterprøvde og diskuterte språkleg, realt og kulturelt, og sette i eit komparativt nasjonalt perspektiv. Særleg interessant er diskusjonen av namnet *Farris* og samanhengen med eit eldre namn **Lýsir* på same lokalitet.

Bustadnamndelen fylgjer i hovudsak mønsteret som Oluf Rygh sette med *Norske Gaardnavne*, og leksikondelen byggjer langt på veg på tradisjonen frå Gustav Indrebø både med omsyn til metode (djupinnsamling), presentasjon og tolking. Det som særleg utmerkjer denne utgåva, er dei grundige og vel organiserte kartografiske heimfestingane som byggjer på ein systematikk som vi finn m.a. i materialsamlingane til Alv Muri. Dette gjer boka til ein svært nyttig reiskap for forskarar og lokale namneinteresserte og namnebrukarar.

Sjølv om svært mange av namna er språkleg eller ordsemantisk gjennomskodelege, treng dei ikkje vera namnesemantisk like lette å trengja gjennom. Det finst fleire døme på dette, men i slike tilfelle nyttar Helleland sunt fagleg vit og si breie fagvitskaplege erfaring når han peikar på rimelege tolkingar. Slike døme finn vi t.d. i diskusjonane av namna *Flaudalen* (123), *Futlandsdalen* (125), *Hovet* (141), *Høyber* (144), *Kjølås* (154), *Laurislegda* (1666), *Nyttsåsen* (188) og *Paulerås* (192).

Grunnordkapitlet er svært kjærkome for alle namnegranskarar og namneinteresserte. Særleg nyttig er det at alle namnecksempla er tekne med som illustrasjon.

Boka, som har eit svært brukarvenleg innhald, har diverre eit lite hendig bruksformat. A4-formatet høver godt til kart, men det høver mindre godt for ei bruksbok som denne, t.d. i samband med undervisning, turgåing og til ein meir praktisk bruk for gardbrukarar. Den limfreste innbindinga kombinert med dei stive permanente er dessutan for svak til å gjera dette til den bruksboka ho burde ha vore.

Stedsnavn i Kjose er vellukka som samarbeidsprosjekt mellom ein lokal stadnamnkomité i Østfold og namnefaglege forskarar ved Universitetet i Oslo, og som fagformidlande bokprosjekt. Her er mykje å gle seg over både for lek og lærd.

Gunnstein Akselberg

Tilsend litteratur

- Bjorvand, Harald og Fredrik Otto Lindeman 2007: Über 'Schaum' und 'Getöse' und Namen von Inseln, Seen und Fjorden. I Alfred Bammesberger og Sabine Ziegler (red.): Historische Sprachforschung. Band 120. 285–300. Göttingen: Vandenhoeck & Ruprecht.
- Györfly, Erzsébet 2008: Similarities and dissimilarities between Swedish and Hungarian hydro-nyms. Namn och samhälle 22. Uppsala: Uppsala universitet. 50 s.
- Helleland, Botolv (red.) 2008: Stedsnavn i Kjøse. Oslo: Novus. 309 s. + 14 kart.
- Maal og Minne 2007 hefte 2; 2008 hefte 1. Oslo, s. 119–245; 1–109.
- Namn och bygd 95. Uppsala [2008]. 168 s.
- Neumüller, Kristina 2007: *Vattensjön* och *Vattenån*. Samband mellan sjönamn och ånamn i Medelpad. Uppsala: Kungl. Gustav Adolfs Akademien för svensk folkkultur. 226 s.
- Studia anthroponymica Scandinavica 26. Uppsala [2008]. 172 s.
- Zunamen. Zeitschrift für Namenforschung. Heft 2, [hft.] 1–2, s. 1–203. Hamburg 2007.
- Rivista Italiana di Onomastica 14:1, s. 1–321. Roma 2008.

Medarbeidarar i årgang 25

- Akselberg, Gunnstein, f. 1949. Cand.philol. 1979 (Bergen), dr.art. 1995 (Bergen). Professor. Adr.: Pinnelien 9, NO-5053 Bergen.
- Chabata, Emmanuel, f. 1972. Dr.philos. (PhD) 2007 (Oslo). Research Fellow. Adr.: African Languages Research Institute, University of Zimbabwe, Harare, Zimbabwe.
- Johannessen, Ole-Jørgen, f. 1942. Cand.philol. 1966 (Bergen). Førsteamanuensis. Adr.: Søndre Bellevuevei 2, NO-5019 Bergen.
- Nes, Oddvar, f. 1938. Mag.art. 1968 (Bergen). Professor. Adr.: Storevardsbrekka 31, NO-5305 Florvåg.
- Stemshaug, Ola, f. 1936. Cand.philol. 1965 (Oslo). Førsteamanuensis. Adr.: Tidemannsgate 36, NO-0850 Trondheim.
- Særheim, Inge, f. 1949. Cand.philol. 1978 (Bergen), dr.philos. 2000 (Bergen). Professor. Adr.: Liljevegen 1, NO-4060 Kleppe.
- Utne, Ivar, f. 1954. Cand.philol. 1980 (Oslo). Amanuensis. Adr.: Grønnevollen 16, NO-5016 Bergen.
- Wiggen, Geirr, f. 1947. Cand.philol. 1975 (Oslo), dr.philos. 1992 (Oslo). Professor. Adr.: Harald Hårfagres gate 9, NO-0363 Oslo.

Manuskript til Namn og Nemne

Redaksjonen vil helst ha manus på diskett, eventuelt maskinskrive med dobbel lineavstand og brei venstre marg. Papirformatet bør vere A4. Mindre tillegg kan skrivast mellom linene (ikkje i margen). Lengre tillegg eller rettingar skal skrivast på eigne A4-ark. Ved retting i manus skal ikkje korrekturteikn nyttast.

Sitat som er lengre enn tre maskinskrivne liner skal skiljast frå teksten ved innrykking.

Fotnotar (merknader) bør brukast så lite som råd; dei bør oftast takast inn i teksten. Eventuelle fotnotar skal samlast i slutten av artikkelen. Nummertilvisingane i teksten skal ikkje ha parentes kring seg og dei skal plasserast etter skiljeteikn.

Litteraturtilvisingane skal om mogleg gjerast ved forfattarnamn og utgjevingsår. Døme: ... (Indrebø 1924:98), eller: Gustav Indrebø (1924:98) meiner ..., eller: Som opplyst i Indrebø 1924:98, ... Arbeid som er fotografisk oppattprenta skal siterast etter originalutgåva (av forskingshistoriske grunnar), altså ikkje Olsen, M. 1978. Torp, A. 1963, Aasen, I. 1918 eller 1977. Allment kjende tidsskrift bør ha forkorta titlar (t.d. ANF, APHS, MM, NoB, SvLm); det same kan gjelde kjende seriar (t.d. DS [Danmarks Stednavne], NG [Norske Gaardnavne], men då med tilvising til forfattar eller utgjevar. Undertitlar og serieopplysningar trengst til vanleg ikkje.

Døme:

Hovda, P. 1966: Norske elvenamn. Oslo – Bergen.

[Hovda, P.] 1978: Frå hav til hei. Oslo – Bergen – Tromsø.

Indrebø, G. 1921: Stadnamni i ei fjellbygd. MM 1921.113–210.

Indrebø, G 1924: Norske Innsjønamn. 1. Oslo.

Indrebø, G 1936a: Hordaland – Hordafylke. Bidrag till nordisk filologi tillägnade

Emil Olson den 9 juni 1936 72–77. Lund – Köpenhamn.

Indrebø, G. 1936b: Nokre fjellnamn i Sogn. MM 1936.36–75.

Indrebø, G. 1938: Þinghá. NoB 25.1–17.

Olsen, M. 1926: Ættegård og helligdom. Oslo.

NG: Sjø Rygh. O.

Rygh. O. 1905; 1909; 1910: Norske Gaardnavne. 16; 5; 11. Kristiania.

Torp. A. 1919: Nynorsk etymologisk ordbok. Kristiania.

Aasen, I. 1873: Norsk Ordbog. [2.] Udg. Christiania.